

# Korfor ikkje nynorsk? Om overgangar frå nynorsk til bokmål i Hallingdal

Ein studie som ser på faktorar som kan føre til at nynorskelevar vel  
bokmål ved overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule

LINN THERESE THORSBY BREIE

RETTLEIAR  
Rune Røsstad

**Universitetet i Agder, 2022**  
Fakultet for humaniora og pedagogikk  
Institutt for nordisk og mediefag

# INNHALDSLISTE

FIGURAR OG TABELLAR.....	3
FORORD.....	5
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>6</b>
<b>2. Om språk og samfunn i Hallingdal .....</b>	<b>10</b>
2.1    Geografi og samfunn.....	10
2.2    Gol vidaregåande skule.....	13
2.3    Språksituasjonen i Hallingdal.....	15
2.3.1    Mangfold i skrift og randsone for nynorsken.....	16
2.3.2    Mangfold i tale.....	21
<b>3. Teori.....</b>	<b>23</b>
3.0    Innleiing.....	23
3.1    Språk og identitet .....	24
3.2    Nynorsk og haldningar.....	28
3.2.1    Språkhaldninga i skulen.....	30
<b>4. Metode og feltarbeid.....</b>	<b>33</b>
4.0    Innleiing.....	33
4.1    Kvantitativ metode.....	33
4.1.1    Reliabilitet og validitet.....	33
4.2    Val av informantar.....	35
4.3    Gjennomføring .....	37
4.4    Spørjeundersøkinga .....	38
4.5    Metodekritikk .....	40
4.5.1    Utforming og gjennomføring .....	40
4.5.2    Korleis tolke funna?.....	42
<b>5. Resultat av spørjeundersøkinga.....</b>	<b>44</b>
5.0    Innleiing.....	44
5.1    Informantanes forhold til språk og samfunn.....	45
5.1.1    Informantanes tilknytning til Hallingdal.....	45
5.1.2    Haldningar til nynorsk og sidemål.....	49
5.2.1    Eigen språkbruk.....	62
5.2.2    Eksponering av nynorsk i samfunnet .....	68
5.2.3    Eksponering av nynorsk på skulen.....	71
5.3    Framtida som språkbrukar.....	78
<b>6. Drøfting .....</b>	<b>80</b>
6.1    Argumentasjon og orsakar bak målformbyttet .....	80

6.1.1	Bokmålsinformantenes grunngjeving for val av målform .....	80
6.1.2	Nynorskinformantenes grunngjeving for val av målform.....	82
<b>6.2</b>	<b>Kva ligg bak målformbyttet?</b> .....	<b>84</b>
6.2.1	Haldningar .....	84
6.2.2	Informantenes språkbruk.....	89
6.2.3	Eksponering og kompetanse .....	90
6.3	Konklusjon.....	93
<b>7.</b>	<b>Avslutning og tankar om vegen vidare.....</b>	<b>96</b>
7.1	Målformbyttekultur.....	96
7.2	Kva er målformbyttekultur, og kan han endrast?.....	97
7.3	Sluttord .....	100
LITTERATURLISTE	.....	101
SAMANDRAG	.....	104
ABSTRACT	.....	105
VEDLEGG	.....	106
<i>Vedlegg 1: Spørjeskjema</i>	.....	106

# FIGURAR OG TABELLAR

Figur 2.1 Kart over Hallingdals kommunar (Wikipedia – «Hallingdal»).....	10
Figur 4.1 Fordelinga av informantar med bokmål og nynorsk.....	35
Figur 5.1 Kor godt likar du heimkommunen din?.....	44
Figur 5.2 Er du stolt av heimstaden din?.....	45
Figur 5.3 Informantane om hallingmålet.....	46
Figur 5.4 Er lokal kultur viktig for deg?.....	46
Figur 5.5 Kor viktig er lokale tradisjonar for deg?.....	47
Figur 5.6 Oversikt over når informantane bytta målform.....	58
Figur 5.7 Kor sikker var du på val av målform?.....	59
Figur 5.8 Var det noko som påverka valet av målform?.....	60
Figur 5.9 Oversikt over informantanes talemål.....	61
Figur 5.10 Opplever du at nynorsk har mykje fellestrek med dialekta di?.....	62
Figur 5.11 Oversikt over kva skriftspråk informantane brukar mest utanfor skulen.....	63
Figur 5.12 Kor godt vil du seie at du skriv bokmål?.....	64
Figur 5.13 Kor godt vil du seie at du skriv nynorsk?.....	65
Figur 5.14 Kva skriftspråk likar du best å skrive?.....	66
Figur 5.15 Fell det seg naturleg for deg å lese tekstar på nynorsk?.....	67
Figur 5.16 Kor godt synleg er dei to målformene i lokalsamfunnet ditt?.....	68
Figur 5.17 Er nynorsk og bokmål to likestilte målformer?.....	70
Figur 5.18 Kva skriftspråk er lærebökene dine på?.....	71
Figur 5.19 Korleis har det vore å få tak i lærebøker på ditt hovudmål?.....	72
Figur 5.20 Kor godt likar du norskfaget?.....	73
Figur 5.21 Opplev du at nynorsk og bokmål er to likestilte målformer i norskfaget?.....	74
Figur 5.22 Oversikt over kva målform som vart mest brukt ved Hemsedal barne- og ungdomsskule..	75
Figur 5.23 Oversikt over kva målform som vart mest brukt ved Ål ungdomsskule.....	75
Figur 5.24 Kva målform vert mest brukt av læraren i norskundervisninga?.....	76
Figur 5.25 Kva språk bruker lærarane dine i andre fag på skulen?.....	77
Figur 5.26 Er det sannsynleg at du bytter hovudmål ein gong i framtida?.....	77
Tabell 2.1: sysselsette per 4. kvartal 2020, etter næring og bustadkommune.....	11
Tabell 2.2: oversikt over sysselsetjinga og pendling i Hallingdals kommunar.....	11
Tabell 2.3 Oversikt over talet på nynorskelevar ved Gol vidaregåande skule.....	14
Tabell 2.4 Hovudmål i grunnskulane i Buskerud/Viken.....	15
Tabell 2.5 Hovudmål i grunnskulene i Hallingdals kommunane i 2016.....	16
Tabell 2.6: Andelen nynorskelevar i Hallingdal oppført i prosent.....	17
Tabell 3.1 Motsetningspar om nynorsk og bokmål.....	28

Tabell 4.1 Oversikt over informantar, delt inn etter målform, kjønn og ungdomsskule.....	35
Tabell 5.1 Informantanes assosiasjonar med ordet «nynorsk».....	49
Tabell 5.2 Bokmålselevar om sidemål i skulen.....	51
Tabell 5.3 Nynorskelevar om sidemål i skulen.....	52
Tabell 5.4 Korfor har du valt bokmål? Svar frå bokmålsinformantane.....	55
Tabell 5.5 Korfor har du valt nynorsk? Svar frå nynorskinformantane.....	57
Tabell 5.6 Argument for å bytte til bokmål.....	60

## **FORORD**

Når eg no skriv mine siste ord i denne masteroppgåva, sit eg att med ei kjensle av både vemod og takksemnd. Det er vemodig at oppgåve nærmar seg slutten, i og med at eg har kost meg mykje med arbeidet og skrivinga. Samstundes kjenner eg på ei takksemnd for å ha fått moglegheita til å skrive ei masteroppgåve om eit tema eg brenn for.

Først vil eg rette ein stor takk til min rettleiar Rune Røsstad for grundige, konstruktive og motiverande tilbakemeldingar heile vegen. Du har vore lett tilgjengeleg om arbeidet har stoppa opp, og alltid kome med gode og nytige svar.

Vil også takke Gol vidaregåande skule for samarbeidet, og særleg takk til informantane som tok del i undersøkinga!

Til slutt vil eg takke familie, vener og medstudentar for motiverande ord og støtte gjennom heile studietida. Alle minner og erfaringar frå tida i Kristiansand vil eg ta med meg vidare i livet!

Kristiansand, mai 2022

Linn Therese Thorsby Breie

# 1. Innleiing

Hallingdal ligg midt i randsona mellom nynorsk og bokmål, og kor vidt dei seks kommunane i dalen skal ha bokmål eller nynorsk som hovudmål, har stadig vore oppe til debatt. I dag har tre av dei nynorsk som sitt tenestemål og administrasjonsspråk, medan ein kommune er nøytral. Det har det siste året gått føre seg ein stor debatt i ein av kommunane, om kor vidt nynorsk skal fjernast som kommunens administrasjonsspråk og som hovudmål på skulane. Her er spesielt foreldre av elevar ved skulane i kommunen ute etter at elevane skal få bruke det skriftspråket som fell seg som mest naturleg.

Sjølv har eg vakse opp i Ål, som er ein av nynorskkommunane i dalen. Her har språksituasjonen for nynorsk vore nokså stabil, kor gjerne to av tre elevar på ungdomsskulen har nynorsk som hovudmål (Hallingdølen 2018). Då eg gjekk på skulen, hadde stort sett alle elevane nynorsk som hovudmål, og eg kan ikkje hugse nokre teikn til negativitet knytt til nynorsk blant mine medelevar. Likevel valte godt over halvparten bokmål som sitt hovudmål då dei byrja på vidaregåande skule. Eg var då blitt ein del av ein minoritet, og merka blant anna ventetid på lærebøker og manglande infoskriv på nynorsk. Derimot gjekk undervisninga føre seg på både nynorsk og bokmål om kvarandre, slik eg kan hugse.

I ettertid har eg ynskja å sjå nærmare på språksituasjonen i Hallingdal, nærmere bestemt korfor fleire bytter til bokmål som hovudmål, og kva faktorar som ligg bak denne endringa. Eg har allereie ei oppfatning om at eit fåtal av elevane i Hallingdal nyttar nynorsk i kvardagen, kanskje fordi dei gjerne er meir eksponert for bokmål. Det er også ting som tyder på at fleire ungdommar snakkar tilnærma standardnært austlandsk. Slik sett kan ein spørje seg om talespråket blant ungdommen ligg lenger unna nynorsk skriftspråk, som slik sett blir oppfatta som unaturleg eller problematisk for ungdommen å bruke. Vidare kan ein også spørje seg om organiseringa av nynorsk, i til dømes undervisning og tilgjengeleghet av læremiddel/læringsressursar på nynorsk, gjer at nynorsken står svakare. Finst det i så fall nokre tiltak ein kan kome med for å påverke dette, eller er det haldningar knytt til nynorsk som gjer valet av bokmål som hovudmål enkelt?

Ut ifrå desse tankane og spørsmåla som eg sit med, har eg kome fram til følgjande overordna problemstilling: *Korfor bytter ungdom i Hallingdal som har nynorsk som hovudmål, over til bokmål?* Fleire av elevane i Hallingdal er vande med nynorsk som norm frå dei byrja på

skulen. Slik sett skulle ein tru at det meste ligg til rette for at elevane skal kunne meistre nynorsk og dermed også halde på nynorsken, også fordi overgangen mellom hovudmål og sidemål ikkje er like markant der, som i område kor bokmål er hovudmålet. Ut ifrå dette ser eg det altså som særstakt interessant å sjå på personar i Hallingdal som tek valet om å bytte frå nynorsk til bokmål, samstundes som at det er spennande å høyre med nynorskelevane om kva som gjorde at dei ikkje bytta. Ut ifrå problemstillinga er det altså desse elevgruppene som er mest relevant for oppgåva.

For å finne ut av kva for faktorar som spelar inn i valet av målform blant ungdommen i Hallingdal, har eg gjort ei kvantitativ undersøking ved Gol vidaregåande skule. Skulen er ein av til saman to vidaregåande skular i dalen, og er den av dei skulane med hovudsakleg studieførebuande utdanningsprogram. Elevane der kjem frå alle kommunane, og har dermed gjerne ulike forhold til nynorsk. Eg har avgrensa problemstillinga og oppgåva til å berre sjå på elevar som har halde på nynorsk som hovudmål, og elevar som på eit tidspunkt har hatt nynorsk som hovudmål og så bytta til bokmål. Altså har eg i undersøkinga utelukka elevar som har hatt bokmål heile skulegangen, nettopp fordi eg er ute etter å sjå på orsakar til korfor elevar vel å bytte frå nynorsk til bokmål, eventuelt korfor dei held fast ved nynorsk.

For å kartlegge elevanes språkvanar, vart det gjennomført ei digital spørjeundersøking med om lag 44 tilfeldige elevinformantar ved skulen. I undersøkinga var eg i all hovudsak ute etter å finne svar på følgjande spørsmål:

1. Korleis er språkskiftesituasjonen blant elevane på vidaregåande skule i Hallingdal?
2. Kva faktorar spelar inn i elevane sine val av hovudmål på vidaregåande, og eventuelt tidlegare?
3. Har elevane eit bevisst forhold til kva for skriftspråk dei vel å skrive?

Hallingdal, som består av både bokmålskommunar og nynorskkommunar, kan ein beskrive som ei randsone for nynorsk. Randsone som omgrep skal eg beskrive nærmere under kapittelet om Hallingdal (kapittel 2), men når ein snakkar om ei randsone mellom nynorsk og bokmål, så er det snakk om eit overgangsområde, område med nynorsk og bokmål som geografisk sett ligg nære kvarandre. I slike områder står ofte nynorsken under eit press, og ein kan sjå fråfall frå nynorsk som hovudmål.

Bak dette målformbyttet finst det mange teoriar, og i denne forskinga, og generelt i oppgåva, kjem eg til å ha eit spesielt fokus retta mot både haldningar til nynorsk og omstende som blant anna har med språkbruk å gjere. Ein kan tru at mange av elevane i eit område som Hallingdal er godt vande med nynorsk frå byrjinga på skulen, og eg tenkjer dermed at andre omstende kanskje kan vere vel så viktige som haldningane, i valet mellom bokmål og nynorsk som hovudmål.

Først og fremst er det interessant å sjå om elevane tenkjer gjennom val av målform, og om det er store skilnadar i elevanes bakgrunn og interesser blant dei som vel nynorsk versus dei som vel bokmål. Er nynorskelevar meir opptekne av kva målform dei vel enn bokmålselevar? Her finst det teoriar som vil meine at det er ein samanheng mellom eit individs interesser og val av skriftspråk, kor ein gjerne ser ei kopling mellom tradisjon og nynorsk. Teoriar om skriftspråk og identitet vil her vere relevante, og saman med interesser og tradisjonar, vil også dialekt og tilknyting til heimstad vere aktuelle område å undersøkje nærmare.

I eit område med fleire nynorskkommunar, vil det også vere interessant å sjå på omstende rundt elevane, og kor vidt dette spelar inn i elevanes val av målform. Her vil teoriar om språkbruk og eksponering av nynorsk vere interessant. Nokre teoriar meiner det er ein samanheng mellom eksponering og haldningar, som vidare ser på kor vidt ein oppfattar nynorsk som nøytralt eller ikkje.

Som eg var inne på, så er haldningar gjerne eit viktig tema når ein ser på kva som spelar inn i valet av målform. Språkhaldningar vil vere aktuelt å diskutere i fleire samanhengar, og vil også kunne knytte seg til blant anna språkkompetanse. Om ein går vidare med eksponeringsteorien ovanfor, vil ein gjerne tenkje seg at fleire elevar oppfattar at dei skriv bokmål betre enn nynorsk, dersom dei er meir vande med å lese og skrive bokmål. Dette har i tidlegare undersøkingar merka seg som ein orsak til at nokre nynorskelevar bytter målform. Dette gjer at lærarkompetansen i nynorsk blir viktig og eit relevant forskingsobjekt.

Kompetansen blant lærarar vil først og fremst vere viktig for at elevar får god opplæring i nynorsk, og at språkkompetansen haldast ved like. Vidare er det nesten vel så viktig at elevane får gode erfaringar med å skrive nynorsk, slik at haldningane til nynorsk blir gode.

Tidlegare forsking på feltet og teoriar som spørjeundersøkinga i stor grad byggjer vidare på, vil bli presentert i kapittel 3. Meir om skulen og det metodiske opplegget kjem inn under

kapittel 4, kor metodens fordeler og ulemper også vil bli vurdert. Resultat av spørjeundersøkinga vil bli presentert i kapittel 5, og drøfting av resultata vil kome i kapittel 6. Heilt til slutt vil det koma ein avsluttande del, kapittel 7, som tek oppgåva nokre steg vidare. Fleire faktaopplysningar rundt Hallingdal sin geografiske plassering og Hallingdal som språksamfunn, kjem i det komande kapittelet.

## **2. Om språk og samfunn i Hallingdal**


Dette kapittelet er ein presentasjon av Hallingdal som samfunn og språkområde. Eg kjem til å gå inn korleis språksituasjonen har vore i Hallingdal i eit historisk perspektiv, og korfor det er eit interessant område for å undersøkje overgangar frå nynorsk til bokmål. Informantane som tok del i undersøkinga, kjem frå ulike bygder i dalen, og det er difor nyttig å gi eit overblikk over språksituasjonen i dei ulike områda. Det kjem først faktainformasjon om Hallingdal og kommunane der, før eg går vidare inn på språksituasjonen i dalen generelt og ved skulene.

### **2.1 Geografi og samfunn**

Hallingdal er eit dalstrøk som består av dei seks kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol. Geografisk sett ligg området midt imellom Oslo og Bergen, og er slik sett ein sentral møteplass mellom Austlandet og Vestlandet. Riksveg 7 går gjennom heile dalen frå Flå i aust, til Hol og grensa til Vestlandet fylke i vest, samstundes som at ein frå Gol kan følgje riksveg 52 mot Lærdal og Sogn og Fjordane. Saman med riksveg 7 utgjer Bergensbanen Hallingdal til eit viktig bindeledd mellom Austlandet og Vestlandet, og er slik sett også ein naturleg stoppestad for turistar og yrkessjåførar.

Närmaste by og handelssentrum er Hønefoss, og innbyggjarane i dalen reiser gjerne dit eller til Drammen/Oslo for tilgang på varer og tenester, som ein ikkje har tilgang på heime. I Hønefoss finn ein også det nærmaste sjukehuset, Ringerike sjukehus, som ligg om lag ein times køyretiltak frå Flå, og rundt to timer og 30 minutt frå Geilo i Hol kommune.

Dalen har dei siste 10 åra merka vekst i folketalet, som følgje av ei aukande turistnærings. I dei seks kommunane bur det til saman om lag 20 500, kor Gol per i dag har flest innbyggjarar med eit tal på 4659, og gjerne blir sett på som eit «bysentrum» i dalen. Gol er også den kommunen som har hatt mest tilflytting dei siste åra. Frå gamalt av har Ål kommune derimot vore sentrum for jernbanen, kor hovudstasjonen har ligge heilt frå Bergensbanen kom til i 1907. Dette har resultert i at Ål tidleg fekk ein del tilflytting av arbeidarar som arbeidde på banen. Ål ligg like bak Gol i befolkning, med eit befolkningstal på 4638. Så følgjer Hol kommune med 4478 innbyggjarar, Nesbyen kommune med 3280, Hemsedal kommune med 2575 og til slutt Flå kommune med 1046 innbyggjarar.



*Figur 2.1 Kart over Hallingdals kommunar*

*Kjelde: Wikipedia - «Hallingdal»*

Dalen er kanskje spesielt kjent for fjella og naturen, og dei mange mogleighetene som finst der. I vinterhalvåret er det om lag 2000 km langrennsløyper og fleire alpinanlegg som dreg mykje turisme, og til saman er det rundt 17000 hytter i dalen. Turismen er ein stor del av næringslivet i dalen, og dei seinare åra har det våre meir satsing på opplevelingsturisme for turistar i Hallingdal også i sommarhalvåret. Turistnæringa er størst i kommunane Hol og Hemsedal, med fleire hotell og større skianlegg enn i resten av kommunane i dalen.

Samstundes finn ein også flest hytter i Hol, men talet på hytter ligg like under, og er jamt over likt, i resten av dalen. Dei fleste «hyttehallingane», som dei vert kalla, kjem frå Oslo/Viken området, men det kjem også ein del frå Vestlandet og Bergensområdet.

Til saman bur det om lag 10 000 sysselsette i dalen. Tabellen under viser ei oversikt over kor mange sysselsette som heldt til i dei ulike verksamheitene i dei respektive kommunane. Som ein kan sjå er varehandel og overnatting- og serveringsverksamheit, den klart største næringa i Hallingdal, med om lag 2300 sysselsette. Vidare kan ein sjå at bygge- og anleggsverksamheit også er ei av dei store næringane i dalen. Samstundes er det også mykje industriproduksjon med blant anna plast, gummi og trelast. Industri og anleggsverksamheit utgjer til saman ein like stor del av næringsverksamheita som varehandel, og har flest sysselsette i Gol og Ål.

	<b>Flå</b>	<b>Nesbyen</b>	<b>Gol</b>	<b>Hemsedal</b>	<b>Ål</b>	<b>Hol</b>
<b>Jordbruk, skogbruk og fiske</b>	27	101	97	86	97	83
<b>Bergverksdrift og utvinning</b>	3	16	0	0	37	0
<b>Industri</b>	37	130	212	40	145	118
<b>Elektrisitet, vann og renovasjon</b>	0	21	102	16	93	76
<b>Bygge- og anleggsvirksomhet</b>	57	242	438	157	432	292
<b>Varehandel, reparasjon av motorvogner</b>	93	192	518	134	222	266
<b>Transport og lagring</b>	17	17	91	29	97	63
<b>Overnattings- og serveringsvirksomhet</b>	40	48	254	126	56	311
<b>Informasjon og kommunikasjon</b>	13	0	18	14	60	9
<b>Finansiering og forsikring</b>	3	22	64	8	38	23
<b>Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift</b>	15	65	164	63	98	83
<b>Forretningsmessig tjenesteyting</b>	36	37	74	103	92	102
<b>Off.adm., forsvar, sosialforsikring</b>	23	50	118	42	115	87
<b>Undervisning</b>	31	82	211	76	256	156
<b>Helse- og sosialtjenester</b>	80	346	418	178	494	419
<b>Personlig tjenesteyting</b>	22	56	70	79	71	123

Tabell 2.1: sysselsette per 4. kvartal 2020, etter næring og bustadkommune.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Jordbruk, skogbruk og fiske er også ein vesentleg del av næringslivet i dalen. Dei fleste bøndene driv småbruk med sau eller storfe, og flest gardsbruk finn ein i kommunane øvst i dalen, Ål og Hol. Etter tal frå Statistisk sentralbyrå i 2020, budde 27,9 % av befolkninga i Ål kommune på landbrukseigedom, medan det var 26,9 % i Hemsedal, 25,5 % på Flå, 23,8 % på Nesbyen, 20,9 % på Gol og 15,8 % i Hol. Hallingdal, og meir spesifikt Ål, er det området i Viken fylke som har det største saueholdet.

		<b>Sysselsette personar busett i regionen</b>	<b>Personar som pendlar inn i regionen</b>	<b>Personar som pendlar ut av regionen</b>	<b>Sysselsette personar med arbeidsstad i regionen</b>
		<b>2020</b>	<b>2020</b>	<b>2020</b>	<b>2020</b>
<b>3039 Flå</b>	<b>15-74 år</b>	539	130	169	500
<b>3040 Nesbyen</b>	<b>15-74 år</b>	1691	275	525	1441
<b>3041 Gol</b>	<b>15-74 år</b>	2429	1054	613	2870
<b>3042 Hemsedal</b>	<b>15-74 år</b>	1390	162	385	1167
<b>3043 Ål</b>	<b>15-74 år</b>	2430	698	702	2426
<b>3044 Hol</b>	<b>15-74 år</b>	2395	342	484	2253

Tabell 2.2: oversikt over sysselsetjinga og pendling i Hallingdals kommunar

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I tabell 2.2 kan ein sjå kor mange sysselsette som pendlar til og frå kommunane. Gol og Ål har mange personar som pendlar inn i kommunen, samstundes som dei også er av kommunane som har flest som pendlar ut. Begge desse kommunane har nokre av dei største næringane i Hallingdal, kor ein kan regne med at dei fleste pendlarane kjem frå andre kommunar i dalen. Blant anna finn ein også dei einaste vidaregåande skulene på Gol og Ål, kor ein kan tenkje seg at fleire av lærarane pendlar frå nabokommunane.

Ved sida av at dalen gjerne er kjent for eit rikt næringsliv med blant anna turisme, anleggsdrift og gardsbruk, så har Hallingdal også lange kulturtradisjonar med både folkemusikk, hallingkost og dialekt. Kultur og tradisjonar er høgt verdsett i dalen, og ein finn kulturskular i kvar kommune. Det største kulturhuset finn ein på Ål, som i 2021 vart kåra til Norges kulturkommune. På landsbasis var kommunanes netto utgifter til kultursektoren per innbyggjar 2644 kroner i gjennomsnitt i 2020. I Ål kommune var desse utgiftene på 4153 kroner per innbyggjar, altså vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet. Det er også Ål kommune som har det største kulturtildelingsutvalget, og kvart år er det fleire elevar på venteliste, noko som kan tyde på at fleire ungdommar i dette området er opptekne av kultur.

Ål kommune fekk også prisen for årets nynorskkommune 2021, som kvart år blir gitt til den kommunen som støtter opp om nynorsk i kommunen, blant anna gjennom å legge til rette for læringsressursar og læremiddel på skulen på nynorsk. Denne kåringa er sjølvsagt ekstra interessant i samanheng med denne oppgåva, og eg vil kome meir inn på denne under neste delkapittel (2.2) om språksituasjonen i Hallingdal.

## 2.2 Gol vidaregåande skule

Gol vidaregåande skule ligg i Gol kommune, og opna hausten 1965. Skulen starta opp som Hallingdal gymnas, som skulle vere eit samleprosjekt for alle Hallingdals-kommunane og Valdres, for at ungdommen skulle få eit gymnas nærmare heimen. Gymnaset vart bygd som eit stort gymnasprosjekt, kor det var behov for blant anna fleire grupperom og større og betra arbeidsrom for lærarar og elevar, enn dei tradisjonelle gymnasa. Det vart bygd i samband med samfunnshus, som inneheldt ein stor gymsal og ein scene, som i seinare tid også har fått fleire scenerom til studieprogrammet musikk, dans og drama. Det kom også ein eiga fløy til ungdomsskule og skulebibliotek for dei to skulene.

I tillegg til å vere eit samleprosjekt, oppstod gymnaset på grunnlag av realskolen, og starta opphavleg med realfag og engelskline. Etter nokre år, utvida skulen med 2-årig grunnkurs i blant anna allmennfag, husflidsfag og etter kvart også idrettsfag (Hallingdal gymnas: 43). I 1994 byta skulen namn til Gol vidaregåande skule. Same året vart skulen slått saman med Nesbyen vidaregåande skule, som vart lagt ned på Nesbyen. Skulen hadde lenge programfaga studiespesialiserande, musikk, dans og drama, idrettsfag, restaurant og matfag, media og kommunikasjon og design og handverk. I dag er det derimot berre dei fire førstnemnde programfaga som framleis vert praktisert ved skulen.

I dag går det om lag 320 elevar ved skulen, og elevane kjem frå alle kommunane, inkludert Valdres. Dei siste åra har ein del elevar frå Flå byrja på Ringerike vidaregåande, som ligg i Hønefoss. Dei fleste elevane går på studiespesialiserande studieprogram, men idrettsfag har også store klassar. Musikk-, dans- og drama har dei siste åra hatt vanskar for å fylle opp elevplassane, då mange søker seg ut av dalen til andre skular med teaterfag.

Målforma ved skulen har frå byrjinga vore nynorsk, men i dag er både skulens heimeside, og det meste av infoskriv skrivi på bokmål. Ei orsak til dette, er som elles i dalen, at det er utfordrande å finne lærarar med kompetanse i nynorsk. Ei anna sannsynleg orsak er også påverknad frå fylkeskommunen som skulen er ein del av, med tanke på av Viken fylke stort sett er prega av bokmåldominans.

År	Antall elever totalt	Vg3 nynorsk	Vg2 nynorsk	Vg1 nynorsk
2021-2022	266	3	19	18
2020-2021	283	6	3	20
2019-2020	337	6	6	4
2018-2019	351	0	5	7
2017-2018	411	10	1	7
2016-2017	414	14	12	2
2015-2016	458	6	12	14
2014-2015	456	4	9	14
2013-2014	442	3	5	12
2012-2013	385	4	2	5
2011-2012	410	8	6	5
2010-2011	412	4	8	8

Tabell 2.3 Oversikt over talet på nynorskelevar ved Gol vidaregåande skule

Kjelde: Gol vidaregåande skule, henta frå Visma in school (importert frå Extens 2019)

Det ser ut som at det er eit misforhold mellom nokre av tala i tabellen. Mellom nokre år er det særstak store svingingar i talet på nynorskelevar, og eg er usikker på korfor det er så store skilnader frå år til år.

## 2.3 Språksituasjonen i Hallingdal

Hallingdal har lange tradisjonar med både nynorsk og dialekt, og var lenge eit område som ein kunne kalle eit kjerneområde for nynorsk. Samstundes har Hallingdal sterke kommunikasjonsledd til Austlandet, noko som kan vere med å endre språksituasjonen. Som vi såg i førre kapittel har det dei siste åra våre mykje tilflytting, og auke i turistnæringa, som gjer at den språklege påverknaden aukar.

I dette delkapittelet skal eg gå vidare inn på situasjonen rundt nynorsk og bokmål i Hallingdal, og blant anna kome inn på omgrepene *randsone*, som kan vere med å definere ein språkleg tendens kor ein ser eit fråfall av nynorskbrukarar. Vidare kjem eg også til å seie noko om dialekt og hallingmålet, og språket hos ungdommen i dalen. For å synleggjere dei historiske endringane, kjem eg også til å presentere nokre tabellar og variablar rundt skriftspråket blant elevar i Hallingdal, også samanlikna med heile Viken fylke.

### 2.3.1 Mangfald i skrift og randsone for nynorsken

Språksituasjonen med nynorsk og bokmål i Hallingdal er nokså varierande, og i nokre kommunar særstakt ustabil. Aust i dalen finn ein kommunane Flå og Nesbyen, som begge i fleire tiår har hatt bokmål som administrasjonsspråk. Hol er den einaste kommunen som er språknøytral, medan dei tre resterande kommunane Gol, Hemsedal og Ål har vedtak om nynorsk. Dei tre kommunane i Hallingdal er også dei einaste kommunane i Viken fylke som har vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk og skulespråk. Tabellen under viser talet på bokmålselevar og nynorskelevar i gamle Buskerud fylke (fram til 2019) og Viken fylke.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Bokmål	31490	31739	31793	32219	32455	32803	33243	33335	33329	153928	154328
Nynorsk	950	912	909	848	774	757	704	679	636	588	565

Tabell 2.4 Hovudmål i grunnskulane i Buskerud/Viken

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (Grunnskolens Informasjonssystem)

Det har vore ein jamn nedgang av nynorskelevar alle åra, og i 2020 ser ein at talet for første gang kjem ned på 500-talet, sjølv om den samla mengda elevar auka betrakteleg ved fylkessamanslåinga. Når ein ser kor lågt talet på nynorskelevar er, samanlikna med bokmålselevane, ser ein at nynorskelevar gjerne står i ein pressa situasjon. Når ei gruppe vert ein så liten minoritet, kan ein oppleve bli mindre prioritert når det til dømes gjeld læringsressursar, infoskriv og læringsplattformar på nynorsk.

Om ein samanliknar tabell 2.3 og tabell 2.4, ser ein at dei fleste nynorskelevane haldar til i Hallingdal. Eit eksempel med tala for 2016, viser at 707 av dei 757 nynorskelevane, heldt til i Hallingdal. Altså var det berre 50 elevar med nynorsk som hovudmål i resten av Buskerud fylke.

Område	Nynorsk	Bokmål
Heile Hallingdal	707	1686
Hol	5	475
Ål	519	71
Gol	104	418
Hemsedal	79	241
<b>Tilsaman</b>	<b>1414</b>	<b>2891</b>

*Tabell 2.5 Hovudmål i grunnskulene i Hallingdals kommunane i 2016*

*Kjelde: Utdanningsdirektoratet (Grunnskolens informasjonssystem)*

Av dei til saman 707 nynorskelevane i Hallingdal høyrt heile 519 elevar til i Ål kommune.

Ål er nok den kommunen kor språksituasjonen har vore mest stabil, med nynorsk som administrasjonsspråk og hovudmål i skulen. Kommunen fekk som nemnt tidlegare også prisen for Årets nynorskkommune 2021. Denne prisen vert kvart år delt ut av Kulturdepartementet og Språkrådet. I år vart den gitt til den kommunen som har gjort ein ekstra innsats for å skaffe læremiddel og læringsressursar på nynorsk til skulelevane i kommunen, i tillegg til dei vanlege krava. Juryen grunngjev blant anna prisen med følgjande:

Kommunen ligg i Hallingdal, der nynorsk ikkje er eit sjølv sagt språkval, slik det er i kjerneområda for nynorsk. I eit slikt område trengst det eit særskilt medvit, friske tiltak og drahjelp frå alle hald for å stø opp om nynorsk som bruksspråk.

*(Ål kommune 2021)*

I grunngjevinga kjem det fram at nynorsk ikkje er eit sjølv sagt språkval, trass i at kommunen har lange tradisjonar med nynorsk. Tiltaka som kommunen har sett inn, handlar om å halde nynorsk oppe som eit bruksspråk og kulturspråk. Enkelt sagt å leggje til rette for at befolkninga i større grad vert eksponert for nynorsk i kvardagen, så vel i skulen som i arbeid. I grunngjevinga kjem det fram at kommunen har målbruksplan og strategidokument, og at dei arbeider systematisk med næringsliv, skule, barnehage, kulturliv og kommuneadministrasjonen for å styrke nynorsk som bruksspråk. Det kan også vere ein orsak til at talet på nynorskelevar heldt seg nokså høgt og stabilt i Ål. Samanlikna med tala elles i dalen, er dette heilt unikt.

	<b>Ål</b>	<b>Gol</b>	<b>Hemsedal</b>	<b>Hol</b>
<b>2000</b>	88	66	83	20
<b>2001</b>	88	72	69	20
<b>2002</b>	85	71	73	17
<b>2003</b>	83	71	71	17
<b>2004</b>	86	66	73	16
<b>2005</b>	86	60	62	15
<b>2006</b>	86	57	56	13
<b>2007</b>	82	51	55	15
<b>2008</b>	81	42	54	15
<b>2009</b>	80	38	50	14
<b>2010</b>	78	40	43	14
<b>2011</b>	83	38	37	15
<b>2012</b>	82	39	33	13
<b>2013</b>	84	37	30	12
<b>2014</b>	84	26	24	10
<b>2015</b>	85	25	28	3
<b>2016</b>	85	24	23	1
<b>2017</b>	86	21	24	1
<b>2018</b>	86	18	27	1
<b>2019</b>	85	16	26	0
<b>2020</b>	82	13	22	0
<b>2021</b>	83	13	18	0

Tabell 2.6: Andelen nynorskelevar i Hallingdal oppført i prosent

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (*Grunnskolens informasjonssystem*)

Tabellen viser ein oversikt over kor mange prosent elevar som har nynorsk i dei ulike kommunane i Hallingdal. Kommunane Flå og Nesbyen er ikkje teke med i tabellen, då dei ikkje har hatt nokon nynorskelevar i denne perioden.

I Ål kommune er det til saman fire barneskuler, kor to av dei høyrer til sentrum i Ål. Dei to andre skulene ligg i to mindre bygder utanfor Ål sentrum. Leveld skule ligg i bygda Leveld, og har elevar frå Votndalen, Leveld og Vats, som ligg om lag 15 minutt og opp til 40 minutt køyring frå sentrum. Torpo skule ligg på grensa til Gol. Nynorsk er vanleg skulemål ved alle

dei fire skulene, og det prosentvise talet på nynorskelevar i tabellen ovanfor, tydar på det same.

I Gol kommune var talet på nynorskelevar i fleirtal fram til 2008. Rundt denne perioden og rundt 2013/2014, sank nynorskandelen med ytterlegare 10 %. Sidan då, har det vore ein jamn nedgang, og dei siste par åra har det vore 13 % med nynorsk som hovudmål. Dei større endringane kan i stor grad komme som følgje av både turisme og tilflytting, då Gol er eit sentrumsområde og gjennomfartsåre i Hallingdal. Ein kan også rekne med at fleire elevar har ein eller to foreldre som er tilflyttarar til dalen. I Gol er det i tillegg om lag 30 % minoritetsspråklege elevar kan også ha ein påverknad på endringa dei siste ti åra (skriftlege fakta mottatt frå kommunen). Nynorskens posisjon har vore stabil, og kommuneadministrasjonen skriv stort sett på nynorsk.

I var nynorsk lenge ein dominerande målform i grunnskulen. I 2009 var for første gong talet på bokmålselevar i fleirtal, og sidan dette, har talet på bokmålselevar berre auka. Etter 2013, har ikkje talet på nynorskelevar i Hemsedal bikka 100, og i 2021 vart det registrert 57 elevar med nynorsk, som er det lågaste talet nokon gong. Samstundes var det registrert 258 elevar med bokmål. Hemsedal er i dag den kommunen i Hallingdal som er minst stabil, når det gjeld målform. Spørsmålet om kva skriftspråk som skal vere hovudmål har vore oppe til diskusjon fleir gonger, men sidan 2018 har dette vore hyppig diskutert. Hausten 2021 arrangerte kommunen eit skulemålsval, som resulterte i eit dødt løp mellom bokmål og Hemsedal, med knappe 20 stemmer som skilde i nynorskens favør (Hallingdølen 2021). I februar 2022 vart det derimot bestemt at Hemsedal får bokmål som skulemål. Hemsedal er også den kommunen som har hatt aller mest tilflytting dei siste tiåra, noko som heilt klart kan vere ein viktig orsak.

Hol kommune har alltid hatt eit nøytralt målformvedtak, og kommuneadministrasjonen oppgjer at kommunalforvaltninga i hovudsak har brukt bokmål, likeins har dei fleste skulene gjort det same. Kommunen består av to store tettstader, Geilo og Hol, som ligg noko avskilt frå kvarandre geografisk. På skulene på Geilo har det alltid vore vanleg med bokmål, medan Hol har hatt nynorsk ved nokre av skulene. Hallingskarvet skule, i Hol, hadde nynorsk fram til 2015 då han vart slått saman med Hovet skule, til det som no heiter Hol skule. Ved Hovet skule var bokmål mest brukt, og det var også denne målforma som vart dominerande etter samanslåinga. I 2015 ser ein også at nynorskandelen sank frå 10 % til 3 %. Ut i frå dette kan ein rekne med at dei aller fleste nynorskbrukarane i Hol kommune, kjem frå Hol. Kommunen

har derimot ikkje hatt nynorskelevar sidan 2018, og slik sett er det også lite sannsynleg at det er nokon informantar som kjem der frå.

Eit område slik som Hallingdal, vert gjerne kalla for ei randsone mellom nynorsk og bokmål. Eksempel på andre randsoner er Telemark, Valdres, Gudbrandsdalen, Nordmøre, Romsdal og rundt byane på Vestlandet, slik som Sotra og Osterøy utanfor Bergen (Jansson m.fl. 2011: 114). Nynorsk har alltid vore i mindretal mot bokmål, men fleire område heldt talet på nynorskelevar seg nokså stabilt. I randsoneområder opplever ein derimot ein tendens kor fleire nynorskbrukarar bytter hovudmål i løpet av skulegangen. Dette vert gjerne kalla for den nynorske lekkasjen, og er eit typisk fenomen i randsonene i Noreg (Askeland m.fl. 2020: 21). Eit anna fenomen er bokmålsdominans, som nok er ein tendens som nok er vanleg i store delar av landet, men ein er her spesielt oppteken av bokmåldominans i typiske nynorske område.

Omgrepet randsone er ei nemning for eit område som er rundt eller langs eit anna meir sentralt område (Det Norske Akademis Ordbok, 2018). Vidare har omgrepet vore mykje brukt for å beskrive eit område kor nynorsk ligg under press frå bokmålsområde i nærleiken (Garthus 2009, Kleggetveit 2013, Krogsæter 2017). For Hallingdal passar denne definisjonen veldig bra, då dalen har lange tradisjonar for nynorsk, men at dei vert meir og meir påverka av språkleg påverknad frå andre bokmålsområde på Austlandet, kor nynorsk er i kraftig mindretal.

Eit typisk fellestrekks ved randsonene som vart nemnt ovanfor, er at dei finst i nærleiken av større bokmålsområde, eller at dei har nære forbindigar til område kor bokmål er dominerande. Til dømes er dei tradisjonelle nynorskområda i indre Telemark, sterkt påverkeleg av kommunikasjon og pendling til dei større byane i fylket (Skjekkeland 2021). Byane Porsgrunn og Skien i Vestfold-Telemark fylke, er gjerne viktige byar for både næringsliv og varehandel, og som i større grad har språkleg påverknad på dei indre områda i fylke. For Hallingdal vil gjerne resten av Viken fylke, kor særslig nyttar nynorsk, gjere at bokmål raskt vert dominerande målform, dersom kommunane ikkje gjer systematiske tiltak for å hindre dette.

### 2.3.2 Mangfald i tale

Talemålet i Hallingdal høyrer til *austnorsk*. Hallingdalsdialekta, hallingmålet, er vidare også kategorisert som eit *midlandsmål*. Målområdet til midlandske eller *midaustlandske*, strekkjer seg frå øvst i Gudbrandsdalen, og ned til øvste del av gamle Telemark fylke. Talemål i dette området, er gjerne kjenneteikna ved at dei har jamvekt, tjukk-l og kløyvd infinitiv.

Midlandsmål skil seg frå andre austlandsmål, ved at midlandsmål har eit skilje mellom sterke og svake hokjønnsord, slik som *sole/soli* og *viku* (Kleiva 1999: 15). Hallingmålet og valdresmålet er to midlandsmål som har mykje til felles. Begge skil seg frå andre talemål på Austlandet, ved at dei held på *-ld*, *-nd* og *-mb* i ord som *kveld*, *land* og *lamb* (Skjekkeland 2021).

Mellom Hallingdals-kommunane er det små forskjellar som skil dei på talemålet. Ein av dei største ulikskapane, er kanskje at Ål som einaste kommune, nyter *å-lyd* framfor *ø-lyd*, i ord som *pose* og *godt*, som vert uttala *påse* og *gått* på Ål, men *pøse* og *gøtt* i stort sett resten av kommunane, samt på Torpo, som er ein del av Ål kommune. Desse, og fleire skilnadar, er for det meste å finne i det tradisjonelle hallingmålet (Venås 1997: 85).

Ein kan spørje seg om det er ein samanheng mellom elevanes val av hovudmål og talemålet dei har. Hallingmålet har mykje til felles med nynorsk, og Hallingdal er ein av dei stadane Ivar Aasen besøkte hyppig. Dialekta er nok av dei få som framleis har dativbøyning, slik som *jæte sau* og *te vikun* (Venås 1997: 34). I hallingmålet finn ein endingane *-i*, og i nokre tilfelle *-u*, som ein også finn i variantar av Landsmålet, saman med til dømes dativformer. Desse endingane, saman med dativ, er nok nesten berre å finne i Hallingdal. Fleire av dei tradisjonelle dialektkjenneteikna er nokså uvanlege, noko som kan ha ført til at dei har blitt valt bort, til fordel for regionaliserte former (Skjekkeland 2021).

I dag ser vi at det tradisjonelle talemålet er i endring, og at det standardiserte austlandsmålet spreier seg. Språkleg standardisering og regionalisering er gjerne to teoriar som forskrarar har fokus på i talemålsforsking. Desse dialektteoriane er ikkje mindre interessante når det gjeld hallingmålet, då austlandsmål spesielt, i stor grad påverkar kvarandre, og slik sett også vert meir lik kvarandre. Ein er her då spesielt inne på regionalisering, kor både bygdemål og bymål i dette området endrar seg, og påverkar kvarandre mot eit felles regionsmål (Kleiva 1999: 74).

Hallingdal, som ein del av storaustlandet, ligg under eit slikt språkleg press. Den nære tilknytinga til større austlandsbyar og mykje turisme har ført til at hallingmålet har fått fleire avslipte dialekttrekk (Sjekkeland 2021). Det er mange ungdommar som nytter standardiserte formar, og dei fleste dialektord, svarar gjerne til ord som ein også finn i nynorsk skriftspråk, slik som *mjølk* og *ikkje*.

Dei siste åra har det vore mykje fokus på korleis ein kan auke bruken av hallingdialekt blant dei unge. Ei undersøking i 2019, viste at berre 5 % av elevane ved Gol vidaregåande skule prata dialekt (Gunhildgard 2019). Informantane vart her testa i høgfrekvente ord, slik som *eg/jeg* og *ikkje/ikke*. I byrjinga av 2022 gjennomførte Hallingdølen ei rundspørjing på liknande vis i grunnskulen. Der kom det fram at berre 1 av 10 ungdom snakkar dialekt, og jamt over låg prosentandelen på rundt 10 % i kommunane, medan Hol låg noko lågare. I 1996 var det om lag 3 av 10 som snakka dialekt (Hallingdølen 2022). I denne samanheng har det vore mykje snakk om det går mot ein mogleg dialektaud. Resultat har vore drøfta i samanheng med identitet, fleire har byrja å undre seg om hallingidentiteten vert sterkare jo eldre ein blir.

Det er interessant å reflektere om desse tendensane kan sjåast i samanheng. Det er ein nedgang i bruk av både tradisjonelt hallingmål og nynorsk i dalen, men orsaka er ikkje nødvendigvis den same. Kan forholdet til nynorsk, ha ein samanheng med forholdet til eige talemål og identitet? Ein kan tenkje seg at sterk språkleg bevisstheit til eige talemål, kan følgje med ein språkleg bevisstheit rundt skriftspråk også, kor ein vel eit skriftspråk som kan styrkje eige talemål.

## 3. Teori

### 3.0 Innleiing

Det finst mange ulike teoriar på korfor nynorskelevar bytter frå nynorsk til bokmål. Hårstad m.fl. ser på samanhengen mellom språk og andre sosiale fenomen, og korleis språkbruk slik sett har eit sosiokulturelt betydningsinnhald knytt til seg (Hårstad m.fl. 2015: 36). Vidare vert det presentert nokre teoretiske berebjelkar i den sosiokulturelle språkforskinga. Desse kjem eg til å ha som eit utgangspunkt for den teoretiske tilnærminga i denne oppgåva, då problemstillinga i all hovudsak peilar seg inn mot det sosiokulturelle aspektet ved språkforskinga. Tilnærmingane som eg kjem til å gå vidare inn på i dette kapittelet tek for seg forholdet mellom språk og identitet, språkhaldningar og språkideologiar og forholdet mellom språk og makt.

Mykje av forskinga som er gjort, ser spesielt på overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule, då det gjerne er her ein ser ein større endring i talet på elevar som har nynorsk som hovudmål. Utdanningsdirektoratet gjorde ei undersøking i 2014, for å danne seg ei oversikt over korleis nynorsk-«landskapet» såg ut. Nokre av funna dei gjorde kan ein kort sagt ramse opp slik:

- Nynorskelevar byter gjerne hovudmål dersom det er eit fleirtal av bokmålselevar.
- Det er vanskeleg å skrive godt nynorsk, ofte fordi dei blandar inn bokmålsord og dialektord.
- Nynorsken viser kven dei er og kvar dei kjem frå. Dette siste punktet kan i større grad sporast til dei som vel å halde på nynorsk, og som dermed ser på skriftspråk i samanheng med identitet.

I det første punktet vil faktorar som eksponering, haldningar og identitet spele inn, og eg kjem til å gå inn på teoriar knytt til dette punktet. Punkt to knyter eg meir til kompetanse i nynorsk, som i fleire tilfelle kan bli kopla til språkbrukarenas dialekt, eksponering og undervisning i nynorsk. Dette kjem eg til å ta for meg under delkapittelet om identitet (3.2) og delkapittelet om eksponering (2.3). Nettopp dette temaet er kanskje særskilt aktuelt i Hallingdal, då nynorsk og hallingmålet har fleire likskapar, samstundes som bokmål også er mykje brukt. Generelt kan ein også sjå at det er ei utfordring å skrive godt nynorsk, om ein møter lite nynorsk på skulen og i samfunnet, eller at ein i større grad vert eksponert for bokmål.

Basert på det siste punktet kjem eg til å sjå på teori knytt til nynorskelevar og identitet, kor også dialekt vi kome inn som eit relevant tema når det gjelder nynorsksituasjonen i Hallingdal. Mykje forsking på dette feltet tek også for seg haldningane til nynorsk, noko som også er interessant å sjå på i eit område kor nynorsk i større grad er ein normalitet. Nokre undersøkingar på sidemålsundervisning viser nemleg at meir integrert bruk av nynorsk i undervisning har hatt ein positiv effekt på elevane sine haldningane til nynorsk (Askeland m.fl. 2020: 45). Ut i frå dette skulle ein tru at haldningane til nynorsk er meir nøytrale hos ein del av dei elevane i Hallingdal som har hatt nynorsk frå dei byrja på skulen.

Vidare er eksponering av nynorsk i samfunnet og på skulen interessant å sjå på i eit randsone-område som Hallingdal, og i så fall korleis det kan ha ein samanheng med elevane språkval.

### 3.1 Språk og identitet

I ei oppgåve som tek for seg ungdommars språkval, kjem ein nesten ikkje utanom omgrepene identitet. Identitet er eit nokså komplekst omgrep, som råkar mykje. Ein skil gjerne mellom ei *essentialistisk identitetsoppfatning* og ei *konstruktivistisk identitetsoppfatning*. Hovudsakleg kan ein skilja dei ved at førstnemnte ser på identitet som ein permanent, evig og uforanderleg størrelse, som er immun mot ytre påverknad. Den andre ser på identitet som noko som kan forandre seg over tid, og som noko variabelt og dynamisk (Mæhlum et al., 2008: 109). Det er derimot ikkje nødvendigvis nyttig å knytte seg til ei av dei to definisjonane av identitetsomgrepene. Ei syntese av dei to oppfatningane vil kunne vere meir presist. Ein kan til dømes sjå for seg identitet i form av to delar, kor ein del av identiteten, ein såkalla kjerne, betraktar kven ein er. Vidare kan ein ha ein ytre del som er påverkeleg av impulsar frå omgjevnadane rundt. I lys av problemstillinga i denne oppgåva, kan ein tenkje seg at språkval og identitet kan handle om at språkbrukaren har ei indre bestemt kjerne som er upåverkeleg med eigne språkvanar og oppfatningar, samstundes som ein får språkleg innputt frå omverda som kan påverke haldningane til språk og språkleg kompetanse.

I nyare tider har eit hovudargument for språkbruk, då spesielt nynorsk og dialektbruk, vore at det er ein tett samanheng mellom språk og identitet (Bull 2014). Vi uttrykkjer identiteten vår gjennom det ein kallar *identitetshandlingar*, og *språkhandlingar* er ei form for identitetshandling. Gjennom språklege handlingar bringer vi eit uttrykk for kven vi er, inn i

ein sosial situasjon (Hårstad et al., 2021: 43). Det er heilt sikkert at språket er ein viktig del av vår identitet, anten som talemål eller skriftspråk. Hjalmar Eiksund snakkar om ein «å vere identitet» og ein «å ha identitet» (Eiksund 2015: 38). Å *vere* er noko ein gjer utan å reflektere, blant anna at ein bruker språk til å uttrykkje seg. Ein nynorskbrukar i eit bokmålsdominert samfunn, skil seg ut, og vil med tida gjerne byrje å skrive bokmål, om personen ikkje er bevisst val i møte med dette storsamfunnet. Nynorskbrukarar går difor frå ein *vere identitet* til ein *ha identitet*. Ein å *ha* identitet går meir på å ta på seg ein rolle for å stadfeste noko (Eiksund 2015: 38).

Som ein kan sjå av defineringa av identitet ovanfor, vil fleire personar med nynorsk som hovudmål, gjerne ha eit personleg argument for val av målform. «Det har vorte vanleg å omtale nynorsk som *hjartespråket* til nynorskbrukaren» (Eiksund 2010: 95). Denne tendensen kan kanskje også bli rekna for å vere meir vanleg blant nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar, eller sagt på ein anna måte: skriftspråket er for nynorskbrukarar kanskje ein større del av identiteten. I alle fall kan nynorsk bli oppfatta som ein meir markert del av identiteten. Nynorskbrukarar er ein minoritet i det norske skiftspråksamfunnet. For fleire kan bruk av nynorsk bli oppfatta som avvikande og markert, og for unge nynorskbrukarar kan dette gjere det vanskeleg å skrive nynorsk.

I kryssdelen mellom eit storsamfunn der nynorsk tidvis blir omtalt som ei landeplage, og eit lokalsamfunn som tar målforma som sjølvsagt, kan det å velje nynorsk i sosiale settingar bli som som å velje mellom barken og veden.  
(Eiksund 2015: 36).

Med dette meiner ein at presset frå omgjevnadane vert så stort, at løysinga for fleire, vert å velje bort normert språk og i staden bruke dialekt som ein identitetsmarkør (Eiksund 2015: 36).

I ei undersøking som vart gjort av Karen Marie Kvåle Garthus om språkskifte i Valdres, kom det fram fleire resultat som er interessante i forbindelse med denne oppgåva, blant anna om nynorskbrukarar og dialekt som eg kom inn på i førre avsnitt. Undersøkinga viser at dialekt nær nynorsk ikkje alltid er ein garanti for nynorsk skriftspråk. Derimot viser det seg at dialektbruk nesten er ein føresetnad for å skrive nynorsk, medan det også finst eit fåtal nynorskbrukarar som har eit bokmålsnært talemål (Garthus 2009: 8). Undersøkinga viser også

at det er enklare å bytte hovudmål i ein kommune med både bokmål og nynorsk (Garthus 2009: 5). Om ein set dette inn i eit identitetsperspektiv, kan ein tenkje seg at det å føle seg som ein del av ein gruppeidentitet kan gjere at dei vel å bytte målform.

Menneske generelt ønsker gjerne å føle seg som ein del av dei sosiale omgjevnadane, og slik sett kan fleire føle på eit ynskje om å bruke det skriftspråket som folk flest i omgjevnadane bruker, for å passe inn (Eiksund 2015: 37). I eit område som Hallingdal, kor bokmål og nynorsk vert brukt om kvarandre, kan det difor vere typisk for skriftspråkbrukarar i mindretal å bytte målform. Resultatet vert gjerne at språkbrukaren set identitetsmarkør ved å snakke dialekt og å skrive bokmål, eventuelt at dei nytter dialekt i sosiale medium framfor nynorsk, for å passe meir inn i samfunnet.

Dialektbruk i sosiale medium viser seg å vere meir vanleg på Vestlandet enn på Austlandet. Det kan sjølv sagt vere fleire faktorar som spelar inn her, men ein kan tenkje seg at dette igjen kan sjåast i samanheng mellom det Eiksund omtala som valet mellom borken og veden – at dei ynskjer å nytte eit mindre markert skriftspråk. Nettopp fordi talemålet for fleire er så å seie foreinleg med bokmål, vil det dermed også vere naturleg at språkbrukarar på Austlandet nytter bokmål (Søyland 2022: 7).

Ein kan sjå teikn til at nynorskbrukarar er meir bevisste kva for skriftspråk dei nyttar. Brit Mæhlum snakkar om nynorsk som eit uttrykk for tradisjon og modernitet (Mæhlum 2020: 191), og for fleire nynorskbrukarar kan dette også vere eit argument for val av skriftspråk. Undersøkingar rundt språkbrukarars interesser og grunngjeving for val av skriftspråk, tyder på at nokre nynorskbrukarar er særskilt opptekne av tradisjonar og kultur. I somme område, slik som blant anna Hallingdal, er det lange tradisjonar med nynorsk som skriftspråk. For nokon vil nok nynorsk, på grunn av dette, vere ein normalitet dei har vakse opp med og blitt ein del av den lokale tradisjonen. I slike såkalla «nynorskland» vil nynorsk skriftspråk gjerne halde seg i ein nokså stabil posisjon, trass i at nynorsken generelt har tapt terreng dei siste tiåra (Mæhlum 2020: 195). Ein kan i slike område tenkje seg at det nynorske skriftspråket har utvikla seg til å bli ein viktig del av den lokale identiteten, og av den grunn blir eit argument hos fleire for å ikkje bytte hovudmål.

Eit spørsmål som melder seg i tematikken rundt nynorsk og identitet, er kva for type identitet det eigentleg er snakk om? Kan ein si at det finst ein *nynorsk identitet*, eller vil nynorsk

derimot utgjere ein del av identiteten? Eiksund (2015) legg fram tre måtar å forstå omgrepet «Nynorsk identitet» på:

Den første ser på nynorsk språk som innehavar av ein eigen identitet. Med dette ser ein for seg ein eigen nynorsk etnisitet, kor nynorskbrukarar innehavar fleire fellestrekke ved til dømes kva parti dei stemmer på, bur på visse område og har eigne avisar (Eiksund 2015: 42).

Derimot vil fleire av desse kjenneteikna kunne vert forklart ved av nynorskbrukarar som ein minoritet i storsamfunnet, generelt sett har eit behov for å gjere det ein kan for å styrke nynorskens posisjon. Dette gjer at ein til dømes stemmer på dei partia som set nynorsk føre, og abонnerer på avisar som gjev informasjon om og på nynorsk.

Den andre måten å forstå omgrepene på, ser på nynorsk som eit utgangspunkt for ein kollektiv samlande identitet. Her ser ein på nynorsken som eit nasjonsbyggjande og moderne prosjekt, kor nynorsk språk kan vere samlande for alle nordmenn (Eiksund 2015: 43). Trass i at nynorsken vaks fram då nasjonalromantikken sto sterkt i landet, var ikkje språket meint som eit nasjonalt prosjekt frå Ivar Aasens side. Derimot argumenterte han for eit skriftspråk som bebuarar rundt om i landet kunne identifisere seg med, altså eit *landsmål*, men ikkje nasjonalspråk.

Den tredje forklaringa byggjer på Aasens argumentet som vart nemnt i førre delavsnitt: nynorsk som ein viktig del av den personlege identiteten til alle nynorskbrukarar. Det er nok også denne forståinga fleire nynorskbrukarar kjenner seg igjen i. Ottar Grepstad (2002) seier følgjande:

Det er først og fremst gjennom sin tale at personar i dag blir oppfatta som nynorsk- eller bokmålsbrukarar. Talen er blitt meir synleg enn skrifta. Talen er blitt identitetsmerke.

(Grepstad 2002: 46)

I dagens samfunn kor sosiale medier ofte er ein stor del av menneskes liv, er ein gjerne oppteken av korleis identiteten kan skine gjennom skjermen. Her er vi igjen inne på tesen som ofte gjentek seg ved at unge brukarar gjerne vel bort nynorsk i sosiale samanhengar, til fordel for dialekt. For unge nynorskbrukarar tyder det på at nynorsk ikkje er ein like stor del av identiteten, men heller står att som eit skulespråk, kor dialekt eller bokmål vert synleg i sosiale medier (Eiksund 2015: 45). Dette gjer at nynorsk blir mindre synleg i landet, og gjerne får tildelt ei uformell merkelapp som regionalspråk, medan bokmål står att som det synlege nasjonalspråket.

### 3.2 Nynorsk og haldningar

Som ein kan sjå av førre delkapittel, har haldningar til nynorsk ein stor påverknad på kor vidt personar vel å ha nynorsk som hovudmål, og i så fall kor mykje dei vel å bruke det. I spørjeundersøkinga mi, stiller eg nokre spørsmål i eit forsøk på å kartlegge elevanes haldningar til skriftspråk. Blant anna spør eg kva dei tenkjer når dei hører ordet «nynorsk» og om dei ser nokre sider ved nynorsk som er viktig og/eller verdifullt. Vidare har eg også nokre spørsmål som går på haldningar til nynorsk og sidemål i skulen, kor spørsmål om kompetanse i dei to målformene kan vere aktuelle å sjå i samanheng. I dette delkapittelet skal eg gå vidare inn på korleis språkhaldninga kjem til, og kva dei gjer, men først er det naturleg å seie noko om kva ei *språkhaldning* er.

Ifølgje Kulbrandstad beskriver omgrepet *haldning* «at individet vurderer ett eller annet i den ytre verden meir eller mindre fordelaktig eller ufordelaktig» (Kulbrandstad 2016: 248).

Vidare kan omgrepet *språkhaldning* enkelt bli forklart som dei oppfatningane vi har om språk og språkbruk (Hårstad et al, 2015: 44). Fleire forskrarar meiner at det finst ulike typar haldningar, og eit vanleg skilje går mellom det ein kallar *bevisste* og *underbevisste* språkhaldningar. Bevisste språkhaldningar er haldningar som ein er kjent med at ein har, og som ein kan uttale seg om. Dei underbevisste språkhaldningane kan vere vanskelegare å avdekke, blant anna fordi det krevst spesielt utforma metodar for å få dei fram (Hårstad et al, 2015: 44).

Haldningar kan også vere skjulte og opne. Det kan vere vanskeleg å skilje desse frå bevisste og underbevisste haldningar, men enkelt sagt kan ein seie at ein person kan vere bevisste dei haldningane den har, men likevel halde dei skjult (sjå Garrett 2010). Å vere bevisst at haldningar kan opptre på ulike sett, kan vere særskilt nyttig om ein skal drøfte metodar som skal gjere greie for informantane haldningar rundt eit gitt tema.

Det finst mange som meiner noko om nynorsk, og meiningsane er gjerne sterkare om nynorsk enn dei er om bokmål. I ein artikkel hos Språkrådet som så vidt vart nemnt tidlegare, snakkar Tove Bull om eit språkleg hierarki. Bull meiner at nynorsk er markert, medan bokmål er umarkert (Bull 2004). Omgrepsparet markert og umarkert har vore viktig i sosiolinguistisk forsking, og gjer mykje mening i nynorskforskinga. Med markert meiner ein eit fenomen

som trekkjer til seg merksemeld, og fører med seg visse assosiasjonar. Bull hevdar med dette at «bokmål er nøytralt: nynorsk er det ikkje» (Bull 2004).

Brit Mæhlum (2020) legg fram ei oversikt over motsetningspar som kan relatere til kontrastane mellom nynorsk og bokmål, som ein kan nyte for å danne seg eit bilet av kva som ligg bak språkhaldningane med *markert* og *umarkert* skriftspråk:

Nynorsk	Bokmål
Lokalt eller regionalt	Overregionalt, geografisk nøytralt
Lokalsamfunnet	Storsamfunnet
Periferi	Sentrum
Ruralt, distriktstilknytta	Urbant, sentralt
Markert, avstikkande	Umarkert, alminneleg
Tradisjon	Modernitet

Tabell 3.1 Motsetningspar om nynorsk og bokmål

Kjelde: Brit Mæhlum «Konfrontasjoner» (2020), s. 197

Når ein oppfattar nynorsk som markert, gir ein gjerne også eit uttrykk for nynorsk som eit avvikande skriftspråk. I tillegg til omgrepssparet markert og umarkert, nyter Mæhlum omgrepet *avstikkande* om nynorsk og *alminneleg* om bokmål. Dette er med å framheve eit maktforhold mellom dei to skriftspråka, som gjer bokmål meir attraktivt for menneske som ikkje ynskjer å skilje seg ut. Desse oppfatningane er kanskje særstak i bokmålsdominerte område, men dei finst også i randsoner til nynorsk, og likeins i nynorske kjerneområde.

At nynorsk får merkelapp som regionalspråk, og vert assosiert med bygdepatriotisme, som vart nemnt i førre kapittel, kan føre til at haldningane til nynorsk også vert stereotypiske. Det finst fleire eksempel i media med blant anna lærarar som er imot nynorsk, som omtalar nynorsk som eit språk basert på vestlandsdialekter og at det er eit bygdespråk som også hører heime på bygda. Stereotypiske trekk ved nynorsken skin gjerne gjennom, der kor faktiske sannheiter ikkje kjem fram. Dette tyder på at nynorsken i område utanfor nynorske kjerneområde gjerne vert møtt med spesiell merksamheit, og der bokmål går umerka. I tillegg til dei stereotypiske haldningane, finst det også andre orsakar til dette. Nynorsk er generelt sett mindre brukta enn bokmål, og dermed vil fleire hengje seg opp i skriftspråket. Om

ein til dømes les ein tekst på nynorsk, vil fleire merke seg skriftspråket, enn kva dei ville gjort om teksten var på bokmål.

Kor vidt språkhaldningane dreier seg om haldningane til personane som bruker språket eller språket i seg sjølv, har vore eit tema i fagdebatten (Kulbrandstad 2015: 249). Fleire av dei som tek eit val om å bruke nynorsk eller dialekt i sosiale settingar, er også gjerne klar over at dei i større grad vil bli lagt merke til i bokmålsdominerte samfunn, enn om dei berre hadde halde seg til «normalen».

Kva ein signaliserer med språkvalet sitt, heng saman med kva som er rekna for normalt/nøytralt og avvikande/markert i den skriftkulturen der ein ytrar seg, og kva assosiasjonar som er knytte til det som skil seg ut frå det nøytrale.

*(Eiksund 2015: 66)*

Nynorsk har på nokre område utvikla seg til eit skulespråk, medan samfunnet rundt stort sett bruker bokmål. Dette er tendensar som ein gjerne kan knytte til fleire av dei negative haldningane til nynorsk, som ein orsak. Når ein skriv nynorsk, kjem det ofte spørsmål om korfor ein vel å gjere akkurat det (Eiksund 2015: 67).

Nynorskbrukarar opplever ofte å måtte grunngje valet sitt, nettopp fordi fleire oppfattar nynorsk som noko unormalt. Dette har den negative påverknaden kor fleire dermed vel bort nynorsk i sosiale samanhengar, for å kunne passe inn i språksamfunnet. Slik sett dannar det seg ein evig sirkel, kor nokre menneskes oppfatningar, gjer at nynorskbrukarar vel bort å skrive nynorsk. Dermed vert nynorsk mindre synleg og også meir markert, kor nynorskbrukarar igjen vel det bort i sosiale settingar.

### **3.2.1 Språkhaldningar i skulen**

I denne oppgåva kor fokuset er retta mot elevar i skulen, er det nyttig å sjå haldningane i eit elevperspektiv, for å danne eit bilet av kva som vert gjort på skulen. Fleire undersøkingar tyder på at det er ei samanheng mellom elevanes haldningane til nynorsk og meistring. Mange elevar oppfattar nynorsk som vanskeleg, og slik sett dannar dei seg negative assosiasjonar til nynorsk. Det finst riktignok mange orsakar til at nynorsk for mange vert utfordrande, og i dette delkapittelet kjem eg blant anna til å sjå på tematikk rundt språkkompetanse

læringsressursar, eksponering og undervisning, nettopp for å danne eit bilete av nynorskens posisjon i skulen.

Mange elevar opplever nok nynorsk som vanskeleg, eller at dei har betre kompetanse i bokmål. For fleire gjer dette at dei får ein negativ haldning til nynorsk i undervisning, og kanskje spesielt assosiert med grammatikk undervisning og sidemålsstil (Askeland m.fl. 2020: 74). Denne oppfatninga og haldninga til nynorsk kjem gjerne fram som ein underbevisst haldning, kor motivasjon for læring gjerne er därleg etter tidlegare erfaringar.

Sidan 1969 har læreplanar omtalt nynorsk og bokmål i eit hovudmålperspektiv og eit sidemålperspektiv, noko som har munne ut i den såkalla «sidemålsproblematikken» (Skjønig 2011: 43). Ved mange skular har norskundervisninga gjerne fokusert på hovudmålet, medan sidemålet først har dukka opp i samanheng med vurdering. Kanskje spesielt for nynorsk har sidemålet hamna i ein negativ posisjon hos elevar, også hos lærarar. Undervisninga i nynorsk som sidemål har gjerne blitt nokså periodevis og einsidig, med grammatikk undervisning og tekstskriving som nemnt ovanfor, noko som heilt klart påverkar motivasjonen og innstillinga til nynorsk i undervisninga.

Fleire undersøkingar viser at elevar stiller seg meir positiv til nynorsk, dersom han er integrert som ein naturleg og kontinuerleg del av norskundervisninga (Askeland et al, 2020: 72ff). Der sidemålsundervisninga har vore nokså einsidig, har norskundervisning på hovudmålet vore vesentleg meir variert og innhaldsrikt, som naturlegvis også er med å setje hovudmålet i ein sterkare posisjon. Det å bruke nynorsk i fleire situasjonar, til dømes i mindre sekvensar og gjennom lette aktivitetar, kan vere med å gje elevane ei kjensle av meistring, samstundes som at det også kan lette haldningane til nynorsk (Jansson 2011: 184).

Eit anna aspekt ved språkhaldningar er eksponering. Dette vart også nemnt tidlegare under språkhaldningar generelt, men det er også nyttig å sjå i skulesamanheng. Ved dei fleste skuler utanfor kjerneområde for nynorsk, tyder det på at nynorsk gjerne er lite synleg i dei fleste fag. Også fleire skuler med nynorsk som hovudmål opplever problematikk rundt å finne nok lærarar med kompetanse i nynorsk (Mållaget). Dette fører gjerne til at elevar både ser og les mindre nynorsk på skulen, noko som kan vere med å svekke kompetanse i skriftspråket. Samstundes er læraranes kompetanse i nynorsk også viktig for god vurdering av elevanes

tekster. Gode norskærarar gjev grundige framovermeldingar, som kan verke oppmuntrande på elevane til å bli betre i nynorsk (Skjøng 2011: 77ff).

Nokre lærarar har også vore strengare i retting av sidemålsstilar enn kva som står i rettskrivingsnormalen. Om elevar opplever mange raude strekar etter kvar innlevering, vil det gjerne også verke negativt inn på motivasjonen for å prøve å bli betre (Askeland et al, 2020: 43).

I boka *Nynorsk på nytt*, framhevar dei korleis eit språkvennleg miljø, er eit godt utgangspunkt for å bøte med negative haldningar til sidemål. Dersom norskundervisninga generelt sett hadde ei jamn fordeling av bokmål og nynorsk, kor dei også blir brukt om kvarandre, vil begge skriftspråk bli meir normalisert for elevane. Dette kunne også styrka elevanes kompetanse i nynorsk (Askeland et al, 2020: 72).

Ein kan også stille seg spørsmålet om det hadde vore enklare for nynorskelevar å halde på nynorsk som hovudmål, dersom dei fleste har eit meir nøytralt forhold til nynorsk? Dersom norskundervisninga gjekk føre seg på begge målformer, ville gjerne fleire elevar normalisert nynorsk. Derimot er det dessverre fleire nynorskelevar som uttrykkjer at dei kjenner seg mobba eller sett ned på, om dei nytter nynorsk (Askeland 2020: 46). Øystein Vangsnes har dokumentert språkmobbinga i boka *Språkleg toleranse i Noreg – Norge for faen!*, kor han meiner at det verkar som at fleire har ein sosial aksept for å slengje drit om nynorsk (Askeland m.fl. 2020: 47). Nokre nynorskelevar uttrykkjer at mange medelevar har ei negativ haldning til nynorsk fordi det dreg ned karaktersnittet, og at motivasjonen for å lære nynorsk er låg. Ved undervisning i nynorsk kan det difor kome frasar som «spynorsk», og ved eige bruk av nynorsk, kan dei få høyre kommentarar som «skriv norsk!». Dette kan sjølvsagt gjere at elevar vegrar seg mot å velje den målforma dei eigentleg ynskjer å skrive.

Det er slik sett interessant å sjå kor vidt nynorsk er markert blant elevane i Hallingdal. I undersøkinga stiller eg fleire spørsmål som tek for seg haldningar og assosiasjonar til nynorsk. Blant anna spør eg elevane om dei ser på nynorsk som ei likestilt målform med bokmål, og om det fell seg naturleg for dei å lese nynorsk, slik som det er å lese bokmål.

## **4. Metode og feltarbeid**

### **4.0 Innleiing**

I dette kapittelet tek eg for meg kva for metode eg har brukt, og grunngjevinga for val av metode vil bli belyst i samanheng med dei teoretiske perspektiva som kom fram i førre kapittel. Vidare gjer eg greie for utvalet av informantar og gongen i spørjeundersøkinga, samt gjennomføringa av undersøkinga i praksis. Til slutt vil det også kome ei vurdering av metodens utforming, gjennomføring og tolking av resultata.

### **4.1 Kvantitativ metode**

Metode er ei nemning for korleis ein kan samle inn, behandle og analysere data (Mæhlum 2008: 74). Når ein vel metode, må ein først og fremst tenkje på kva for materiale og resultat ein er ute etter. Her kan ein skilje metode i to hovudkategoriar: *kvalitativ* og *kvantitativ*, der førstnemnde vil gje eit resultat med mykje djupn, medan den kvantitative i større grad kan vise tal og variablar.

I denne undersøkinga var det nyttig å velje ein metode som kan kartleggje tendensar og variablar, slik som til dømes haldningar til sidemål, hos eit større utval elevinformantar ved skulen, og valet fall då på ei kvantitativ undersøking i form av eit digitalt spørjeskjema. Resultatet av ein slik metode vil kunne teljast og systematiserast, og framheve visse variablar og tendensar. Ei utfordring ved ein slik metode, vil derimot vere å stille spørsmål som er opne nok, og som ikkje er leiande, samstundes som ein gjerne vil ha svar som er utfyllande rundt det ein faktisk spør om og er ute etter å finne svar på.

#### **4.1.1 Reliabilitet og validitet**

I eit forskingsprosjekt er det vanleg å sjå på metodens reliabilitet og validitet. Reliabilitet seier noko om metodens nøyaktigkeit, medan validitet peikar på om resultata etter metoden kan sjåast på som gyldig eller ikkje. Med eit spørjeskjema som metodisk instrument, vert utforminga av spørjeskjema spesielt viktig for at informantane gjev svar på det ein faktisk er ute etter, og at resultata kan vere med å gje svar på problemstillinga. Vidare vil ein kunne vurdere validitet ut i frå blant anna kor mange informantar som deltek og gjennomføring, for å til dømes kunne betrakte resultata som generaliserande for den gjeldande gruppa eller ikkje. I denne oppgåva tok eg eit val om å berre undersøkje ein skule, fordi eg tenkte eg vil få eit

representativt utval elevar for heile Hallingdal. Skulen har som sagt elevar frå heile dalen, men på ei anna side berre programområde som ofte passar til vidareutdanning ved universitet og høgskule. Det vil altså seie at validiteten for å kunne seie noko om ein mogleg samanheng mellom språkval og utdanningsval blir svak, dersom det kunne vore ei aktuell tese å undersøkje.

Kvantitativ metode er mykje brukt i sosiolingvistisk forsking slik som denne, kor ein til dømes er ute etter å kartlegge ei større gruppens språkvanar eller språkbruk. I eit prosjektet som dette, kor informantane haldningar og identitet står sentralt for forskingas problemstilling, kan kvantitativ metode slik som spørjeskjema gje eit resultat med god validitet.

Sidan eg ikkje nyttar meir kvalitative metodar slik som intervju, er det derimot spesielt viktig å ta høve til utforming av spørsmåla. Det kan i nokre tilfelle vere vanskeleg å få fram informantanes meningar, og som det vart nemnt i teori-delen, kan haldningar vere spesielt utfordrande å kartleggje. Haldningar kan vere opne og skjulte haldningar, og bevisste og ubevisste. Haldningar som er ubevisste, er gjerne også skjulte, å kan vere spesielt vanskeleg å få fram i eit spørjeskjema. Korleis ein formulera spørsmåla, kan ha mykje å seie for korleis haldningane kjem fram. Gjennomtenkt val av omgrep kan difor vere spesielt viktig, og kanskje spesielt viktig i samanheng med nynorsk som nokre menneske automatisk koplar assosiasjonar til. I nokre situasjonar har eg difor valt å skrive sidemål framfor nynorsk, samstundes som eg stiller mange liknande spørsmål om bokmål slik som nynorsk, slik at informantane ikkje nødvendigvis forstår nynorsk som uthengjande og negativt i undersøkinga.

Undersøkinga inneheldt derimot nokre opne spørsmål, for å opne for ei meir kvalitativ tilnærming til resultata. Desse spørsmåla tek gjerne for seg viktige og sentrale element, og eit av dei går på korfor elevane valte den målforma som dei gjorde. Elevane får her moglegheit til å forklare med eigne ord og formuleringa, noko som også opnar for meir individualitet og subjektivitet i svara. Bokmålselevane utgjer ein stor del av informantgruppa, og vil utgjere ein ganske stor del av resultatet, som difor kan betraktast som generaliserande for elevar som har bytta frå nynorsk til bokmål. Derimot var det berre fem nynorskelevar som tok del i undersøkinga, og svara frå desse blir dermed litt få til å kunne vise utover ei større gruppe. Svara på slike spørsmål vil på ei anna side ha god kvalitet og validitet til å seie noko om

akkurat desse nynorskelevanes val av målform, for val av målform er trass alt eit subjektivt val.

## 4.2 Val av informantar

I spørjeundersøkinga var eg ute etter å kartlegge nynorskelevars haldningar til nynorsk, anten dei har bytta til bokmål, eller framleis har nynorsk som hovudmål. Gjennom denne kartlegginga, var det tenkt at ein skulle kunne danne seg eit bilet av elevane haldningar og identitetsfokus, som mogleg kunne setjast i samanheng med informantane val av målform. Det var altså ikkje aktuelt å ha med elevar som aldri hadde hatt nynorsk som hovudmål, då det er bakgrunnen for korfor dei anten valte bort nynorsken, eller valte å halde fram med nynorsken som er det overordna forskingsspørsmålet i oppgåva.

Val av aldersgruppe, vart blant anna gjort på bakgrunn av at eg i nokre kommunar, slik som i Ål kommune, såg eit generelt høgt tal av nynorskelevar i ungdomsskulen, som eg antok at ville vere særskilt mykje lågare på vidaregåande. Hadde eg derimot valt å gjennomføre undersøkinga på ungdomsskulen, kunne eg kanskje fått eit førebels inntrykk av kva for målform elevane kom til å velje og korfor, men ved å undersøkje elevane på vidaregåande skule, vil eg få eit meir gjennomtenkt svar, då dei allereie har gjennomført dette valet. Vidare var det ynskjeleg å danne seg eit bilet av språksituasjonen i heile dalen. Med ei særskilt ujamn og i nokre kommunar mangelfull fordelinga av nynorskelevar, ville det vere nokså krevjande å besøke alle dei aktuelle skulene i dalen, kor eg ved nokre skuler kunne møte mindre enn 10 elevar med nynorsk.

Då eg skulle finne informantar, viste det seg også at nokre elevar også hadde bytta hovudmål i løpet av skulegangen på ungdomsskulen. Fleirtalet av desse kom frå Hemsedal og Gol, og det kan verke som at elevane på Ål nærmast tek det som ei sjølvfølgje å ha nynorsk som hovudmål på skulen.


Av informantane var det til saman 39 bokmålsbrukarar og fem nynorskbrukarar. Alt i alt var det altså 44 elevinformantar, der 19 av desse kom frå Ål, 16 frå Gol, og fem frå Hemsedal. Den eine informantanen som står registrert under «anna» kjem frå Valdres-området. Det viste seg også at nokre elevar frå Nes ungdomsskule hadde teke del i undersøkinga, sjølv om det ikkje er registrert nynorskelevar på Nes dei siste åra. I eit forsøk på å slette desse informantane frå resultata, kom eg fram til at det vart for risikabelt då eg sto i fare for å slette

feil informantar, sidan informantane berre sto registrert med tal og koder. Dette gjer at undersøkinga har svar frå informantar som eigentleg ikkje er aktuelle for problemstillinga, og som kan ha eit utslag i bokmålets favør på nokre av spørsmåla.

	Bokmål		Nynorsk	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
Ål ungdomsskule	9	9	1	0
Gol skule	0	14	1	1
Hemsedal barne- og ungdomsskule	2	1	0	2
Nesbyen skole	0	3	0	0
Anna	0	1	0	0
<b>Totalt</b>	<b>11</b>	<b>25</b>	<b>2</b>	<b>3</b>

Tabell 4.1 Oversikt over informantar, delt inn etter målform, kjønn og ungdomsskule

Ein kan sjå at det var ei skeivfordeling av kjønn som tok undersøkinga, med heile 68 % jenter og 32 % gutter. Det vil altså bety at 28 av dei 44 informantane er jenter. Eg er noko usikker på akkurat kva dette skuldast, men har mest sannsynleg berre å gjere med eit generelt fleirtal av jenter ved skulen. Eg trur altså ikkje det betyr at fleire jenter har hatt nynorsk i grunnskulen enn gutter.



Figur 4.1 Fordelinga av informantar med bokmål og nynorsk

Figuren over viser fordelinga av målforma som informantane har valt i år. Ein kan sjå at nesten ni av ti har valt bokmål, og i tabellen under kan ein sjå fordelinga med gutter og jenter.

Informantane kjem frå alle årstrinn på skulen, og er også jamt fordelt med om lag 40 % frå vg3, og 30 % frå vg1 og vg2. Når det gjeld kva for programområde dei går på, var det nesten 60 % informantar frå studiespesialiserande, 39 % frå idrett og 2 % frå musikk-, dans- og drama. Dei to førstnemnde programområda er også dei to største, så utvalet vart naturleg med tanke på dette. Derimot er det fleire jenter enn gutter som har teke del i undersøking, kor 68 % av informantane er jenter.

Det var nokså utfordrande å finne elevar som tidlegare hadde hatt nynorsk, dels fordi det var vanskeleg og kartleggje, men også fordi det var mykje fråvær på skulen i planleggingsprosessen. Utvalet av informantar var difor tidvis nokså lågt, og ein periode påverka av korona med få elevar tilgjengelege på skulen.

### 4.3 Gjennomføring

For å organisere og gjennomføre ei slik undersøking med informantar frå ein heil skule, var eg avhengig av godt samarbeid med skulen. Eg fekk tidleg kontakt med avdelingsleiaaren i filologiske fag, som stilte seg positiv til undersøkinga, og som vidareformidla informasjon om denne til dei andre norsklærarane ved skulen.

I første omgang var det planlagt at undersøkinga skulle gjennomførast i desember, men nokre dagar før det planlagde tidspunktet måtte dei vidaregåande skulene i heile landet over på raudt nivå, som følgje av høg smitte av koronaviruset. Dette gjorde at undersøkinga vart satt på vent, og planlegginga vart noko vanskeleg og uføreseieleg. Ny dato vart lagt til byrjinga av februar, og då datoен nærma seg, hadde lærarane hatt vanskar for å samle informantar, på grunn av mykje fråvær med den tida vi var inne i. Derimot kasta lærarane seg rundt, og tok meg imot den planlagde dato, og dagen i førevegen gjekk eg rundt til klassane å fekk registrert dei elevane som var aktuelle. I klassar kor tidspunktet passa dårleg, var det også lærar som tilbydde seg at eg også kunne bruke deira skuletime neste dag, slik at informantar frå desse klassane også fekk tatt del i undersøkinga.

Eg opplevde som sagt noko fråfall av informantar då undersøkinga skulle gjennomførast, blant anna informantar frå restaurant og matfag, men dei aller fleste møtte. Vidare kan ein spørje seg om dei 44 informantane som eg til slutt ende opp med, utgjer om lag halvparten av dei noverande og tidlegare nynorskelevane frå dei tre nynorskkommunane. Om ein tenkjer

seg at talet på elevane frå dei tre kommunane fordeler seg nokså likt på Gol vidaregåande skule og Ål vidaregåande skule, og ein tek utgangspunkt i tala på nynorskelevar i tabell 2.6 på side 15, skulle ein faktisk kunne rekne med om lag 180-190 aktuelle informantar ved skulen. Ut i frå tala frå skulen med elevar som er registrert ved nynorsk som hovudmål, skulle ein også kunne rekne med om lag 40 informantar med nynorsk som hovudmål dette skuleåret. Det tyder slik sett på at talet på informantar kunne ha vore mykje større enn det faktisk vart. Altså var planlegginga og kommunikasjonen med skulen god, men gjennomføringa vart noko utfordrande med koronasituasjonen som påverkande faktor.

#### **4.4 Spørjeundersøkinga**

Spørjeundersøkinga (sjå vedlegg 1) vart lagd på bakgrunn av dei teoriane eg hadde brukt, for å vidare skulle kunne svare på problemstillinga. Spørjeundersøkinga var elektronisk, og var organisert i følgjande hovudkategoriar: heimstad, identitet og kultur, forholdet til nynorsk og bokmål, språkbruk og syn på dei to målformene på skulen og i samfunnet. Ut i frå desse spørsmåla vil ein kunne få eit inntrykk av elevanes perspektiv på eigen identitet og språkbruk, samt kva for språkhaldningar dei har. Eg er også ute etter å sjå om informantane har eit bevisst forhold til sin eigen språkbruk og språk i samfunnet. Desse variablane vil saman vere med å få fram kva for faktorar som påverkar elevanes språkval.

I utforminga av spørjeundersøkinga, såg eg blant anna på undersøkingar som var gjort tidlegare med same- eller liknande tema. Eg tok her utgangspunkt i undersøkingar av Kleggetveit (2013) og Garthus (2010). Førstnemte har ei nokså liknande problemstilling, og har fleire gode spørsmål kor resultata kan vere interessante å samanlikne. Vidare er Garthus si undersøking gjort i Valdres, som er eit nokså samanliknbart område med Hallingdal. I Garthus si undersøking fann eg dermed fleire variablar som kan vere interessante å undersøkje med tanke på dialektbruk og eksponering av nynorsk, som i utgangspunktet bør være nokså likt i både Hallingdal og Valdres, sjølv om dialektbruken kanskje er noko høgare og meir stabil blant ungdommen i Valdres.

Hallingdal som område, er som tidlegare nemnt det ein kan definere som ei randsone for nynorsken. Eg hadde difor ei førebels hypotese om at elevane her, gjerne var meir eksponert for nynorsk enn i andre områder på Austlandet, og at kompetansen og kjennskapen til språket gjerne var betre enn normalen. Talet på nynorskelevar har likevel hatt ein gjennomsnittleg

jamn nedgang i dalen. Eg var difor ute etter å sjå om det var nokre faktorar som spelte inn, anna enn kompetanse og til dømes haldningar til nynorsk som eit markert skriftspråk. Ein kan dele inn spørjeundersøkinga i fire delar.

I første del av undersøkinga (sjå vedlegg 1), vert elevanes bakgrunn kartlagt. Eg spør her blant anna om kva for ungdomsskule dei gjekk på, litt for å danne meg eit bilet av kva for målform dei kan ha blitt mest eksponert for gjennom skulegangen. Vidare kjem det spørsmål som ser på elevens og foreldrane tilknyting til dalen, til dømes om begge foreldra kjem frå Hallingdal og kor lenge dei har budd her. Det kjem også spørsmål som går på identitet knytt til Hallingdal, dialekt og interesser for kultur og tradisjonar.

Spørsmåla i andre del tek for seg valet av hovudmål. Eg er her blant anna ute etter bakgrunnen for valet, og om dei kan ha vore indirekte eller direkte påverka. Det vert stilt eit ope spørsmål om korfor dei valte som dei gjorde, og bokmålselevane vart spurta om når dei bytta frå nynorsk. Eg spør også om kor sikker dei var i valet, for å også kunne få eit bilet av kor gjennomtenkt valet kanskje var. I denne samanhengen ser eg også på elevenes oppfatning av medelevars val av målform, då dette kan ha indirekte påverknad på valet. Som det vart nemnt i teoridelen om identitet (3.2), har ein gjerne eit ynskje om å passe inn og å føle seg som ein del av ein heilskap. Dersom dette er tilfelle, kan ein ende opp med å bytte målform, på grunn av at vener og medelevar gjer det.

Tredje del inneholder spørsmål som går på språk i skule og samfunn. Her forsøker eg blant anna å kartlegge elevenes eksponering av nynorsk og bokmål gjennom oppveksten og no. Eg spør blant anna om kor mykje dei ser og les av nynorsk i samfunnet, og kor godt synleg nynorsk er i lokalsamfunnet. Vidare kjem det også spørsmål om eksponering av dei to målformene på skulen, blant anna kva målform som vert mest brukt i norskfaget spesifikt og i andre undervisningsfag, samt kva for målform dei ser mest av i lærebøkene og tilgjengeleghet av lærebøker på ynskja målform. I førre del av spørjeskjemaet spør eg også om kva målform som vart mest brukt på ungdomsskulen dei gjekk på, for å sjå om dette er samanliknbart med undervisninga på vidaregåande, og om det eventuelt kan knytast til kommunane.

Språkhaldninga er indirekte spurta om i dei andre delane av undersøkinga, men i fjerde del kjem fleire konkrete spørsmål rundt dette. Eit spørsmål går på kor vidt dei ser på nynorsk og bokmål som to likestilte målformer, og eit anna om det fell seg naturleg å lese tekstar på

nynorsk. Det vert her også stilt eit ope og meir direkte spørsmål, om dei ser nokre negative sider ved å bruke nynorsk. Til slutt spør eg om det finst ein moglegheit for at dei bytter målform i framtida, kor eg også kan få eit nytt inntrykk av kor sikre dei er i valet av målform, eventuelt om undervisning, læring og karakterar er ein faktor for at fleire bytter då dei byrjar på vidaregåande.

## 4.5 Metodekritikk

Alle metodar har sine svakheiter, og sjølv om metoden først og fremst skal fungere som eit verktøy for å hjelpe undersøkinga, kan han også til dømes vere med å avgrense oppgåva og moglege resultat som kunne kome fram. Samstundes er det også viktig å vere kritisk til eigen framgangsmåte, då tema som blant anna språkhaldningar kan vere vanskeleg å måle, uansett metode. Svakheiter er ikkje mogleg å kome rundt, og om ein er bevisst undersøkingas styrker og svakheiter vil analysen og gjennomgangen av resultata bli meir dekkande. Ved å gjere dette vil ein slik sett ikkje kome til å trekke slutningar som det ikkje er grunnlag for, samstundes som at konklusjonane og refleksjonane vil vere meir nøyaktige.

Ved bruk av kvantitativ metode, kan ein tenkje seg spesielt tre faktorar for å rette kritikk: Metodens validitet, kva som er metodens avgrensingar og moglegheita for å kunne generalisere ut frå dei funna eg har. Desse skal eg kome meir inn på, då eg skal ta for meg utforminga av undersøkinga, gjennomføringa og korleis resultata av undersøkinga kan tolkast.

### 4.5.1 Utforming og gjennomføring

Utforminga av spørjeskjemaet har mykje å seie for kva svar ein får. Når ein skal sjå på korleis spørjeskjemaet er utforma, kan det vere nyttig å vere merksam kva for type spørsmål som er stilt og korleis. Det er først og fremst viktig å vere merksam på kva ein ynskjer å få svar på, og vidare sjå om spørsmåla som vert stilt gjev svar på dette. Ein kan også spørje seg om ein undersøkjer det ein skal undersøkje, då det eksempelvis kan bli mange spørsmål som eigentleg ikkje er relevant for oppgåva, men som tvert om skapar meir forvirring rundt prosjektets empiriske innhald.

I utforminga av første del av undersøkinga som har som formål å kartlegge bakgrunnen til informanten, valte eg å ta med dei fleste tenkeleg relevante variablane, fram for å velje bort noko som kunne vore interessant. Saman med fleire spørsmål om bustad og skule, vart det om

lag åtte spørsmål i første kartleggingsdel. Ein har då moglegheit til å undersøkje alle desse variablane saman med større hovudspørsmål, kor det som ikkje viser seg som ikkje spesielt relevant, heller kan veljast bort i gjennomgangen av undersøkinga. Dette er derimot meir krevjande, men ein har då ein moglegheit til å dykke djupare i visse hypotesar.

Ei mogleg utfordring med undersøkinga er altså at han kan vere noko omfattande å gå gjennom. For informantane verka det derimot som at undersøkinga var grei å gjennomføra, og at spørsmåla stort sett var forståelege. Det var derimot nokre omgrep slik som forskjellen på kultur og tradisjon som måtte forklaraast. Dette spørsmålet dukka derimot ikkje opp før i siste gruppe, kor ein dermed kan rekne med at nokre informantar ikkje har vore heilt sikker på kva dei skulle svare ut i frå eigen situasjon. Vidare var det også eit tilfelle kor «dialekta di» var uklart, og skapte forvirring rundt om det då var snakk om tradisjonelt hallingmål eller den dialekta dei faktisk har, som var noko anna enn hallingmål. Slike utfordringar er nokså vanlege, kor nokre spørsmål kan ha utfordrande omgrep, eller rett og slett ikkje vere tydeleg nok, og slik sett misforståast. Det kan vere vanskeleg å førebu seg på kva for spørsmål som kan bli misforstått, og eg skulle gjerne sett at eg hadde gått gjennom nokre av dei spørsmåla som vart nemnt i førekant av undersøkinga, og presisert dei.

Som ein kan sjå er det difor nyttig å vere til stades under gjennomføringa av ei spørjeundersøking, samstundes som at det også gjev ei viss innsikt i kva for spørsmål som kunne vere utfordrande, slik at ein kan ta høgde for det i vurderinga av resultatet. På ein anna side kan det at eg er til stades også påverke informantane til å svare annleis enn kva dei ville gjort om eg ikkje var der. Nokre informantar kan svare det dei trur at eg vil ha til svar, sjølv om dette kanskje helst skjer ved intervju som metode. Videre vil samansetninga av opne og lukka spørsmål derfor vere viktig, for å sørge for at informantanes svar blir meir autentiske og at informantanes eigentlege meningar kjem fram.

Som nemnt tidlegare, kan blant anna haldningar til noko vere vanskeleg å kartleggje, og det blir difor spesielt viktig å stille dei rette spørsmåla. Spørjeundersøkinga hadde difor fleire spørsmål som kunne kartleggje språkhaldningar. Der eit spørsmål spurte om kva for målform dei best likar å skrive, var det eit anna spørsmål som spurte om kor godt dei skreiv nynorsk. Slik sett vil ein kunne sjå kva desse haldningane eventuelt kunne grunnast i, og om dei for eksempel kunne ha samanheng med kompetanse eller ikkje. Meir om slike problemstillingar vil eg kome meir inn på under drøftinga.

#### **4.5.2 Korleis tolke funna?**

Datainnsamling var gjort digitalt med SurveyXact, og det er også der dei ulike analysane vert gjort. Her er det mogelegheiter for å sjå samanhengar mellom dei ulike svara gjennom å krysse fleire variablar. Dette er blant anna nyttig for å sortere ut elevanes målform og heimkommune, for å vidare kunne sjå mogelege skilnader mellom informantane.

Når ein skal tolke funn, kan det blant anna vere nødvendig å sjå på kor mange informantar ein har, og kor breitt dette informantutvalet er til å kunne svare for heile området som oppgåva i utgangspunktet tek for seg. Kva er i så fall moglegheita for å generalisere ut i frå dei funna eg har? Informantane i denne undersøkinga vil eg seie er representativt for nynorskkommunane i dalen, trass i at talet kunne ha vore høgare som tidlegare nemnt. Talet på elevar som i dag har bokmål som målform er jamt fordelt på dei ulike kommunane, medan talet på nynorskinformantar vart nokså lågt. Nynorskelevane var alt i alt berre fem informantar, og det var berre ein elev frå Ål kommune, to frå Gol kommune og to frå Hemsedal kommune. Svara frå desse nynorskinformantane er derfor noko vagt for å kunne generalisere situasjonen til nynorskelevar generelt i eit slikt randsoneområde. Likevel er dei nyttige for å gje eit autentisk innblikk i akkurat desse elevanes situasjon, og dei gir også svar på korfor dei har valt det dei har valt, og eit slikt val vil alltid vere subjektivt, uansett kor mange informantar ein har.

I forbindelse med tolking av resultata er samansetninga av opne og lukka spørsmål her sentralt, og blant anna for mange lukka spørsmål vil kunne avgrense oppgåva. Funnas kvalitet og subjektivitet vil ved lukke spørsmål vere vanskeleg å få fram, kor innehavaren av undersøkinga derimot vil kunne styre svara eller prege resultatas formulering. Samstundes vil også for mange opne spørsmål kunne føre til at informantane styrar utanom det dei eigentleg vert spurt om, eller gje svar som ikkje har relevans med oppgåva. Ved til dømes spørsmål som skal kartleggje haldningar, som ein tidlegare har sett at kan vere vanskeleg å kartleggje, vil eit stort tal opne spørsmål kunne føre til at informantane styrer utanom å gje uttrykk for dei faktiske haldningane rundt det som vert spurt om.

I denne undersøkinga er det eit fleirtal av lukka spørsmål, kor informantane svarar ved å krysse av på eit utval alternativ. Likevel er det også nokre opne spørsmål kor informantane svarar med eigne ord, og dette er spørsmål som er avhengig av subjektive svar, slik som årsak til val av målform, tankar rundt sidemål i skulen og assosiasjonar til omgrepet «nynorsk». Både undersøkinga og analysen er altså kvantitativ, men berer også preg av kvalitativ art

gjennom dei opne spørsmåla. Ut i frå dette vil eg påstå at resultata vil dekkje godt opp under dei spørsmåla som vert stilt, og at spørsmåla i seg sjølv vil kunne gje resultat med validitet. Likevel er nokre av tendensane som vert undersøkt stort sett av subjektiv karakter, og seier ikkje nødvendigvis noko om språksituasjonen til alle i den same aldersgruppa i kommunen, men tvert om kan det vise eit døme på språkhaldningstendensar ved akkurat desse språkbrukarane ved Gol vidaregåande skule. Dette er likevel resultat som er sannsynlege for ungdommar i Hallingdal. Tala og tendensane som kjem fram i denne undersøkinga kan også vere aktuelle for komparative analyser og undersøkingar i andre liknande områder.

## 5. Resultat av spørjeundersøkinga

### 5.0 Innleiing

I dette kapittelet vil eg presentere funna, saman med funn som kan hjelpe fram eit svar på problemstillinga. Det er nokså mange variablar, så eg skal gjere eit forsøk på å rydde dei i nokre hovudkategoriar. Den første delen (delkapittel 5.1) tek for seg variablar som har å gjere med *forholdet til språk og samfunn*, som blant anna vil innehalde funn knytt til identitet knytt til heimstad og dialekt, samt haldninga til norskfaget, sidemål og dei to målformene. Den andre delen (delkapittel 5.2) omhandlar funn knytt til *språkbruk og eksponering*, som tek for seg skriftspråk i skulen og samfunn. Den siste delen (delkapittel 5.3) tek for seg *framtida som språkbrukar*, kor ein kan få eit innblikk av informantane tankar rundt mogleg målformbytte i framtida.

Resultata vert ikkje presentert i same rekjkjefølgje som spørsmåla står i undersøkinga, men heller organisert og presentert under dei tre valte hovudtema som vart nemnt ovanfor.

Resultata er noko vanskeleg å kategorisere kvar for seg, og inndelinga i dei tre kategoriane kan diskuterast, då fleire av dei kunne nok ha vore plassert i ein av dei andre kategoriane også. Svar frå dei opne spørsmåla er sortert og talt opp i tabellar, medan nokre svar også er direkte sitert i tekst. Eg har valt å ikkje omsetje svar til nynorsk, nett for å få fram subjektiviteten i svara frå informantane, og synleggjere dei som eventuelt har valt å skrive på nynorsk eller dialekt. Meir om innhaldet i dei ulike delane kjem i byrjinga av kvart delkapittel.

Fordelinga av nynorskelevar og bokmålselevar, samt tilhøyrsla til dei ulike kommunane vil ikkje bli presentert på nytt her, då denne informasjonen er å finne under «Val av informantar» (4.2). Både nynorskelevane og bokmålselevane gjennomførte den same undersøkinga, med nokre spørsmål som berre ei av dei to informantgruppene skulle svare på. Ved presentasjonen av nokre resultat vil ei av gruppene vere sortert ut, dersom det er til dømes er interessant å samanlikne resultata. Eg vil også sortere ut andre variablar, slik som heimkommune eller trinn der det er interessant, men stort sett vil eg legge vekt på heilskapen, då eg ser den som mest beskrivande for dei fleste spørsmåla.

## 5.1 Informantanes forhold til språk og samfunn


I denne delen skal vi sjå nærmare på informantenes forhold til heimstaden og det tradisjonelle talemålet, og forholdet til kultur og tradisjonar. Vidare skal vi også kome inn på haldningar til nynorsk, og sjå på sidemål som eige tema, kor vi også får samanlikna perspektiva nynorskbrukarar har rundt bokmål som sidemål.

### 5.1.1 Informantanes tilknytning til Hallingdal

Informantane fekk nokre spørsmål som handla om deira tilknyting til heimkommunen og Hallingdal, og vidare også nokre spørsmål som gjekk meir spesifikt på dialekt og forholdet til hallingmålet. Figur 5.1 viser fordelinga av kor godt informantane likar heimkommunen sin, medan figur 5.2 viser kva dei svarer på spørsmålet om kor stolt dei er av Hallingdal.

#### *Spørsmål: Kva syns du om heimkommunen din?*

Det første spørsmålet som tek for seg informantenes relasjon til heimstaden, måler kor godt dei likar heimstaden. Ein er her ute etter informantenes subjektive oppleving av å bu i Hallingdal. Her kan informantane gje svar ut i frå nokså ulike utgangspunkt, kor nokon legg trivsel og sosiale faktorar til grunn, medan andre i større grad gjev svar basert på geografisk plassering og interesser.




Figur 5.1 Kor godt likar du heimkommunen din?

Informantane svarar stort sett at dei er fornøgde med heimstaden, med om lag 96 % svarar at dei likar heimkommunen «godt» eller «veldig godt». Samstundes er det 4 % som svarar at dei likar heimkommunen «dårlig» eller «veldig dårlig», som svarar til to informantar.

### ***Spørsmål: Er du stolt av heimstaden din?***

Det andre spørsmålet om informantane relasjon til heimstaden, spør om kor stolte dei er av heimstaden sin. I formuleringa av dette spørsmålet brukar eg ordet «stolt» som gjerne er knytt til ein subjektiv kjensle eller haldning til noko. I motsetjing til førre spørsmål, vil ein her sjå elevanes oppleving av korleis det kjenst å bu i Hallingdal, og til dømes kor tilfreds dei er med å bu akkurat der.




*Figur 5.2 Er du stolt av heimstaden din?*

I figur 5.2 ser ein resultat på spørsmålet «Er du stolt av heimstaden din?», kor 93 % svarte ja. Her kan ein sjå ein ørliten skilnad frå den positive oppslutninga rundt heimstaden på 3 %, om ein samanliknar dette resultatet med figur 5.1. Samstundes hadde informantane her berre to moglege svaralternativ, som kan påverke nokon til å ta eit val, kor dei gjerne er i tvil om kva alternativ som ligg nærest den meininga ein eigentleg har.

### ***Spørsmål: Kva syns du om den lokale dialekta? (hallingmålet)***

På spørsmålet om kva dei syns om hallingmålet, var resultatet nokså likt med forholdet til heimstaden, men hakket meir positivt. I spørsmålet vart omgrepene «hallingmålet» presisert som ein kjent storleik. Kjennskapen til omgrepene kan vere ulikt, der nokre informantar til dømes kan tenkje «tradisjonelt hallingmål», medan andre tenkjer på hallingmål som bruk av nokre ord og uttrykk, saman med eit typisk «austlandsmål».




*Figur 5.3 Informantane om hallingmålet*

Resultatet viser at 39 % liker hallingmålet «veldig godt», og 59 % liker det «godt». Det er også berre 2 %, altså ein informant, som svarar at han liker hallingmålet «därleg», men ingen av informantane svarar «veldig därleg». Spørsmåla som tek for seg informantenes dialektbruk og moglege likskapar mellom nynorsk og informantenes dialekt, kjem under delkapittelet om *språkbruk og eksponering* (5.2).

#### ***Spørsmål: Er du oppteken av lokal kultur?***

Informantenes forhold til lokal kultur og lokale tradisjonar, viste eit meir spreidd resultat, i alle fall blant bokmålsinformantane og kultur. Spørsmålet som dreier deg om viktigheita av lokal kultur, ga denne fordelinga:




*Figur 5.4 Er lokal kultur viktig for deg?*

Ein kan sjå 59 % svarar at lokal kultur er «litt» viktig, medan 16 % svarar ja, 16 % svarar veit ikkje, og 9 % svarar nei. Sorterer ein variablane med bokmålselever og nynorskelever kvar for seg, var det ingen skilnad i svara til dei to gruppene.

Kva informantane tenkjer på når dei les omgrepene «kultur», og meir spesifikt «lokal kultur», kan vere nokså ulikt, og slik sett også ha ein påverknad på resultatet. Ein kan her tenke seg at det er eit skilje mellom tradisjonell lokal kultur i Hallingdal som gjerne knytast til element slik som hallingkost og folkemusikk, og moderne lokal kultur som i større grad handlar om t.d. interesser slik som skisport og downhillsykling. Oppfatninga av omgrepene «kultur» vil difor vere nokså ulik frå generasjon til generasjon, men ein kan rekne med at det også kan vere store forskjellar mellom kommunane og informantane bakgrunn.

### ***Spørsmål: Kor viktig er lokale tradisjonar for deg?***

Eit anna spørsmål som tek for seg informantane tilknyting til heimstaden, måler viktigheten av lokale tradisjonar. På same måte som med omgrepene «kultur», kan også omgrepene «tradisjon» ha ulik tyding for informantane. Det kan også vere vanskeleg å skilje dei to omgrepene frå kvarandre, noko som vart synleg då eg fekk spørsmål frå ein av informantane om nettopp dette. Dette er sjølvsagt også forståeleg, då tradisjonar ofte har ein samanheng med kultur. Tradisjonar er derimot gjerne kulturelement som vert ført vidare og som går i arv, og ut ifrå dette spørsmålet, kan ein her tenke seg viktigheten av å til dømes vidareføre den tradisjonelle festmaten småmat, bruke hallingbunad og å verdsetje lokal musikk.



*Figur 5.5 Kor viktig er lokale tradisjonar for deg? Svar frå bokmålselevar og nynorskelevar kvar for seg*

Det viste seg å vere større ulikskapar mellom bokmålsinformantane og nynorskinformantane, og resultatet frå dei to informantgruppene vert difor vist i to separate figurar. Av bokmålsinformantane svarte til saman 61 % at lokale tradisjonar var «litt viktig», 23 % «veldig viktig», 13 % «lite viktig» og 3 % «ikkje viktig».

Om ein derimot ser på variabelen med informantar med nynorsk, kan ein sjå nokre skilnader mellom dei to gruppene. Då ser ein at heile 80 %, altså fire av fem informantar, som svarar at lokale tradisjonar er «litt viktig», med ein informant svarar at det er «veldig viktig». Det er altså ingen av nynorskinformantane som svarar at lokale tradisjonar er «lite viktig» eller «ikkje viktig», noko som vil seie at desse negative svara dermed i heilskap kan knytast til gruppa med bokmålselevar.

### **5.1.2 Haldningar til nynorsk og sidemål**

Undersøkinga har til saman tre spørsmål som direkte går på haldningar til nynorsk og sidemål. Alle desse spørsmåla vart stilt opne, kor informantane sjølv kunne skrive sine tankar og assosiasjonar rundt temaet. Ut ifrå dei resultata eg fekk, har eg samanfatta alle svara i ulike kategoriar og talt opp desse. Gjennomgangen av dei tre spørsmåla vil derfor stort sett innehalde hovudpunktane i resultata.

Resultata kunne ha vore presentert med ei fordeling av positive, negative og nøytrale svar. Derimot ser eg at det er litt vanskeleg å knyte dei negative svara direkte til negative haldningar til nynorsk, då mange av dei negative funna i større grad går på faktorar rundt nynorsken, og ikkje direkte på nynorsk skriftspråk. Eg kjem difor til å gå gjennom kvar enkelt kategori av svar med informantanes eigen ordbruk, fordi mangfoldet på den måten vil kome betre fram, samstundes som at nyansane kan bli meir synleg.

For å formulere dei ulike svarkategoriene har eg merka meg ord og formuleringar som er mest brukt av dei ulike informantane, og forsøkt på å hente ut essensen i nokre svar der andre formuleringar er brukta. Det er også fleire av svarkategoriene som er nemnt av dei same informantane i ei og same svarsetning, og talet på svar kan difor vere høgare enn talet på informantar.

#### ***Spørsmål: Kva tenkjer du når du høyrer ordet «nynorsk»?***

Det første spørsmålet eg skal gå gjennom, er «kva tenkjer du når du høyrer ordet «nynorsk»?». Eg er her først og fremst ute etter elevanes assosiasjonar til nynorsk, og kva tankar dei får når dei høyrer ordet «nynorsk». Informantane sine svar var nokså ulike, samstundes som at essensen gjerne var nokså lik hos fleire av dei. I det store og heile kan ein sjå resultatet i fire hovudbolkar, sidan fleire av svara kan sjåast i lys av ein større tematikk.

Den første bolken inneholdt svar som er typisk «stereotypiske», den andre har svar som kan knytast til skulen og norskfaget, den tredje kan knytast til identitet og heimstad og den siste kan knytast til haldningar til nynorsk, både positive og negative.

Svarkategoriar	Talet på svar
Likskapar med dialektar	5
At andre har negative haldningar til nynorsk	2
Gamalnorsk	6
Ivar Aasen	5
Norskfaget	6
Stress/noko eg vil unngå	3
Vanskeleg	5
Fint	2
Døyande skriftspråk	2
Heimstaden og hallingmålet	2
Tradisjon	2
Ikkje god nok undervisning til å lære det bra nok	4

Tabell 5.1 Informantanes assosiasjonar med ordet «nynorsk»

Den første bolken med svar som gjerne er «stereotypiske», finn ein assosiasjonar med «gamalnorsk» og «Ivar Aasen». Desse to svarkategoriane er også av dei som har størst oppslutning, med seks informantar som svarar at dei får assosiasjonar med gamalnorsk, og fem informantantar som svarar Ivar Aasen. Desse svara har på ein måte også ein tilknyting til den andre bolken, med svar som kan knytast til skulen og norskfaget, då språkutviklinga og Ivar Aasen gjerne vert lagt mykje vekt på i undervisning om nynorskens framvekst.

Den andre bolken med assosiasjonar med skulen og norskfaget, inneholdt blant anna svar som «norskfaget» som til saman seks informantar har svart. Vidare følgjer det også svar som i større grad heng saman med kjensler rundt undervisning, meistring og vurdering i nynorsk, med «stress/noko eg vil unngå» som tre har svart, «vanskeleg» som fem har svart og «ikkje

god nok undervisning til å lære det» som til saman fire har svart. Om ein ser på talet på svar, kan ein sjå at dette er tankar og meininger som nokså mange informantar deler, og som i større grad har eit negativt perspektiv på nynorsken som ganske sannsynleg har ein samanheng med meistring og vurdering i nynorsk.

Den tredje bolken inneholdt svar som i større grad kan knytast til heimstaden til informantane og identitet. Til saman fem informantar trekkjer fram «likskapar med dialektar» som assosiasjonar dei har til nynorsk, samstundes som to svarar «heimstaden og hallingmålet» og to som svarar at dei tenkjer på nynorsk som tradisjon. Sjølv om nokså mange trakk fram likskapar mellom nynorsk og dialekt, var det likevel nokså overraskande at ikkje fleire nemnte hallingmålet eller Hallingdal meir spesifikt. Sett i samanheng med førre bok, kan dermed tyde på at fleire assosierer nynorsk med skulen og norskfaget, føre identitet og dialekt, sjølv om dei har vakse opp i eit område med lange tradisjonar for nynorsk.

Den fjerde og siste bolken tek for seg svar som har ein samanheng med haldningar til nynorsk. Eg har her plassert svara «at andre har negative haldningar til nynorsk», som til saman to svarte, og «fint» som også fekk to svar. Trass i at fleire av svara i bok to om skulen og norskfaget stort sett også tok for seg haldningar til nynorsk, så har valt eg å skilje desse to bokane. Orsaka til dette er at bok to inneholdt subjektive og gjerne negative haldningar knytt til nynorsk, som gjerne er eit direkte resultat av norskfaget. Informantane i denne bolken har derimot ei oppfatning om at fleire har negative haldningar til nynorsk, medan dei ikkje knyter desse haldningane til norskfaget.

#### ***Spørsmål: Kan du sjå nokre sider ved nynorsk som er viktig og/eller verdifullt?***

Det andre spørsmålet som direkte gjekk på haldningar til nynorsk, handla om moglege verdifulle sider ved nynorsk. Spørsmålet var formulert slik: «Kan du sjå nokre sider ved nynorsk som er viktig og/eller verdifullt? Kva?». Dei fleste, om lag 25 informantar, nemnte her likskapane mellom nynorsk og fleire norske talemål. Nynorsk kunne også ha ein positiv effekt for å halde på hallingdialekta og å fremme ho, samt vere identitetsfremmande, ved at det fortel noko om kor ein kjem frå. Vidare var det om lag 20 informantar som nemnte at nynorsk var ein viktig del av Noregs historie og kulturarv, som var viktig å ta vare på. Om lag fem av desse, brukte ordet «tradisjon», og at det er viktig at begge målformene blir brukt. Det var også om lag 10 informantar som brukte orda «sjærmerande», «fint» og «unikt» om

nynorsk. Vidare var det om lag fire informantar som sa dei ikkje såg noko verdifullt ved nynorsken, eller at dei ikkje kom på noko.

**Spørsmål: Kva tankar har du rundt sidemål i skulen? (anten det er bokmål eller nynorsk)**

Det tredje spørsmålet tek for seg sidemål i skulen, og var slik sett ein opning for å samanlikne perspektiva til både bokmålselevar og nynorskelevar rundt sidemålet. Spørsmålet var formulert slik: «Kva tankar har du rundt sidemål i skulen?». Sidan det kan vere skilnadar mellom svara til dei to informantgruppene, så vil resultatet bli presentert i to ulike tabellar, den eine med svara frå bokmålselevane og den andre med svara til nynorskelevane.

Svarkategoriar	Talet på svar
Unødvendig	10
Nedprioritert i norskundervisninga	3
Utfordrande/vanskeleg	3
Forvirrande med to målformer	2
Ynskjer meir samlande norskfag med både nynorsk og bokmål	2
Betre om ein kan velje om ein ynskjer å lære nynorsk	2
For lite og dårlig undervisning	5
Viktig å lære nynorsk	5
Greitt, vil lære begge	20
Enkelt sidan eg har hatt det før	1

Tabell 5.2 Bokmålselevar om sidemål i skulen

Når ein ser på svara frå bokmålselevane, er det spesielt to meiningar som går att hos fleire. Dei aller fleste, og heile 20 informantar, har svart at sidemål er greitt, og at dei har lyst til å lære begge. Ein kan altså sjå at det er ein nokså stor del av bokmålsinformantane som er positive til sidemål, trass i at dei har valt det bort som hovudmål. Det var også fem som sa at det var viktig å lære nynorsk. Den andre svarkategorien som var nokså stor, var også ein av kategoriene som var nokså negativt retta mot sidemål. Det var 10 informantar som meinte at undervisning i sidemål var unødvendig, og til saman fem som meinte at det anten var utfordrande eller forvirrande å lære to målformer.

Ein kan også sjå ein siste tendens som eigentleg er positiv til sidemål, men negativ i forhold til opplæringa og undervisninga. Fem av informantane sa at det var for lite og dårlig undervisning, som slik sett kan påverke motivasjonen til å ville lære det. Nokre av

informantane meinte også at nynorsk var nedprioritert i norskfaget, og to personar synast det hadde vore betre med eit samla norskfag, kor begge målformene vart brukt.

Svara frå nynorskelevane er delt inn i svarkategoriar slik som det har blitt gjort tidlegare, og også her har informantane nemnt fleire ting, som gjer at talet på svar er høgare enn talet på informantar.

Svarkategoriar	Talet på svar
Viktig med god sidemålsundervisning, og å bli like god i begge	5
Viktig å lære begge målformer	3
Hadde gått fint med berre hovudmål også	1
For lite undervisning i nynorsk	1

*Tabell 5.3 Nynorskelevar om sidemål i skulen*

Den første svarkategorien i tabell 5.3, vart nemnt av alle nynorskinformantane. Dei var slik sett einige om viktigheita av god sidemålsundervisning, og at det er viktig å bli like god i begge målformer. Ein kan her sjå at dei i likskap med nokre av bokmålsinformantane, trekk fram viktigheita av god undervisning i begge målformer. Det er i denne samanhengen også ein informant som spesifikt nemner at det er for lite undervisning i nynorsk, og ein annan som nemner at det hadde vore fint med berre undervisning i hovudmålet også. Det kan altså tyde på at informantar med både nynorsk og bokmål er einige om at nynorsken er nedprioritert i skulen, og at undervisninga kunne ha vore betre. Meir og betre undervisning er også noko som godt over halvparten av informantane ynskjer.

#### ***Spørsmål: Har du fått nokre negative kommentarar på at du skriv nynorsk? Eventuelt kva?***

Det siste spørsmålet som direkte tek for seg haldninga til nynorsk, vart berre gitt til informantane som har nynorsk som hovudmål. Svara som kom fram var nokså ulike og delt i positive og negative erfaringar. Under kan ein lese dei ulike svara frå nynorskinformantane:

«Ja, mange forbinn nynorsk med Ivar Åsen, og noko som er kjedeleg og unødvendig. Eg får også fleire kommentarar på at eg pratar dialekt. Då er det spørsmål, påpekninger og herming etter slik eg pratar. Det var mest på barne- og ungdomsskula, men faktisk nokon på vidaregåande også.»

«Nja eller det er mange som hate på nynorsk veldig sterkt, og sammenligne halling og nynorsk sjølv om det e ein stor forskjell. Og hallingen har jo alltid blitt tråkka ned på av dei som snakke bokmål.»

«Eg skiv ikkje nynorsk på fritida (til venner osv), så har ikkje fått kommentarar. Eg skriv heller "halling" til andre som pratar halling.»

«Jeg har ikke fått noen direkte negative kommentarer, men ene læreren på videregående ble overraska over at det var flere i klassen som hadde nynorsk.»

«Nei, men eg veit at folk synes det er litt rart viss eg skriv kva og korleis over mld for eksempel.»

Dei fleste hadde ikkje fått nokre direkte negative merknadar på nynorsken, men det kjem også fram at det heller ikkje er mange av informantane som bruker nynorsk aktivt utanfor skulen. Derimot er det ein, delvis to, som pratar og skriv på hallingdialekt, og som seier at dei har fått spørsmål rundt korfor dei pratar/skriv som dei gjer. Ut i frå dette er det altså ein del som fortel om merksemrd rundt nynorsk og dialekt som ein gjerne ikkje får ved bruk av bokmål, kor dei opplever å måtte grunngje eigen språkbruk, og sjølv om dei ikkje får direkte negative kommentarar, så kan slik merksemrd vere uønska.

Det som derimot kjem fram som nokså typiske og negative haldningar til nynorsk, er gjerne stereotypiske forhold med assosiasjonar til Ivar Aasen, og at nynorsk er kjedeleg og unødvendig. No er jo dette eit nokså lite utval av nynorskinformantar, men det tyder altså på at informantane ved bruk av nynorsk på skulen ikkje opplever direkte negative haldningar til nynorsk, men at dei i nokre situasjonar utanfor skulen kan få merknadar på eigen språkbruk dersom dei nyter dialekt eller nynorsk.

### 5.1.3 Val av målform og målformbyttet

Dette er kanskje eit av kjernekpunktene i spørjeundersøkinga, med tanke på kva eg ynskjer å finne svar på med problemstillinga. Eg skal no gå gjennom kva informantane oppgjev som orsak til val av målform, med svara frå bokmålsinformantane og nynorskinformantane i to ulike bolkar. Vidare skal eg også kome inn på når informantane bytta målform, og kor vidt dei meiner at dei vart påverka av noko eller nokon til å ta det valet som dei tok.

**Spørsmål: Korfor har du valt nynorsk/bokmål i år? Grunngjev svaret ditt.**

På spørsmålet om korfor informantane har valt bokmål eller nynorsk i år, skal dei svare med tekst. Eg har samanfatta svara i kategoriar slik som tidlegare, og laga ein tabell med svara frå bokmålsinformantane og ein med svara frå nynorskinformantane. Føre kvar av tabellane, skal eg gje nokre sitat frå informantane, som slik sett er utgangspunktet for korleis kategoriane vert ordna. Her kjem svara får bokmålsinformantane:

«Jeg synes nynorsk er vanskeligere, kan være for at jeg ikke fikk god nok opplæring i ungdomsskolen. Jeg ville ha det så lett som mulig i norskfaget, og da valgte jeg bokmål siden det er lettere å få høy måloppnåelse i nynorsk når det er sidemål.»

«Fikk dårligere karakter når jeg hadde nynorsk, fikk bekjed av lærer at jeg burde bytte til bokmål når jeg starta i 10. klasse.»

«Jeg gikk lei av nynorsk. På ungdomsskola blei jeg alltid frustrert over at jeg tenkte på en setning når jeg skulle skrive og så måtte jeg på en måte oversette det før jeg fikk skrevet det ned.»

«Jeg valgte først nynorsk, men bytta senere til bokmål fordi det ligner mer på talemåten jeg bruker, og fordi mesteparten av undervisninga skjer på bokmål.»

«Fordi i 8 klasse så bytta jeg over fordi lærerne underviste på bokmål årene føre så nynorsken hadde falt ut av meg. Men snakka reint nynorsk som liten.»

«Kan ikke huske å ha valgt, det bare ble sånn.»

Ovanfor kan eit sjå eit mindre utval av det informantane svarte, og døme på formuleringar som er bakgrunn for svarkategoriane i tabellen nedanfor. I sitata trekkjer dei fram nokså ulike orsakar for val av målform, sjølv om nokon av dei også har nokre likskapar ved at dei til dømes har grunningar i skule, undervisning og vurdering. Nokre informantar trekkjer fram at dei er lei av nynorsk eller at dei synast det er vanskeleg, og vidare ser dei på dette i samanheng med for lite undervisning eller eit ynskje om høgare måloppnåing. Ein kan også sjå at ein informant vart oppfordra av læraren til å bytte målform til bokmål allereie på

ungdomsskulen, og likeins var det også to informantar (ikkje sitert) som sa at dei vart oppfordra av læraren til å bytte då dei byrja på vidaregåande.

Fleire av informantane nemner også at dei har hatt for lite eller dårlig undervisning i nynorsk, og ut ifrå eit av sitata ovanfor, kan ein sjå at ein informant rett og slett mista nynorsken, eller gløymde grammatikken som følgje av lite undervisning. Ein anna informant trekkjer fram at ein gjennom omsetjing gjerne fekk formuleringar som var annleis enn slik setninga var tenkt å vere, og at hen slik sett følte frustrasjon knytt til nynorsk. Slik sett kan ein også sjå samanhengen mellom informantanes val av skriftspråk og korleis dei snakkar. Til slutt kan ein også sjå at ein informant rett og slett ikkje hugsa å ha valt målform, noko som gjer at ein kan stille spørsmål rundt korleis val av målform faktisk vert gjennomført.

I tabell 5.4 er det overraskande mange informantar som har svart mykje av det same, og spesielt to svarkategoriar skil seg ut heilt i toppen av tabellen. Det er mange svar som har ein viss samanheng, og som slik sett kunne ha vore ein kategori, men eg trur ein då hadde mista nyttig innhald og informasjon. Eg vel difor å heller presentere svara inndelt i tre bolkar, i eit forsøk på å rydde resultatet, og for å unngå ein rein oppramsing av tabellen.

Svarkategori	Talet på svar
Det er enklast å skrive	25
Snakkar tilnærma bokmål	13
Eg bruker mest bokmål i kvardagen	7
Nynorsk vart for lite brukt i undervisninga, så eg mista/gløymde det	6
Ville få betre karakter i hovudmål og sidemål	5
Vart oppfordra av lærar til å bytte for å få betre karakter	3
Bokmål er mest brukt i samfunnet	4
Nynorsk er for vanskeleg	4
Alle vene og medelevar valde bokmål	2
Likar ikkje nynorsk	2
Kan ikkje hugse å ha vald målform, det berre vart slik	2
Egentleg det same, men dei fleste lærebøkene er på bokmål	1
Ville ha variasjon frå ungdomsskulen	1

Tabell 5.4 Korfor har du valt bokmål? Svar frå bokmålsinformantane

Den første bolken er også den største, og svara her har gjerne ein orsak som heng saman med informantenes språkbruk, både skriftleg og munnleg praksis. 25 av til saman 36 bokmålsinformantar svarar at orsaka til at dei bytta til bokmål, er fordi bokmål er enklare å skrive. Vidare svarar 13 av desse informantane at dei snakkar tilnærma bokmål, og at det difor er betre å velje bokmål framfor nynorsk. Vidare har ein også eit tredje perspektiv, kor til saman sju informantar seier at dei bytta fordi dei sjølv bruker mest bokmål elles i kvardagen, og fire som påpeikar at bokmål er mest å sjå elles i samfunnet også.

Den neste bolken tek for seg svar som omhandlar skulen og karakterar som ein avgjerande faktor for målformbyttet. Til saman er det seks informantar som seier at nynorsk vart for lite brukt i skulen, og to av desse svarar seinare at dei bytta på ungdomsskulen. Dei alle svarar også at dei gløymde mykje av nynorsk rettskriving, og at det difor vart enklare å bytte til bokmål som hovudmål. Fem informantar svarar at dei bytta fordi dei ville oppnå betre karakterar i hovudmål og sidemål ved å bytte, og tre av desse svarar også at dei vart oppfordra av ein lærar til å bytte for å oppnå betre karakterar. Vidare er det også ein informant som svarar at val av målform eigentleg var det same, men at hen valde bokmål fordi lærebøkene stort sett er på bokmål. Altså kan ein sjå ein samanheng mellom val av bokmål som hovudmål, og bokmålspraksis og meistring i skulen og undervisninga.

I den siste bolken kjem svarkategoriar som i større grad kan knytast til haldningar eller omstende rundt. Fire informantar svarar blant anna at nynorsk er vanskeleg, og to svarar at dei rett og slett ikkje likar nynorsk. Det er også to informantar som svarar at dei bytta fordi alle medelevar/vener bytta, gjerne for å passe inn eller ikkje skilje seg ut. Den neste og siste svarkategorien er derimot den som kanskje var mest overraskande, altså at to informantar ikkje kan hugse å ha vald målform, men at dei berre ende opp med bokmål som hovudmål.

I den neste tabellen kjem svara frå nynorskinformantane, men som ved gjennomgangen av resultatet frå bokmålsinformantane, kjem det også direkte sitat frå nynorskinformantane. Ettersom nynorskinformantane derimot er nokså få, så har eg valt å sitere alle. Likevel kjem eg også til å vise svara i ein tabell, for å tydlegare kunne visualisere oppslutninga rundt dei ulike perspektiva som kjem fram.

«Eg har vald det i håp om at eg då blir eksponert for litt meir nynorsk slik at det vert lettare for meg å få god karakter i nynorsk og bokmål. bokmål ser ein overalt så eg treng det vesle eg kan få av nynorsk.»

«Jeg har valgt nynorsk fordi jeg har hatt det som hovedmål så lenge jeg kan huske. Jeg vet også at uansett hvilken målform jeg har må jeg jobbe en del med den for å få greie karakterer, men hvis jeg ha nynorsk som sidemål, måtte jeg ha jobbet mer med dette også. Har jeg derimot nynorsk som hovedmål og bokmål som sidemål, trenger jeg ikke jobbe så mye med sidemål i skolen.»

«Gikk egentlig berre etter det e hadde før, vart liksom litt vant til å ha nynorsk. også e d egentlig litt det samma ko man tar, begge målformer blir tatt i bruk på skola.»

«Fordi det er målformen eg har hatt heilt sidan 1. klasse.»

«Fordi jeg har alltid hatt nynorsk som hovedmål og har derfor ikke tenkt å bytte, men jeg skriver bare nynorsk under vurderingssituasjoner.»

Svara frå informantane var nokså ulike, men ein kan seie at alle svara til informantane ber preg av meir fornuft enn idealisme. Fleire av informantane har tidlegare nemnt, og nokon av dei gjentar også her, at dei stort sett berre nytter nynorsk på skulen eller i vurderingssituasjonar. Altså har dei fleste valt nynorsk som hovudmål fordi dei er vande med det frå tidlegare skulegang, trass i at dei berre skriv bokmål eller dialekt utanfor skulen.

Svarkategori	Talet på informantar
Vandt med å ha nynorsk	4
I håp om å bli meir eksponert for nynorsk	2
Bokmål ser ein overalt elles uansett	1
Uansett kva målform ein vel, så må ein jobbe godt for å få gode karakterar	1


Tabell 5.5 Korfor har du valt nynorsk? Svar frå nynorskinformantane

Fire av fem nynorskinformantar svarar at dei valte å halde på nynorsk, sidan det er det dei er vandt med etter 10 års skulegang. To av informantane svara også at dei valte nynorsk i håp om å bli meir eksponert for det, og ein anna svara at bokmål er eit skriftspråk som ein ser over alt elles i samfunnet. Til slutt er det ein informant som svarar at ein uansett hovudmål, må

jobbe godt for å oppnå gode karakterar i både hovudmål og sidemål. Dette siste svaret kan slik sett også sjåast i kontrast til svarkategorien rundt karakterar som bokmålsinformantane kjem med, og kan slik sett vere interessant å sjå nærmare på i drøftinga.

***Spørsmål: Om du har skifta hovudmål, kva tid gjorde du det?***

Bokmålselevane vart også spurta om når dei bytta målform. Med tanke på at nokså mange elevar på Ål har nynorsk som hovudmål gjennom heile skulegangen, så kan ein tenkje seg at informantane frå denne kommunen kan ha ein nokså stor påverknad på at vidaregåande skule får fleirtal i denne statistikken.




*Figur 5.6 Oversikt over når informantane bytta målform*

61 % av informantane bytta på vidaregåande, medan 32 % bytta på ungdomsskulen og 8 % på barneskulen. Når ein ser på resultatet frå informantane frå Ål, viste det seg at berre 22 % bytta på ungdomsskulen, og at dei resterande 78 % bytta målform på vidaregåande. Blant informantane frå Gol var det berre 40 % som bytta målform på vidaregåande, medan 47 % bytta på ungdomsskulen. Vidare svarte alle informantane frå Hemsedal at dei bytta målform på vidaregåande, noko som gjer at dei skil seg veldig frå Gol, trass i at målformsituasjonen har vore nokså spent i kommunen. Som tidlegare nemnt var det også to informantar som ikkje hugsa å ha gjort eit val, men etter å ha filtrert ut desse i resultata ovanfor, kunne ein sjå at dei begge bytta til bokmål på vidaregåande, og slik sett hadde nynorsk gjennom heile grunnskulen.

### **Spørsmål: kor sikker var du i dette valet?**

Når informantane vart spurta om kor sikker dei var på valet av målform, så fordele dei seg nokså ulikt. Det var her blant anna nokså store ulikskapar i mellom nynorskinformantane, og eg har difor valt å vise resultata frå bokmålsinformantane og nynorskinformantane kvar for seg.




*Figur 5.7 Kor sikker var du på val av målform? Svar frå bokmålsinformantane til venstre og nynorskinformantane til høgre*

Av bokmålsinformantane svara over halvparten av informantane at dei var heilt sikker på val av målform, medan 23 % var nokså sikker. Vidare var det også 16 % som ikkje tenkte noko særleg over det og 5 % som var litt usikker.

Om ein derimot ser på resultatet frå nynorskinformantane, ser ein ei noko anngleis fordeling. For det første var det ingen av nynorskinformantane som svara at dei ikkje tenkte noko særleg over valet, kor det derimot var 16 % av bokmålsinformantane svarte dette. Det var vidare tre av dei fem informantane som var sikker i valet av målform, medan to var litt eller veldig usikker. Dette tyder på at alle informantane med nynorsk gjorde seg opp nokre tankar rundt dette valet, medan det blant bokmålsinformantane var fleire som var sikre, men som ikkje gjorde seg opp nokre vidare tankar om valet.

### **Spørsmål: Var det noko eller nokon som påverka deg til å bytte hovudmål?**

Informantane vart også spurta om dei vart påverka til å bytte målform. Dette spørsmålet var kanskje spesielt retta til bokmålselevane, då nokre bokmålselevar kan føle eit indirekte eller direkte press til å velje bokmål som hovudmål.



*Figur 5.8 Var det noko som påverka valet av målform? Bokmålsinformantar til venstre og nynorskinformantar til høgre*

Det var ingen av nynorskinformantane som opplevde å bli påverka i valet av målform. Derimot svarar 20,5 %, altså åtte av informantane med bokmål, at dei vart påverka til å bytte frå nynorsk til bokmål. Av desse svara to at dei vart påverka av vene, og ein at hen vart påverka av foreldrane. Samstundes svarar tre at dei vart påverka av «andre», og ein kan slik sett tenkje seg at det her kan vere snakk om til dømes lærarar, som informantar tidlegare har nemnt i andre samanhengar.

#### ***Spørsmål: (om du vert påverka) Kva argument vert brukt for å bytte hovudmål?***

I tabellen under, kan ein sjå kva argument som vart brukt for å bytte målform. Som tidlegare er det nokre informantar som har svart fleire ting, og talet på svar vert difor noko høgare enn talet på informantar.

Svarkategori	Talet på svar
Enklare å bruke bokmål	2
Karakterane	3
Bokmål er mest brukt i undervisning	2
Dei fleste bruker bokmål	1

*Tabell 5.6 Argument for å bytte til bokmål*

Det var til saman tre informantar som svarte at karakterane i norsk hovudmål og sidemål vart brukt som argument til å bytte. Samstundes svarte to informantar at bokmål er enklare å bruke, to at bokmål er mest brukt i undervisning og ein at bokmål blir brukt av dei fleste. På


eit spørsmålet om det var nokre andre faktorar som påverka byttet, svarte ein informant at hen følte press sidan alle andre bytta, og at hen ikkje ville vere den einaste med nynorsk. Ein anna informant sa at det var dei sjølv som tok valet til slutt.

## 5.2 Språkbruk og eksponering

### 5.2.1 Eigen språkbruk

#### *Spørsmål: Kva dialekt snakkar du sjølv?*

På spørsmålet om kva for dialekt informantane sjølv bruker, kunne dei velje mellom alternativa *hallingdialekt*, *blandingsdialekt*, *austlandsk* og *anna*. Hallingdialekt er som tidlegare nemnt ein kategori som kan bli forstått ulikt, anten som tradisjonelt eller som bruk av enkeltord. Skilje mellom kva som er hallingdialekt og kva som er blandingsdialekt, er slik sett opp til kvar enkelt informant å definere sjølv.




Figur 5.9 Oversikt over informantenes talemål

Ein kan sjå at til saman 16 %, altså sju informantar, svara at dei snakkar hallingdialekt. Av desse var det til saman fire nynorskinformantar, og tre bokmålsinformantar, som svara at dei snakkar hallingdialekt. Vidare var det nokså mange som svarte at dei har ein blandingsdialekt, altså 39 %, og av desse var det berre bokmålsinformantar. Til saman var det 34 % som svarte at dei snakkar austlandsk, og av desse var det ein nynorskinformant og 14 bokmålsinformantar. På det sistnemte alternativet, *anna*, var det til saman fem informantar. Her hadde dei også moglegheit til å seie noko meir om kva for talemål dei har, men det kom inga utdjuping frå nokon av dei fem informantane som svarte dette.

### *Spørsmål: Opplever du at nynorsk har mykje fellestrekk ved dialekta di?*

Informantane vart spurt om dei kunne sjå nokre fellestrekk mellom nynorsk og dei eiga dialekt for å blant anna sjå om det var nokon samanheng mellom dialekt og val av målform. Ein kunne også ha spurt om dei såg nokre fellestrekk mellom hallingmålet og nynorsk, men dette ville likevel ikkje gje ein like god innsikt i informantane forhold til, og bevisstheit om eiga talemål og skriftspråk. Likevel er det ein viss moglegheit for at nokre informantar kan ha misforstått spørsmålet, og sett på samanhengar mellom hallingmålet og nynorsk, framfor den dialekta dei faktisk har.



*Figur 5.10 Opplever du at nynorsk har mykje fellestrekk med dialekta di?*

*Bokmålsinformantar til venstre og nynorskinformantar til høgre.*

Eg har her valt å splitte resultatet frå bokmålsinformantar og nynorskinformantar, for å tydlegare få fram ei eventuell samanheng mellom dialekt og val av målform. Ein anna moglegheit var å filtrere resultata ut i frå dei ulike informantane talemål, for å blant anna sjå om informantane med hallingdialekt såg ei samanheng mellom eige dialekt og nynorsk, sjølv om dei kanskje har valt bokmål som skriftspråk. Eg kjem derimot til å trekke dette inn i noko av resultatet der eg finn det nyttig.


Alle nynorskinformantane svara at dei kunne sjå fellestrekk mellom nynorsk og eiga dialekt. Vidare var det ein nokså stor spreiing i resultatet frå bokmålsinformantane, og sjølv om over halvparten svarte «ja i stor grad», var det 31 %, altså 12 informantar som ikkje kunne sjå nokre fellestrekk mellom nynorsk og eiga dialekt. Det var også 15 % som svarte at dei var usikker på dette.

Om ein vidare ser på resultatet i samanheng med kva for dialekt informantane tidlegare svarte at dei snakkar, så fekk ein eit nokså interessant funn. Til saman var det sju informantar med hallingdialekt, ni informantar med blandingsdialekt, sju informantar med austlandsdialekt og tre informantar med anna dialekt som svart «ja, i stor grad» på spørsmålet om kor vidt dei ser nokre fellestrekke mellom nynorsk og eiga dialekt. Altså var det til saman 26 av 44 informantar som ser fellestrekke mellom eigen dialekt og nynorsk.

Det interessante er at 16 av informantane med austlandsdialekt eller blandingsdialekt syns at det i stor grad er fellestrekke med nynorsk, sjølv om særsmake mange tidlegare har sagt at dei bytta målform som følgje av at det så å seie snakkar bokmål. Slik sett kan ein spørje seg om informantane har misforstått spørsmålet og sett på hallingmålet og nynorsk, eller om dei rett og slett har gjort seg opp ei ny mening rundt eige talemål og skriftspråk undervegs i spørreskjemaet.

#### ***Spørsmål: Kva skriftspråk brukar du mest utanfor skulen?***

På spørsmålet om kva for skriftspråk informantane brukar mest utanfor skulen, så måtte elevane velje mellom fire ulike kategoriar: *mest nynorsk*, *mest bokmål*, *dialekt* eller *anna*. Resultatet har eg valt å vise i heilskap, men kjem til å gå noko meir inn på informantane som har svart kategorien *dialekt*.




*Figur 5.11 Oversikt over kva skriftspråk informantane brukar mest utanfor skulen*

Som ein kan sjå er det ingen informantar som har svart at dei brukar mest nynorsk utanfor skulen, men tvert om svarar dei aller fleste at bokmål blir mest brukt. Av dei 89 % som svarte «mest bokmål», var det til saman tre nynorskinformantar. Vidare svarte 11 % at dei skriv på

dialekt, som svarar til fem informantar. Ved dette spørsmålet er ikkje dialekt spesifisert til hallingdialekt slik som tidlegare, og ein må rekne med at «dialekt» svarar til det talemålet informanten har, utan at det nødvendigvis er hallingdialekt.

#### **Spørsmål: Kor godt vil du seie at du skriv bokmål?**

Dei to neste spørsmålet vil ta for seg informantane oppleving av sin eiga skrivekyndigkeit i dei to målformene. Informantane skal her rangere kor gode dei er til å skrive den bokmål eller nynorsk frå *dårleg* til *veldig godt*. Resultatet vil bli vist med bokmålsinformantane og nynorskinformantane i kvar sitt diagram.



*Figur 5.12 Kor godt vil du seie at du skriv bokmål? Resultatet frå bokmålsinformantane til venstre og nynorskinformantane til høgre*


Om ein byrjar med bokmålsinformantane, så kan ein sjå at til saman 90 % plassera seg på anten «godt» eller «veldig godt», med 17 informantar som svarar at dei skriv godt, medan 18 meiner at dei skriv veldig godt. Ein kan også sjå at 10 %, som svarar til fire informantar, som meiner at dei skriv heilt ok. Av nynorskinformantane svarar 60 %, altså tre informantar at dei skriv bokmål godt, medan dei resterande to informantane plassera seg på «veldig godt».

Som ein har sett ved tidlegare spørsmål, har kompetansen i dei to målformene vert trekt fram som avgjerande faktor for val av målform. Eg kjem difor til å sjå nærmare på svara på kor sikker dei var i valet av målform, for å sjå om det kan vere nokon samanheng her, både på dette og det neste spørsmålet. Av dei to informantane som svarte at dei skriv bokmål «veldig godt», svara ein av dei på spørsmålet om val av målform at hen var veldig sikker, medan den andre svarte at hen var veldig usikker på valet. Ein kan slik sett ikkje sjå ein direkte samanheng mellom kompetanse i bokmål og val av nynorsk, då svara frå dei to informantane var særstakt ulike på dette punktet. Vidare har det også kome fram at kompetansen i nynorsk

gjerne har vore avgjerande faktor, medan bokmål jamt over har vore den målforma som alle føler dei kan, uavhengig av målformval og norskundervisning. Denne samanlikninga vil difor kanskje bli meir interessant under spørsmålet om kompetanse i nynorsk.

### ***Spørsmål: Kor godt vil du seie at du skriv nynorsk?***

På spørsmålet om kor godt informantane meiner at dei skriv nynorsk, kjem eg også til å gå gjennom resultatet frå bokmålsinformantane og nynorskinformantane kvar for seg. Er eg har gått gjennom resultatet slik det står i diagramma nedanfor, kjem eg også her til å filtrere vidare ut i frå kor sikre dei var på val av målform, satt i samanheng med eiga oppfatning av kompetanse i nynorsk.



*Figur 5.13 Kor godt vil du seie at du skriv nynorsk? Resultat frå bokmålsinformantar til venstre og nynorskinformantar til høgre*


Fordelinga av kompetansen nynorsk er, nesten som forventa, meir varierande enn kompetansen i bokmål, i vertfall om ein ser på resultatet frå bokmålsinformantane. Det er her ein større del bokmålsinformantar som plassera eiga kompetanse i nynorsk på nedre del av skalaen. Opp mot halvparten, altså 18 informantar, meiner at kompetanse i nynorsk er heilt ok. Vidare svara 13 %, fem informantar, at eiga kompetanse i nynorsk er litt dårlig, medan ein informant meiner at den er dårlig. Derimot er det også 13 informantar som meiner at dei skriv nynorsk «godt», og to informantar som syns dei skriv nynorsk «veldig godt».

Blant nynorskinformantane ligg kompetansen i nynorsk noko høgare ut i frå eigne meininger, med fire informantar som meiner at dei skriv «godt», medan den femte informanten meiner hen skriv «veldig godt».

Om ein ser nærmare på resultatet frå bokmålsinformantane, sett opp mot kor sikre dei var i valet av målform, kan ein sjå at til saman 17 av dei som svara «heilt ok» på dette spørsmålet, også svara at dei var sikre eller heilt sikre då dei bytta målform til nynorsk. Likevel var det 10 av dei som svara «godt», som også svara at dei var sikker då dei bytta til bokmål, noko som igjen kanskje opnar for ei anna orsak til byttet.

#### ***Spørsmål: Kva skriftspråk likar du best å skrive?***

Informantane vart også spurta om kva skriftspråk dei likar best å skrive. Eg valte her å berre ha to svaralternativ, utan noko moglegheit for å velje noko i mellom, rett og slett for at informantane skulle ta eit tydeleg val.




*Figur 5.14 Kva skriftspråk likar du best å skrive?*

Heile 98 % av informantane svara at dei likar best å skrive bokmål, medan ein av nynorskinformantane svara at hen best likar å skrive nynorsk. Som tidlegare resultat har vist så er ikkje dette resultatet spesielt overraskande, i og med at dei fleste nynorskinformantane også har sagt at dei for det meste skriv bokmål eller dialekt utanfor skulen. Derimot kan ein spørje seg kva som er grunnen til at dei fleste vel å skrive bokmål på fritida, ettersom fleire ga uttrykk for at dei skriv nynorsk nokså godt eller godt.

### ***Spørsmål: Fell det seg naturleg for deg å lese tekstar på nynorsk som på bokmål?***

Det siste spørsmålet som ser på informantenes språkbruk, spør om kor naturleg det er for dei å lese tekstar på nynorsk slik som på bokmål. Bokmålsinformantane og nynorskinformantane ga her noko ulike svar, og eg har difor valt å gå gjennom resultata frå dei to gruppene separat.



*Figur 5.15 Fell det seg naturleg for deg å lese tekstar på nynorsk? Resultat frå bokmålsinformantar til venstre og nynorskinformantar til høgre*

Spørsmålet er blant anna for å undersøkje det som ein gjerne kallar for umerka og merka tilnærming til nynorsk, rett og slett for å sjå kor vidt informantane har eit nøytralt forhold til tekstar på nynorsk, slik som ein gjerne har til tekstar på bokmål. Bokmålsinformantane var nokså delt på dette spørsmålet. 43,5 %, altså 17 informantar syns det fell seg naturleg å lese tekstar på nynorsk, medan ei anna gruppe på 43,5 % syns det er mindre naturleg enn å lese tekstar på bokmål. Det er også fem informantar som er usikre.


Blant nynorskinformantane svarar fire «ja» på spørsmålet om det fell seg like naturleg å lese tekstar som på bokmål, medan ein informant er usikker. Alt i alt vil det seie at om lag halvparten av alle informantane syns det er naturleg å lese nynorsk, medan den andre halvparten merkar seg skriftspråket ved tekstar på nynorsk, og kan slik sett oppleve nynorsk som eit «merka» språk, kor bokmål stort sett går «umerka» (Mæhlum, 2020: 197).

#### **5.2.2 Eksponering av nynorsk i samfunnet**

Kva for målform som er mest brukt i samfunnet omkring informantane, kan blant anna ha ein betydning for kor naturlig det fell seg å lese tekstar på nynorsk, og kor godt deg lærar seg skriftspråket. Vi skal no sjå på eksponering av nynorsk og bokmål blant informantane i samfunnet, for å vidare sjå på språkbruken i skulen i neste delkapittel.

### **Spørsmål: Kor godt synleg er dei to målformene i lokalsamfunnet ditt?**

Informantane vart spurt om kor godt synleg dei to målformene er i samfunnet der dei bor. Etter å ha samanlikna resultatet opp mot blant anna informantanes målform, fann eg ikkje nokon ulikskapar som eg kan sjå i samanheng med om dei har bokmål eller nynorsk. Derimot var det interessant å sjå resultatet i samanheng med kva for kommune informantane kjem frå, og eg kjem difor til å supplere med tal frå kvar kommune, medan diagrammet viser heile informantgruppa. Ein må i denne samanhengen ha i tankane at alle informantane, forutan dei frå Nesbyen, i utgangspunktet kjem frå kommunar med nynorsk som organisasjonsspråk, men at Hemsedal kommune dagen før undersøkinga bytta til bokmål etter 86 år med nynorsk.



*Figur 5.16 Kor godt synleg er dei to målformene i lokalsamfunnet ditt?*


I heilskap er det 61 %, altså 27 informantar, som oppfattar bokmål som dominerande skriftspråk i lokalsamfunnet, medan 30 %, 13 informantar, synast at nynorsk og bokmål er like synlege. På ei anna side er det fire informantar som oppfattar nynorsk som dominerande skriftspråk der dei bur, og alle dei fire informantane har bokmål som hovudmål.

Om ein ser resultatet opp mot kva for kommune dei ulike informantane tilhøyrar, ser ein at blant informantane frå Gol svarar 12 informantar, altså 75 % av informantane frå kommunen, at bokmål dominera, tre informantar syns det er like mykje bokmål og nynorsk, og ein informant synast nynorsk er mest synleg i kommunen. Blant dei fem informantane frå Hemsedal meiner to at bokmål dominerer medan dei tre andre syns at bokmål og nynorsk er like synlege. I utgangspunktet er situasjonen i både Gol og Hemsedal nokså lik i og med at særst i synast at nynorsk er dominerande skriftspråk, medan informantane i Gol har eit større fleirtal om at bokmål er det dominerande skriftspråket i kommunen.

Situasjonen i Ål er nokså lik som dei som er nemnt ovanfor, men informantane er noko meir ueinige. Blant dei til saman 19 informantane frå Ål svarar nemleg 47 %, altså ni informantar, at bokmål er det dominerande skriftspråket. Derimot meiner også åtte informantar at det er like mykje nynorsk og bokmål i lokalsamfunnet, og to meiner også at nynorsk er dominerande skriftspråk. Ut ifrå dette resultatet kan ein tenkje seg at nynorsken er noko meir synleg på Ål, men at bokmål også her er nokså synleg trass i at kommunen vann prisen for årets nynorskkommune. Vidare kan omgrepene «lokalsamfunn» tolkast ulikt, og kva for medium informantane nyttar, og kva dei tek utgangspunkt i for vurderinga av dette spørsmålet kan vere ulikt. Ein kan tenkje seg at sjølv om ein kommune nyttar nynorsk, så er informasjonen frå det kommunale gjerne berre ein liten del av det informantane ser og les, i alle fall når ein tek skriftspråket på skulen og sosiale medium til betrakting.

#### ***Spørsmål: Har du ei oppfatning av at nynorsk er likestilt med bokmål?***

I undersøkinga fekk informantane også eit spørsmål om kor vidt dei oppfattar nynorsk og bokmål som to likestilte skriftspråk. Eg går ut ifrå at informantane veit at nynorsk og bokmål i teorien er to likestilte skriftspråk, og eg synast det derimot er interessant å sjå kva for tankar dei har rundt dette i praksis. Spørsmålet er slik sett også ei oppfølging av det førre, kor dei vurderte i kva grad nynorsk er synleg i hallingdalskommunane, i eit dalføre som i utgangspunktet har lange tradisjonar med nynorsk. Dette spørsmålet går derimot ikkje på Hallingdal generelt, men er interessant for å kunne danne seg eit inntrykk av kor eksponert informantane er av nynorsk, og også korleis dei vurderer fordelinga av nynorsk og bokmål sjølv.



*Figur 5.17 Er nynorsk og bokmål to likestilte målformer?*

Godt over halvparten av informantane, til saman 29 informantar, meiner at nynorsk og bokmål ikkje er to likestilte målformer, mot fem informantar som svarar ja. Det er også ein gruppe på 10 informantar som er usikre. Ut i frå fleirtalet kan ein forstå det som at nynorsk i fleire situasjonar gjerne vert oppfatta som eit nedprioritert skriftspråk. Dette resultatet samsvarar med informantanes svar på førra spørsmål, sjølv om det berre tok for seg lokalsamfunnet.

### **5.2.3 Eksponering av nynorsk på skulen**


I dette delkapittelet kjem eg meir inn på spørsmål som har ein direkte samanheng med språkbruk i skulen, og kva for målform som vert mest brukt i undervisning, med eit spesielt fokus på norskfaget. Med den nye læreplanen i 2020 vart det vedtatt ein samla norskarakter i første og andre året på vidaregåande, og det same i 8. og 9. trinn på ungdomsskulen.

Grunngjevinga for dette var at ein skulle få eit meir samla norskfag, kor nynorsk og bokmål vart brukt om kvarandre. Det vil seie at informantane frå første og andre året følgjer denne nye læreplanen, medan informantane på tredje året framleis følgjer den gamle. Ein kan slik sett kanskje sjå noko ulikt resultat ut ifrå kva år informantane er på, og det er uansett viktig å ha i bakhovudet sidan resultatet skal vurderast. Om læreplanendringa derimot ikkje gir noko ulikt utslag på årstrinna så vil det også vere interessant, då det kan peike på om endringa faktisk har hatt noko å seie for nynorskens posisjon i norskfaget.

Tidlegare i undersøkinga delte informantane nokre tankar om undervisninga i nynorsk på både ungdomsskulen og vidaregåande, men vi skal no gå nærmare inn på språkbruk og eksponering på skulen generelt, også i andre fag.

#### ***Spørsmål: Kva skriftspråk er lærebökene dine på?***

Dei to første spørsmåla i denne delen tek for seg lærebok-situasjonen. Det er ei kjent sak at fleire nynorskelever har hatt problem med å få tak i lærebøker på si målform og at det har tatt lang tid, kor dei gjerne ender opp med å velje bøker på bokmål i staden. Desse spørsmåla er difor kanskje spesielt retta mot nynorskinformantane, rett og slett for å sjå om det er lagt til rette for at ein skal kunne halde på nynorsk som hovudmål. Det første spørsmålet spør om kva for skriftspråk dei har lærebökene på, og eg kjem til å vise resultatet frå bokmålsinformantane og nynorskinformantane i to forskjellige diagram.




*Figur 5.18 Kva skriftspråk er lærebøkene dine på? Resultatet frå bokmålsinformantane til venstre og nynorskinformantane til høgre.*

Ein kan sjå at dei aller fleste har lærebøkene sine på bokmål, og til saman er det berre to informantar kor dei fleste lærebøkene er på nynorsk. Av desse er det ein nynorskinformant og ein bokmålsinformant. Litt overraskande at det berre var ein nynorskinformant som hadde dei fleste bøkane på nynorsk, men også interessant at ein bokmålinformant svarar det same. Ein kan i så fall spørje seg om bokmålsinformanten ynskja bøker på nynorsk eller om informanten har ei oppfatning av at til dømes norskbøkene, som gjerne skal innehalde like mykje av begge målformene, har meir nynorsk enn bokmål. Ei anna moglegheit er at bokmålsinformanten misforstod spørsmålet eller trykka feil. Om ein ser tilbake på nynorskinformantane, er det interessant å sjå på neste spørsmål om kor vidt det er ein ynskja situasjon å ha dei fleste lærebøkene på nynorsk, eller om det rett og slett var utfordrande å skaffe.

#### ***Spørsmål: Korleis har det vore å få tak i lærebøker på ditt hovudmål?***

Spørsmålet om korleis det var å få tak i lærebøker på informantenes hovudmål, har to svaralternativ, kor dei anten svarar «fekk dei med ei gong» eller «det har tatt noko tid» måtte bestille».



*Figur 5.19 Korleis har det vore å få tak i lærebøker på ditt hovudmål? Resultatet frå bokmålsinformantane til venstre og nynorskinformantane til høgre.*


Om ein først ser på resultatet frå bokmålsinformantane, viser det seg at til saman to informantar der har hatt vanskar for å få tak i lærebøker på hovudmålet sitt. No har ikkje dette ein spesielt stor relevans til problemstillinga, men etter å ha sjekka trinnet til informantane, ser ein at både informantane høyrer til andre trinn. Dette er jo då gjerne eit årstrinn med mange nye lærebøker som følgje av ny læreplan, kor dei då kan fått for få bøker. Eventuelt kan dei også ha bestilt fleire bøker på nynorsk, kor det då har blitt mangel på bøker på bokmål.

Når ein ser på resultatet frå nynorskinformantane, er det også her berre ein informant som nemner at det tok tid å få bøker på eige hovudmål. Etter å undersøkt dette resultatet opp mot førre spørsmål, såg eg også at dette var ein av informantane som svarte at dei fleste lærebøkene var på bokmål. Slik sett kan det tyde på at informanten kan ha møtt på utfordringar med å skaffe seg lærebøker på hovudmålet, og slik sett ender opp med fleire bøker på bokmål.

Vidare er det derimot nesten like interessant å merke seg dei tre andre nynorskinformantane som svarar at dei har flest bøker på bokmål, men at dei heller ikkje hadde utfordringar med å skaffe seg bøker på nynorsk. Kva er då orsaka til at dei vel bøker på bokmål? Å svare på dette spørsmålet kan fort bli synsing, og eg ser heller inga andre spørsmål i undersøkinga som kan relaterast til dette for å gje eit godt svar. Derimot kan ein tenkje seg at informantane ikkje har lagt mykje vekt på kva for målform dei har når dei skal velje bok, kor dei heller har teke det som låg tilgjengeleg. Ei anna moglegheit er at dei har valt bokmål som følgje av at undervisninga ofte er på bokmål, og at dei dermed kanskje synast det er enklare å følgje undervisninga.

### ***Spørsmål: Kor godt likar du norskfaget?***

Spørsmålet om kor godt informantane likar norskfaget, vert vist i berre eit diagram, då ingen variablar av informantgrupper utgjorde nokre store skilnader.




*Figur 5.20 Kor godt likar du norskfaget?*

Ut ifrå resultatet kan ein sjå at til saman 20 informantar svarar at dei likar norskfaget dårleg, og 10 svarar at dei likar det veldig dårleg. Samstundes er det 12 informantar som likar norskfaget godt, og to som svarar at dei likar det veldig godt. Om ein derimot skal påpeike ei fordeling av informantar som skilte seg ut i dette resultatet, så var det fordelinga av kjønn. Når ein ser på svara frå dei til saman 14 gutane er det berre ein informant som svarte at han likte norskfaget godt, medan åtte gutter likar det dårleg. Dei resterande fem svarte at dei liker norskfaget veldig dårleg. Det viser altså at det er eit lite skilje på kjønn ved at det stort sett er jenter som likar norskfaget godt eller veldig godt, men også her er det 17 jenter som likar det dårleg av til saman 30 jenter.

***Spørsmål: Opplev du at nynorsk og bokmål er to likestilte målformer i norskfaget?***

På spørsmålet om dei opplever nynorsk og bokmål som to likestilte målformer i norskfaget, har eg valt å sjå på resultatet frå bokmålsinformantane og nynorskinformantane kvar for seg. Ein kan rekne med at dei kan oppleve språksituasjonen annleis ut i frå kva for hovudmål dei har, og i så fall kan det kome tydelegare fram her. Informantane skulle her svare anten «ja» eller «nei», og eventuelt «mest bokmål» eller «mest nynorsk» dersom dei meiner det er ei skeiv fordeling.



*Figur 5.21 Opplev du at nynorsk og bokmål er to likestilte målformer i norskfaget? Resultatet fra bokmålsinformantane til venstre og nynorskinformantane til høgre.*


Ut ifrå resultatet frå begge informantgruppene er det ingen som synast det er mest nynorsk i norskfaget. Vidare ser eg at kategorien «nei» er noko overflatisk og forvirrande, då alternativet ved dette tilfellet hadde vore «mest nynorsk» eller «mest bokmål» uansett.

Derimot kan ein tenkje seg at denne kategorien kan sjåast i samanheng med at det er mest bokmål, i og med at ingen har valt at det er mest nynorsk i det heile. Om ein då ser på bokmålsinformantane, vil det med dette utgangspunktet vere til saman 30 informantar som meiner at bokmål dominera i norskfaget, medan 23 %, altså ni informantar, meiner at nynorsk og bokmål er likestilte i undervisninga.

Blant nynorskinformantane vert resultatet slik sett nokså likt, kor to informantar meiner at begge målformer kjem like mykje fram, medan dei andre tre svarar «nei», eller at det vert brukt mest bokmål i norskfaget. I det heile tyder det på at det kunne vore meir nynorsk i undervisninga for at ein kunne sett ein jamn fordeling av både målformer.


#### ***Spørsmål: Kva målform vart mest brukt på ungdomsskulen du gjekk på?***

Informantane vart spurta om kva for målform som vart mest brukt ved ungdomsskulen dei gjekk på, for å blant anna kartleggje kor mykje nynorsk dei har hatt tidlegare. Som det blant anna er sett på tidelegare i undersøkinga, er det nyttig med mykje og god undervisning i nynorsk tidleg og jamt, for at elevane kan føle at dei er gode nok til å halde fram med nynorsk på vidaregåande. Alle informantane kjem frå skuler som hadde nynorsk som hovudmål, men eg vel å vise resultatet frå kor enkelt skule for å få fram og å tydeleggjere eventuelle forskjellar.




*Figur 5.21 Oversikt over kva målform som vart mest brukt ved Gol skule*

Ved Gol skule svarte 15 informantar at det vart brukt mest bokmål ved skulen, medan ein informant svarte at det var mest nynorsk. Informanten som synast det vart brukt mest nynorsk, hadde sjølv bokmål som hovudmål no.



*Figur 5.22 Oversikt over kva målform som vart mest brukt ved Hemsedal barne- og ungdomsskule*

Blant dei til saman fem informantane frå Hemsedal, svarte alle at bokmål vart mest brukt ved skulen. Av desse informantane er det som sagt to som framleis har nynorsk som hovudmål.




*Figur 5.23 Oversikt over kva målform som vart mest brukt ved Ål ungdomsskule*

Når ein no ser på resultatet frå informantane frå Ål ungdomsskule ser ein ei stor skilnad frå dei andre skulene. Av de til saman 19 informantane, svarte 17 at det vart brukt mest bokmål ved skulen, medan to syns det var brukt mest bokmål. Dette kan tyde på, som ein også har sett tendensar til tidlegare, at det er ein meir stabil nynorskkultur ved skulene i Ål. Utan å gå så mykje inn på årsakene bak og følgjene av resultatet her no, så skulle ein ut i frå dette kanskje sett at fleire enn ein informant frå Ål hadde valt å halde på nynorsken, då oppfølginga på hovudmålet har vore såpass god og stabil.

***Spørsmål: Kva målform vert mest brukt av læraren i norskundervisninga?***

Eg skal no gå gjennom eit spørsmål om bruken av nynorsk/bokmål i norskfaget på Gol vidaregåande skule, og eit om språksituasjonen i andre fag elles på skulen. På begge spørsmål måtte dei velje anten «mest nynorsk» eller «mest bokmål». Det er kjent at det skal vere nokså jamn fordeling av både nynorsk og bokmål i norskundervisninga, og ein kan tenkje seg at utfallet hadde vore annleis dersom «like mykje nynorsk og bokmål» hadde vore eit alternativ, derimot er dette gjerne ikkje reelt. Det første spørsmålet eg skal ta for meg er kva målform som vert mest brukt av læraren i norskundervisninga.




*Figur 5.24 Kva målform vert mest brukt av læraren i norskundervisninga?*

Det var til saman 73 %, altså 32 informantar, som svarte av det vart brukt mest bokmål i norskundervisninga, mot 12 informantar som meinte det vart brukt mest nynorsk. Av dei 12 informantane som har svart «mest nynorsk», kan ein ikkje sjå noko tydeleg samanheng med trinn eller programfag, då ein kunne tenkje seg at informantane hadde same lærar/lærarar.

***Spørsmål: Kva språk bruker lærarane dine i andre fag på skulen?***

På spørsmålet om kva språk lærarane for det meste bruker i andre fag på skulen, hadde dei same svaralternativ som på spørsmålet ovanfor.




*Figur 5.25 Kva språk bruker lærarane dine i andre fag på skulen?*

Informantane var einstemig einige om at det vert brukt mest bokmål i dei andre faga ved skulen, og dette trass i at skulen ligg i ein nynorskkommune. Det kan altså tyde på at det har blitt ein slags kultur for å skrive bokmål blant lærarane ved skulen, kor bokmålet har blitt ein form for normalitet.

### 5.3 Framtida som språkbrukar

*Spørsmål: Er det sannsynleg at du bytter hovudmål ein gong i framtida?*

Det siste spørsmålet i undersøkinga spurte om det var sannsynleg for informantane å bytte hovudmål ei gong i framtida. Ein kan her blant anna sjå om informantane som bytta målform for betre karakterar, ynskjer å bytte tilbake ei gong i framtida. Eventuelt også om nynorskbrukarane, som stort sett bruker bokmål på fritida, kjem til å leggje frå seg nynorsken når det er slutt på vurderingssituasjonar kor nynorsk helst vart brukt. I denne framstillinga er informantane fordelt etter målform, då det er interessant å sjå kva for skriftspråk informantane eventuelt ynskjer å velje bort.



*Figur 5.26 Er det sannsynleg at du bytter hovudmål ein gong i framtida? Resultatet frå bokmålsinformantane til venstre og nynorskinformantane til høgre*

Om ein ser på bokmålsinformantane, er det 74 %, altså 29 informantar, som svarar «nei» til moglegheita for å bytte målform i framtida. Derimot er det også 13 % som svarar ja og 13 % som svarar at dei er usikre. Det vil seie at til saman 10 av dei 39 bokmålsbrukarane er noko usikre på om dei skal halde fram med bokmål, eller at dei er opne for å bytte til nynorsk som hovudmål i framtida. Dette kan slik sett tyde på at nokon i utgangspunktet kunne tenke seg å ha nynorsk som hovudmål, men av ei orsak likevel har valt nynorsk på vidaregåande. Denne orsaka kan, som det vart nemnt tidlegare, ha ein samanheng med karakterane i hovudmål og sidemål. Ei anna orsak som kom fram tidlegare var at undervisninga stort sett gjekk føre seg på bokmål, og at det dermed kan vere utfordrande å måtte omsetje det læraren skriv til nynorsk.

Blant nynorskinformantane svarar fire at dei er usikre på om dei bytter målform i framtida, medan ein svarar at det er sannsynleg. Det betyr også at ingen av dei fem nynorskinformantane er sikre på om dei skal halde på nynorsken etter end skulegang. Kva som ligg bak dette resultata er uvisst, men det kan blant anna ha ein samanheng med at informantane stort sett ikkje bruker nynorsk utanfor skulen, og at det dermed vil ta slutt samtidig med skulegangen. Det er også ingen av nynorskinformantane som synast at nynorsk er spesielt vanskeleg, så orsaka har gjerne ei samanheng med kva dei er vandt med å skrive. Likevel svarar dei fleste at dei er usikre, og moglegheita for at dei får meir lyst til å satse på nynorsk i vidareutdanning er nok alltid ein moglegheit.

## 6. Drøfting

I dette kapittelet skal eg gå meir inn på resultata frå førre kapittel, og sjå dei i samanheng med teorien som vart lagt til grunn for oppgåva. Målet med drøftinga er å kome nærmare ein konklusjon, altså eit svar på problemstillinga: *Korfor bytter ungdom i Hallingdal som har nynorsk som hovudmål, over til bokmål?* Eg skal byrje med å ta for meg informantanes direkte svar på dette spørsmålet i undersøkinga, før eg går meir inn på kva som kan ligge bak målformbyttet. Store delar av undersøkinga har spørsmål som ser på andre moment som kan vere viktige for val av målform. Undersøkinga inneheldt spørsmål som hovudsakleg dreiar seg om tre årsaksforhold som eg difor tek som utgangspunkt for vidare drøfting av resultata: informantanes haldingar, språkbruk og eksponering. Inn under dei tre temaa vil eg også komme inn på blant anna kompetanse og undervisning/opplæring, som også har vist seg å vere ein avgjerande faktor i val av målform.

### 6.1 Argumentasjon og orsakar bak målformbyttet

Dei to informantgruppene har tatt eit nokså ulikt val, og argumentasjonen som vert lagt til grunn, er difor ganske forskjellig. Likevel såg ein i resultatdelen at dei også har fleire felles tankar om målformsituasjonen og nynorsk språkbruk. Eg kjem til å trekke ut nokre hovudtendensar hjå begge gruppene, for så å gå meir inn på kva som har ført til at dei gjorde ulike val av målform. Eg byrjar med ei lita samanfatning av grunngjevingane til bokmålsinformantane og gjer så det same med resultatet frå nynorskinformantane, før eg går meir inn på drøftingsdelen kor problemstillinga, relevant teori og resultata kjem meir saman.

#### 6.1.1 Bokmålsinformantanes grunngjeving for val av målform

Gruppa med bokmålsinformantar har gjeve svar som hovudsakleg har å gjere med *språkbruk, eksponering og kompetanse*. Det var også eit mindretal som svarte at dei bytta fordi dei ikkje likar nynorsk, at dei var lei etter å ha hatt det på ungdomsskulen eller at dei bytta fordi andre bytta.

Dei aller fleste bokmålsinformantane seier at dei bytta til bokmål fordi det er det dei skriv utanom skulen, og det er det skriftspråket som ligg nærmast talemålet deira. Det blir ikkje framstilt som eit val mot nynorsken, men eit val som vert gjort av praktiske orsakar. Ein av informantane seier det slik:

Jeg valgte bokmål fordi det er "lettere". Det er nærmere det språket de fleste ungdommer bruker i dag. Og det er det språket som blir brukt mest i media etc.

Fleire av informantane kjem med ei grunngjeving som heng saman med eigen språkbruk, der dei blant anna meiner at dei snakkar meir bokmålsnært. Det var eit mindretal av informantane som konkret nemnte at dei hyppigast brukte bokmål på fritida, medan det derimot var eit større fokus på kva som vert skrive i media og vener. Derimot er det fleire grunngjevingar på språkbruk som vert knytt til skulens praksis, som hadde samanheng med blant anna målform i undervisning og lærebøker.

Følte vi ikke hadde noe valg egentlig. Det er veldig fokus på bokmål hver norskttime, og vi har nesten aldri nynorsk.

Det kan tyde på at fleire informantar har fått eit inntrykk av at bokmål er ein normalitet i undervisninga på vidaregåande, og at lærebøker stort sett er på bokmål. Kor vidt skulen har tatt eit bevisst val om at det skal vere slik, er uvisst, men ein kan stille seg spørsmålet om situasjonen hadde vore annleis dersom skulen i større grad brukte nynorsk, og at dei var tydlegare på dette.

Ei anna grunngjeving som også hadde samanheng med skulen, var vurderinga i hovudmål og sidemål, kor det for fleire var ei forventning om betre karakterar med bokmål som hovudmål. Det var også nokre informantar som presiserte at lærarar hadde gitt dei denne informasjonen, og oppfordra til å bytte hovudmål. Utan å gå meir inn på kva som er rett og galt med vurdering i hovudmål/sidemål, er det i alle fall mykje som tyder på at det er fleire sider ved skulen og undervisninga som påverkar elevanes val av målform i Hallingdal.

Kompetanse er det siste perspektivet som vert hyppig brukt som ei grunngjeving for målformbyttet. Fleire informantar synast bokmål er enklare, noko som også er grunnen til at dei meiner dei får betre karakterar i hovudmål om dei bytter målform. Likevel blir det dermed naturleg at informantane ved å bytte til bokmål i større grad også mister det dei kunne i nynorsk, i alle fall då undervisninga i tillegg er bokmålsdominert frå før av. Det er også nokre informantar som nemnde dette som ein konsekvens av mangelfull undervisning i nynorsk på ungdomsskulen, og at dei dermed ende opp med å bytte bort nynorsken då den i stor grad var

gløymt. Eg skal kome meir inn på dette under eksponering og siste kapittel om nynorsk i framtida, men ein kan altså sjå noko tvitydigheit i svara med kompetanse, då dei gjerne ender opp med mindre kompetanse i nynorsk enn det dei i utgangspunktet hadde ved å velje det bort.

Samanlikna med både Garthus og Kleggetveit, er kompetanse ei grunngjeving for målformbyttet som er mykje brukt. Ofte ser ein også at informantane forklarar dette i samanheng med at bokmål generelt sett er mest brukt elles i kvarдagen og av andre, og slik sett også fell seg meir naturleg å skrive (Garthus 2009: 21 og Kleggetveit 2013: 69).

### **6.1.2 Nynorskinformantanes grunngjeving for val av målform**

Når det gjeld nynorskinformantane val av målform, så legg dei i stor grad orsakar som *vane* og *kompetanse* til grunn. Desse årsakene vert av nokon brukt i samanheng med kvarandre, i og med at dei gjerne vil halde på nynorsken fordi det er det dei er vand med, og at dei ynskjer å oppretthalde kompetansen i nynorsk. I samanheng med kompetanse kan ein også trekke inn eksponering. Nokre av nynorskinformantane svarte at dei valte nynorsk for å også bli meir eksponert for det, fordi dei utanom skulen for det meste bruker bokmål eller dialekt. Altså kan ein sjå at svara heng mykje saman, men eg skal for ordens skull ta for meg ein orsak av gangen.

Til saman svarar fire av dei fem informantane at dei valte nynorsk fordi det er det dei er vand med gjennom heile skulegangen, og at dei ikkje såg nokon reell grunn til å bytte. Vaneperspektivet kom også fram i resultata til Kleggetveit (Kleggetveit 2013: 64), men der var det eit mindretal av informantane som svarte dette. Eg vel å dele dette sitatet frå ein av informantane:

Gikk egentlig berre etter det e hadde før, vart liksom litt vant til å ha nynorsk. Også e d egentlig litt det samma ko man tar, begge målformer blir tatt i bruk på skola.

Ein kan på ein måte sjå vane i samanheng med identitet. Sjølv om ingen av nynorskinformantane nemner identitet spesifikt, kan ein tenkje seg at omgrepene vane også viser til ein tendens kor nynorsk har vorte ein naturleg del av skulegangen, og slik sett også vorte ein del av kvardagslivet og identiteten til informantane. I teoridelen var det ein del fokus

på nynorsk identitet og nynorsk som ein del av identiteten. I denne samanhengen kan det verke som at informantane i større grad har nynorsk som ein del av sitt eige sjølvbilete, medan det er vanskeleg å kalle det eit hjartespråk for denne informantgruppa.

Kompetanse og eksponering er vidare noko som vart nemnt av fleire nynorskinformantar. Ingen av nynorskinformantane bruker nynorsk utanfor skulen, og det kan tyde på at nokre av dei vel nynorsk fordi dei ynskjer å oppretthalde nynorsken gjennom å bli meir eksponert for skriftspråket. Ein av informantane seier det slik:

Eg har vald det i håp om at eg då blir eksponert for litt meir nynorsk slik at det vert lettare for meg å få god karakter i nynorsk og bokmål. Bokmål ser ein overalt så eg treng det vesle eg kan få av nynorsk.

I sitatet ovanfor kan ein blant anna sjå eit motsett syn på vurdering i sidemål og hovudmål. Informanten meiner at det er for lite nynorsk elles på skulen og i samfunnet, og at ein ved å velje nynorsk slik sett kan håpe på å betre kompetansen i både skriftspråk, kor ein elles kunne oppleve ei kraftigare eksponering av bokmål. Det er også ein annan informant som svarar noko av det same, som blant anna trekk fram at ein uansett val av målform må rekne med å arbeide godt for gode karakterar, anten det gjeld nynorsk eller bokmål.

Noko anna som kjem fram gjennom desse grunngjevingane med eksponering og kompetanse, er at dei saknar meir undervisning i og på nynorsk. Det kan verke som at informantane opplever ein bokmålsdominert kvardag, også på skulen, kor dei har valt nynorsk for å forhåpentlegvis klare å oppretthalde skriftspråket. Dette perspektivet på undervisning i nynorsk vert også trekt fram hjå nokre av bokmålsinformantane, og slik sett også vore ein avgjerande faktor for at dei bytta til bokmål. Ein kan difor også spørje seg kva som gjer at desse informantane, som har nokså likt utgangspunkt og haldningar til språkbruksituasjonen, endar opp med å velje ulikt hovudmål.

Nynorskinformantanes svar i denne undersøking, stemmer overeins med fleire av momenta som kom fram i undersøkinga til Garthus (Garthus 2009: 21). Blant anna viser nynorskinformantane bevisste haldningar og grunngjevingar for val av målform, og dei er stort sett einige om at dei vert betre i både målformer dersom dei heldt fram med nynorsk, enn

om dei vel bokmål som dei også ser på som enklare. Vidare kjem målformvalet fram som eit meir bevisst val blant nynorskinformantane enn hos fleire av bokmålsinformantane.

## 6.2 Kva ligg bak målformbyttet?

Det er mange og fleire moment som kan ligge bak målformbyttet. I det som følgjer kjem ei tematisk gjennomgang, kor det blant anna vil vere ei samanlikning av resultatet frå denne undersøkinga og tidlegare forsking og teori. Dei tre temaa *haldningar*, *språkbruk* og *ekspонering*, vil her bli gjennomgått i kronologisk rekjkjefølge, som vil legge grunnlaget for ein konklusjon i delkapittel 6.3.

### 6.2.1 Haldningar

Haldningar er kanskje noko av det sosiolingvistiske som er vanskelegast å kartleggje. Å undersøkje haldningar krev grundig arbeid, og kan vere vanskeleg å få fram gjennom både kvantitative og kvalitative metodar. I heilskap er det ikkje fullstendig undersøkt i denne spørjeundersøkinga, men det er likevel nokre svar frå informantane som kan peike på noko om korleis dei ser på nynorsk, som eg vil ta med i denne drøftinga.

#### *Nynorsk - verdifullt eller unødvendig?*

Tre spørsmål vart brukt for å kartleggje informantane haldningar til nynorsk:

- *Kva tenkjer du når du høyrer ordet nynorsk?*
- *Kan du sjå nokre sider ved nynorsk som er viktig og/eller verdifullt? Kva?*
- *Ser du nokre negative sider ved å bruke nynorsk?*

Med det første spørsmålet var eg først og fremst ute etter assosiasjonar og umiddelbare tankar hjå informantane, medan eg med det andre og tredje spørsmålet var ute etter positive og negative haldningar, som kunne få fram meir grunngjevande synspunkt på nynorsk.

Som ein kunne sjå i gjennomgangen av resultata (kap. 5.1.2), var assosiasjonane til nynorsk for mange forbunde med skule, norskfaget og norskfaglege termar kor blant anna «gamalnorsk», «Ivar Aasen» og «bondemål» vart nemnt. Det var også eit mindretal av informantane som nemnte hallingmålet og nynorskens tradisjon i Hallingdal, kor nokon også presiserte tradisjonen for nynorsk i Ål. Om lag åtte informantar nemnde ord som «stress» og «vanskeleg» som gjerne er negative assosiasjonar til nynorsken, men som i større grad er

kopla til omstende rundt målforma, og ikkje det nynorske språket i seg sjølv. Derimot er dette negative haldningar som kan ha ei påverknad på informantenes motivasjon til å lære nynorsk, og som er ei nokså sikker orsak bak målformbyttet.

Svara på det første spørsmålet er stort sett prega av stereotypiske haldningars til nynorsk. Det kan slik sette vere utfordrande å ta utgangspunkt i desse for å fastslå informantenes faktiske, og ikkje minst subjektive, meiningar om nynorsk. Blant anna kan dei norskfaglege termene på generelt grunnlag karakteriserast som noko både nynorskpositive og nynorskmotstandarar kunne ha sagt, då dei viser kunnskap om tema og ikkje subjektive tankar. Ein kan vidare også spørje seg om spørsmålet, slik det vart stilt, inviterer til stereotypiske førestillingar om nynorsk. Spørjeskjemaet går lite i djupna, og informantane kunne eksempelvis også blitt spurta om kor haldningane kjem frå og kva dei munnar i. Likevel viser svara på spørsmålet at stereotypiske førestillingar finst.

På det opne spørsmålet om kor vidt dei kunne sjå nokre sider ved nynorsken som er verdifulle, var det ei moglegheit for informantane å svare «nei» eller «veit ikkje». Dette var det derimot berre fire informantar som svarte. Det som vart nemnt av flest, var moglegheita for å skrive på eit språk som har likskapar med si eiga dialekt, og at han er ein viktig del av Noregs historie og/eller kulturarv. Samanlikna med førre spørsmål, var det her også fleire som nemnte nynorskens likskapar med hallingmålet, og nynorsk som ein positiv effekt for å fremje halling gjennom skrift, kor to informantar sa følgjande:

Det er annerledes frå bymål og liknar ein del på halling som kan påverke barna (med foreldre frå hallingdal som oftast) til å prate meir halling viss nynorsk hadde vært dominerande i hallingdal.

...

At det er gammelt, og ligner mest på hallingdialekta. Hadde jo vært litt trist om hallingdølen hadde blitt skrivi på bokmål.

Det er tydeleg at både bokmålsinformantar og nynorskinformantar ser på nynorsk som eit viktig identitetsmerke, og at nynorsk i utgangspunktet er positivt for Hallingdal og hallingmålet. Av nokre informantar vart det spesifisert at for dei sjølve, som verken snakkar halling eller skriv nynorsk, så hadde ikkje nynorsken noko verdi for dei, men at dei kunne sjå at han kunne vere verdifullt for andre.

Det tredje spørsmålet spurte etter negative sider ved bruk av nynorsk. Dette spørsmålet vart ikkje gjennomgått i resultatdelen då det inneheldt fleire synspunkt som allereie hadde kome fram gjennom andre spørsmål. Derimot er det nokre haldningar som kjem fram i nynorskens favør, sjølv om informantane vart spurt om negative sider, og nokre synspunkt som gjerne er objektive og kritiske til nynorsk. Også her kunne ein rekne med korte svar som «ja», «nei» og «veit ikkje», og i motsetjing til førre spørsmål, var det her heile 15 informantar som berre svarte «nei», altså at dei ikkje såg nokre negative sider til nynorsk.

Vidare kom det fram nokre kritiske blikk på nynorsken, blant anna at det for nokon kan vere vanskeleg å forstå eller utfordrande, spesielt for dei med norsk som andrespråk eller lese- og skrivevanskars. Det var også åtte informantar som var kritiske til å måtte ha to skriftspråk i skulen, og då spesielt vurdering i nynorsk. Her er to sitat som får fram det kritiske blikket på nynorsk i skulen:

Ser ikke helt vitsen med å lære det når jeg aldri bruker det utenfor skolen.

Men vil ikke si det er noe negativt i å bruke det for dem som liker å skrive det, eller for dem der det faller naturlig for å ta det i bruk

...

Det er vanskelig, det er kjedelig, og det kan være med på å dra ned snittet ditt dersom du ikke mestrer det like godt som bokmål.

Det siste sitatet inneheld moment som gjerne er kjent for fleire bokmålsbrukarar som ikkje har motivasjonen til å lære seg nynorsk. Verdt å ha i tankane er at både desse sitata kjem frå bokmålsbrukarar som tidlegare har hatt nynorsk som hovudmål. Den siste informanten bruker ord som «vanskeleg» og «kjedeleg», og utan å fastslå om dette berre har samanheng med språket i seg sjølv eller opplæringa, så kan ein tenkje seg at haldningane kunne ha vore annleis dersom ein hadde lagt til rette for meir- og variert undervisning, slik som blant anna Askeland snakkar om i *Nynorsk på nytt* (Askeland m.fl. 2020: 45ff). Meir om dette kjem i neste del kor ein kjem meir inn på haldningar til nynorsk og sidemål.

### ***Haldningar til nynorsk, både som hovudmål og sidemål***

Som ein kan lese ut ifrå førre avsnitt, verkar det som at det blant informantane i denne undersøkinga var nokså få som hadde negative haldningar som var direkte knytt til det nynorske skriftspråket. Om ein vidare ser på resultatet frå spørsmålet om kva for tankar informantane hadde til sidemål i skulen, kom det fram nokre negative assosiasjonar til målforma som gjerne handla om omstende rundt språket, slik som vurdering i skulen.

Nynorskinformantane var einstemig positive til sidemål, og meinte det var nyttig for både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar å lære seg både målformer, men at nynorskundervisninga ofte er nedprioritert.

Ein ser derimot eit nokså stort skilje i svara frå bokmålsinformantanes når ein spurte om assosiasjonar til nynorsk versus tankar om sidemål. Dei fleste bokmålsinformantane delte synspunktet til nynorskinformantane om at det er greitt med sidemål, og at dei vil lære begge målformene, mens andre derimot meinte at sidemål var unødvendig. Svara knytt til spørsmålet om sidemålet viste også at fleire hadde negative haldningar til nynorsk enn det dei tidlegare hadde antyda. I denne samanhengen var det fleire informantar som synast det er unødvendig med to skriftspråk, og at det er dumt å bruke tid på å lære to målformer. For fleire av informantane var dette haldningar som ikkje kom fram elles i undersøkinga, og som kan tyde på at dei negative haldningane til nynorsk i stor grad er forbundet med sidemålet, og det som følgjer med det av vurdering og opplæring.

Ein kan altså sjå hakket meir negativitet knytt til sidemålet frå nokre av bokmålsinformantane, kor fleire også svarte at dei oppfattar nynorsk som vanskeleg. Her er det eit sitat frå ein av bokmålsinformantane som set ord på akkurat dette:

Eg har valt bokmål fordi eg får bedre karakter i det. Ikkje fordi eg synes det er stygt, men fordi det kan bli vanskelegare å få god grammatikk.

Dei negative haldningane kjem altså som eit resultat av at dei synast det er vanskeleg å skrive god nynorsk, medan dei eigentleg ikkje har noko imot nynorsken i seg sjølv. Hos nokre av bokmålsinformantane, ser ein her eit resultat av det som blant andre Skjønig omtalar som «sidemålsproblematikken» (Skjønig 2011: 43). Slik som det også har vorte nemnt av fleire informantar er bokmål gjerne vorte ein normalitet i undervisninga, kor bokmålsbrukarane som regel dermed berre møter på nynorsk i samanheng med vurdering. Dette gjer at nynorsken

gjerne blir nokså periodevis, og dermed vert assosiert med vurderingssituasjonar av både elevar og lærarar, noko som heilt klart påverkar motivasjonen og innstillinga til å lære seg nynorsk.

Dersom elevar i større grad er førebudd på ei jamn fordeling av både bokmål og nynorsk i norskfaget, kan ein tenkje seg at fleire også stiller seg meir positive til nynorsk (Askeland et al, 2020: 72ff). For nokon informantar verka det også som at dei gjennom åra på ungdomsskulen ikkje følte seg gode nok i nynorsk til å halde på det som hovudmål, altså at presset på kompetansen i hovudmålet versus sidemålet vart for høgt, dersom ein valte nynorsk som hovudmål. Om elevane derimot hadde vore førebudd på meir og betre opplæring i nynorsk, kan ein tenkje seg at det også hadde opna opp for at fleire turte å satse på nynorsk som hovudmål. Det kan hende at det for nokre bokmålsbrukarar som i utgangspunktet ville lære meir nynorsk, hadde vore enklare å velje det som hovudmål dersom dei visste at dei fekk god oppfølging og opplæring av lærarane.

Nynorskinformantane, som jo har valt nynorsk som hovudmål, var positive til språket, medan dei var meir negative til nynorskens posisjon i skulen. På spørsmålet om korfor dei valte den målforma som dei gjorde, svarte den eine nynorskinformanten:

Eg har vald det i håp om at eg då blir eksponert for litt meir nynorsk slik at det vert lettare for meg å få god karakter i nynorsk og bokmål. bokmål ser ein overalt så eg treng det vesle eg kan få av nynorsk.

I utgangspunktet kan ein her sjå fleire synspunkt på omstende rundt nynorsken som er felles for både nynorsk og bokmålsinformantar. Derimot har denne nynorskinformanten eit håp om å få betre karakterar i både bokmål og nynorsk, dersom hen vel nynorsk for hovudmål, då det er tenkeleg at ein dermed vert meir eksponert for språket. Denne informanten, saman med ein anna nynorskinformant, deler ein tanke om at ein uansett val av målform må rekne med å jobbe for god grammatikk. Samstundes tenkjer dei også at ein får mykje gratis ved å velje nynorsk som hovudmål, då dei ofte endar opp med å bruke det hyppigare enn om det var sidemålet, slik som undervisningssituasjonen gjerne er i dag.

Ein kan altså forstå det som at haldningane til nynorsk og sidemål ofte heng saman med informantanes oppleveling av eigen kompetanse og meistring av språket. Haldningar og

kompetanse kan slik sett peike på nokre svar til problemstillinga, ved at det blant nokre informantar vert brukt som einaste argument for å bytte til bokmål. Derimot er det igjen andre moment som ligg bak kompetansen i nynorsk, slik som eksponering og opplæring, som igjen påverkar kor vidt informantane har følt meistring ved bruk av nynorsk. Dette kjem det meir om under delkapittel 6.2.3 om eksponering.

### **6.2.2 Informantanes språkbruk**

Noko som ofte blir undersøkt rundt nynorsk, er kor vidt det er ein samanheng mellom nynorsk og dialektbruk. Også i denne undersøkinga er informantanes oppfatning av eige talemål kartlagt, og dei vart spurta om kor vidt dei kunne sjå nokre likskapar mellom nynorsk og eiga dialekt. Det var fleire informantar som svarte at dei snakkar hallingdialekt eller ei blandingsdialekt av halling og austlandsk, likevel har dei fleste valt bokmål. Det er også nokon som på dei lukka spørsmåla svarar at dei snakkar tilnærma halling, men at bokmål ligg nærmest talemålet deira. Er det ein tydeleg samanheng mellom dialektbruk (halling) og nynorsk?

Til saman var det sju informantar som svarte at dei pratar hallingdialekt, og tre som valte alternativet «anna», som oppgjev at dei snakkar halling med andre som snakkar halling, men elles har austlandsk talemål. Om ein reknar med det tre sistnemnde informantane, var det til saman ti informantar som snakkar halling, og av desse har fire valt nynorsk som hovudmål, og dei resterande seks har valt bokmål.

Kor vidt det er ein samanheng mellom dialekt er slik sett vanskeleg å slå fast. I likskap med undersøkinga til Garthus, kan ein vertfall seie at tradisjonelt talemål ikkje er ein garanti for nynorsk, men at det heilt klart er ein samanheng mellom hallingdialekt og nynorsk (Garthus 2009: 7-8). Det er også ein større prosentdel av nynorsksinformantane som oppgjev at dei snakkar halling, heile 80 %, samanlikna med bokmålsinformantanes 8 %. Det er viktig å hugse om at desse svara er sjølvrapporterte. I det sjølvrapporterte ligg det ei oppfatning av eige talemål, og den oppfatninga kan vere både uklar og ubevisst. Likevel kan det vere opplysande for informantanes val av målform, i og med at det kan peike på informantanes tilknyting til Hallingdal, og i kva grad dei har ei kjensle av «å vere halling».

På spørsmålet om kor vidt informantane ser likskapar mellom eiga dialekt og nynorsk svarar derimot godt over halvparten, altså 26 informantar «ja, i stor grad». Her finn ein alle dei 10 informantane som tidlegare svarte at dei hovudsakleg snakkar halling, saman med ni av dei til saman 17 informantane som har ein blandingsdialekt. Det vil altså seie at store delar av informantgruppa syns det er store likskapar mellom nynorsk og eiga dialekt, men at dei likevel har bytta hovudmål til bokmål. Med tanke på problemstillinga, er det då gjerne ein annan faktor som dreg informantane bort frå nynorsken, sjølv om dei hadde eit godt utgangspunkt for å halde fram med nynorsk som hovudmål. Denne tendensen kom også fram i undersøkinga til Kleggetveit i indre Agder, kor ein såg at fleire av informantane med tradisjonell dialekt såg flest likskapar mellom talemålet og nynorsk/skriftspråk, men mange valte likevel bokmål som hovudmål. Kleggetveit sa følgjande om dette funnet: «Det er altså ein skilnad i kva som kjennest naturleg som tale, og kva som kjennest naturleg som skrift» (Kleggetveit 2013: 74).

Når ein ser på elevanes språkbruk utanfor skulen, svarar 39 at dei for det meste skriv bokmål, medan fem informantar svarar at dei skriv dialekt. Av dei fem som skriv dialekt, er det tre bokmålsinformantar og to nynorskinformantar. Dialekt er altså ikkje dominerande i skriftform, men ein kan heilt klart seie at dialektbruk i dette tilfellet har teke over for nynorsken. Dette stemmer slik sett overeins med sitatet frå Grepstad (kapittel 3.1) om språkbruk og identitetsmerke, nettopp at talen er blitt meir synleg enn skrifta, og slik sett blitt eit identitetsmerke, i større grad enn skriftspråk (Grepstad 2002: 46).

### **6.2.3 Eksponering og kompetanse**

I denne delen skal vi i større grad sjå på omgjevnadane rundt informantane. Vi skal gå meir inn på kva for påverknad språkbruk kan ha, både på og utanfor skulen. Vi skal byrje med å sjå på dei nære omgjevnadane utanfor skulen, før vi kjem meir inn på målformbruk på skulen generelt og i norskfaget.

#### ***Påverknad frå omgjevnadane***

For å sjå på kor vidt informantane vert påverka av nær omgjevnad slik som heimstad, foreldre og vene, vart dei blant anna spurta om kva for målform som var mest synleg i lokalsamfunnet og kva målform dei fleste venene har. Etter det vi tidlegare har sett av resultat frå spørsmålet om kor synleg nynorsk og bokmål er i lokalsamfunnet, svarar blant anna ingen av

nynorskinformantane at nynorsk er mest synleg i lokalsamfunnet. Det tyder slik sett på at eksponeringa av språk i lokalsamfunnet ikkje har den største påverknaden, men at ein ved val av målform heller er opptatt av kva for målform som vert brukt av vene/familie, og kor mykje dei vert eksponert for nynorsk i undervisning med tanke på kompetanse.

Ut ifrå undersøkinga til Utdanningsdirektoratet i 2014, kom det blant anna fram at nynorskelevar gjerne byter hovudmål dersom det er eit fleirtal av bokmålelevar i klassen. Samstundes seier fleire av teoriane om identitet og målformaval at ein gjerne ynskjer å vere ein del av dei sosiale omgjevnadane, og dermed vel den målforma som dei fleste har (Eiksund 2015: 137). Om ein ser på resultatet frå informantane er det derimot berre åtte informantar som svarar at det var *noko* eller *nokon* som påverka dei til å bytte hovudmål. Av desse svarar to at dei vert påverka av vene, ein at hen vert påverka av foreldre og tre som vert påverka av andre, der iblant lærarar. Det er vidare uvisst om nokre av dei vert direkte eller indirekte påverka, men av dei som har utdjupa svaret, var det to som gjennom samtale med vene hadde diskutert kor vidt det var lurast å ha bokmål eller nynorsk:

Brukte ikkje et spesifikt argument, men vi snakket om det og kom vel fram til at bokmål var absolutt det lureste å ha.

...

Det var vel fordi de fleste snakket det og det at tanken var at det ble enklere å skrive tekster osv.

Sjølv om berre åtte informantar svarte «ja» på at dei hadde vorte påverka av *noko/nokon*, er det likevel fleire som svarar at dei er påverka indirekte eller ubevisst. Dette er i likskap med haldningar *noko* vanskeleg å kartleggje, men ein kan blant anna sjå på resultatet frå spørsmåla som ser på kva målform dei fleste venene har, og om dei kjenner *nokon* som bytta målform. På begge desse spørsmåla svarte alle informantane at dei kjenner *nokon* som bytta, og dei var alle samde om at dei fleste venene hadde bokmål som hovudmål. Dette er derimot ikkje *noko* ein kan sjå på som ein avgjerande orsak til at informantane bytta målform, då eksempelvis også alle nynorskinformantane svarte ja på desse spørsmåla. Vidare er det for nokon av informantane nokså sannsynleg at det har vore ein påverkande faktor, sjølv om det ikkje er direkte og heller ikkje einstydande.

### **Målformbruk og norskfaget i skulen**

Når vi tidlegare i oppgåva såg på spørsmålet om undervisning i ungdomsskulen, såg ein at informantar frå både Gol og Hemsedal nemnde at det var ei stor overvekt av bokmål i undervisninga. Hallingdal generelt er slik sett eit område med hyppig bruk av både målformer, og slik som Garthus kom fram til i si undersøking i Valdres, kan det tyde på at Hallingdal også er eit område kor det er enklare for elevane å velje bokmål. Garthus sa følgjande om situasjonen i Valdres: «Vi ser at det er større sjanse for å gå over til bokmål dersom ein bur i ein språkdelt kommune (som Nord-Aurdal og SørAurdal).» (Garthus 2009: 25).

Ål hadde nesten eit einstemmig resultat med elevar som meinte at nynorsk var dominerande i undervisninga, medan ein i Gol og Hemsedal såg eit fleirtal kor bokmål var dominerande målform. Likevel ser ein at nesten alle informantane frå Ål har bytta til bokmål, og av nynorskinformantane er det fleire som kjem frå Gol og Hemsedal. Det kan slik sett tyde på at det burde ligge ei anna orsak til grunn for målformbyttet blant informantane frå Ål, enn at dei har hatt for dårlig eller mangefull undervisning i nynorsk, slik som informantar har opplyst om i Gol og Hemsedal. Då eg undersøkte dette spørsmålet med berre svar frå informantane frå Ål ungdomsskule, kom eg fram til følgjande fire hovudårsaker:

1. Dei var lei nynorsk og ynskja variasjon.
2. Dei pratar stort sett dialekt som har meir til felles med bokmål.
3. Bokmål er mest å sjå overalt elles, og det er det dei sjølv bruker.
4. Dei meistrar bokmål betre.

Ut ifrå figur 5.24 kunne ein sjå kva for målform informantane oppfattar som mest brukt i undervisninga ved Gol vidaregåande skule. Resultatet viste då eit stort fleirtal for at det var mest bokmål, medan nokre få meinte det var ei jamn fordeling i norskfaget. Kva er det som då gjer at bokmålet har vorte ein normalitet? Ein kan tenkje seg at lærarane har eit inntrykk av at elevane mislikar nynorsk, og at det rett og slett er underkommunisert for fleire at nynorsk eigentleg er greitt. Vidare er ein også avhengige av lærarar som føler seg trygge på å bruke nynorsk, men etter informasjon frå skulen er det fleire lærarar som eigentleg har nynorsk som hovudmål.

Sett bort ifrå det som er nemnt tidlegare, er det også sannsynleg at det ved skulen, som elles i landet, er fleire klassar med elevar som har fritak frå nynorsk. For dei fleste lærarar kan det

dermed føre til at bokmål vert ein normalitet, då ein alltid ynskjer å tilpasse undervisninga til den enkelte. Dette gjer at ein slik sett kan ende opp i ein situasjon kor ein vert ståande mellom det nye målformkravet i den nye læreplanen med eit samlande norskfag, samstundes som ein må legge til rette for å oppfylle læreplanens «Overordnet del 3.2» om tilpassa opplæring.

### 6.3 Konklusjon

For å kome med ein samanfattande og konkluderande svar på problemstillinga, skal eg no forsøke å svar på dei tre spørsmåla som eg stilte innleiingsvis, som ei form for utbrodering av problemstillinga:

1. Korleis er språkskiftesituasjonen blant elevane på vidaregåande skule i Hallingdal?
2. Kva faktorar spelar inn i elevane sine val av hovudmål på vidaregåande, og eventuelt tidlegare?
3. Har elevane eit bevisst forhold til kva for skriftspråk dei vel å skrive?

Så kva har eg funne ut? Språkskiftesituasjonen blant elevane i Hallingdal er absolutt til stades, og veldig tydeleg med talet på og fordelinga av nynorskinformantar og bokmålsinformantar. Det vart undersøkt fleire moglege faktorar, og etter gjennomgangen av resultata sit eg att med tre årsaksforhold som eg ser som avgjerande for informantanes val av målform: *kompetanse*, *undervisning* og *språkbruk*. Mot slutten vil eg også presentere ein mindre konkret faktor, som kjem i tillegg til dei tre nemnte faktorane, og som kan reknast som overordna forklaring.

Kompetansen kom fram som ein orsak for målformbyttet blant dei fleste bokmålsinformantane, kor dei oppgjev at bokmål er enklare enn nynorsk. Vidare vart kompetansen også nemnt blant nynorskinformantane som ei orsak til at dei valde å halde fram med nynorsk, med eit håp om å bli meir eksponert for skriftspråket, og dessutan halde nynorsken ved like. Dermed står ein att med kompetansen i eit vegskilje mellom bokmål og nynorsk, kor valet gjerne vert gjort på bakgrunn av kva målform du likar best, og kor det blir avgjerande for nynorsken at informantane har ein genuin interesse i skriftspråket.

Då ein kom inn på andre moglege faktorar som kunne vere aktuelle, kom det fram at mengda med nynorsk i undervisning på både ungdomsskulen og vidaregåande skule for nokon bokmålsinformantar vart avgjerande for å velje bokmål. Fleire oppgjev ei kjensle av eit press

på at ein burde ha ein viss kompetanse i nynorsk for å halde fram med det som hovudmål, blant anna med tanke på vurdering i sidemål og hovudmål. Nokon nemnde også at mangefull og nedprioritert undervisning i nynorsk gjennom ungdomsskulen har ført til at dei mista nynorsken, og at kompetansen dermed vart for låg til å halde fram med det som hovudmål på ungdomsskulen.

Eit nokså interessant funn, men ikkje overraskande, var at alle informantane for det meste skriv bokmål på fritida. Samstundes var det også nokre informantar som opplyste om at dei snakka hallingmål, eller tilnærma hallingmål. Ut ifrå spørsmåla om språkbruk sit eg att med ei oppfatning om at informantane språkbruk, både tale og skrift, ikkje direkte kan knytast til valet av målform, då det stort sett var like mange dialektbrukarar og informantar som skreiv bokmål på fritida blant både bokmålsinformantane og nynorskinformantane. Likevel oppgjev fire av fem nynorskinformantar at dei snakkar hallingdialekt, og ein kan dermed nesten sjå på dialekt som ein føresetnad for å velje nynorsk, medan det ikkje legg grunnlag for val av nynorsk for alle dialektbrukarar.

I eit område som Hallingdal med lange tradisjonar for nynorsk, og med ei tradisjonell dialekt som nynorsken til ein grad er basert på, skulle ein tru at nynorsken sto sterkare. Derimot tyder det på at nynorsken i Hallingdal som i andre område med både målformer, opplever ein bokmålsdominans. Kan ein slik sett seie at utfordringane for nynorsk i Hallingdal er dei same som ein ser i randsone for nynorsk generelt? Det er fleire tendensar som ein også kan finne i andre randsoneområde, blant anna at det er ei felles oppfatning av ein bokmålsdominans og ei meir positiv haldning til bokmål enn nynorsk. Likevel var det også nokre bokmålsinformantar som ynskja at dei hadde meir nynorsk på skulen, slik at kompetansen også hadde vore betre. Haldningane til det nynorske skriftspråket er generelt sett ganske positive blant informantane i Hallingdal, noko som gjerne ikkje er typisk for ei randsone for nynorsk.

I Valdres kom Garthus fram til at overgangen til bokmål er størst i språkdelte kommunar, og at dette heng saman med bokmålseksponeringa i desse kommunane. Om ein ser på Hallingdal som ein heilskap, som stemmer dette godt overeins med resultatet frå denne undersøkinga. Om ein derimot ser på resultatet frå informantane frå Ål, som i Hallingdal også er den mest stabile nynorskkommunen, ser ein altså flest målformbytter frå denne kommunen. I Ål sitt tilfelle tyder det dermed på at nokre andre faktorar må ligge til grunn, og desse faktorane kjem heller ikkje fram som ein tydeleg fasit frå desse informantane. Derimot kan ein tyde ei

form for det eg har valt å kalle for ein *målformbyttekultur*. Det kan verke som at informantane frå Ål, saman med andre bokmålsinformantar, har ein felles oppfatning av at dei skal følgje bokmålsdominansen som ein ser elles i samfunnet. Svara frå informantane gjev inntrykk av at kompetansen i nynorsk er nokså god, men at tanken og opplevinga av eit bokmålsdominert samfunn, og ei forventing om ein bokmålsdominans ved den vidaregåande skulen, står sterke i valet av målform. I valet av målform kan det i svara frå fleire av informantane også tyde på at nynorskinformantane gjer eit meir bevisst val enn nokon av bokmålsinformantane, der det kan tyde på at fleire av bokmålsinformantane i større grad «følgjer straumen».

## **7. Avslutning og tankar om vegen vidare**

Fram til no har eg vore innom sentrale hovudpunkt ved undersøkingas resultat, og i denne avsluttande delen skal eg sjå meir på kva som ligg i omgrepet *målformbyttekultur*. Gjennom heile undersøkinga har det vore ein underliggende tendens i svara frå fleire bokmålsinformantar, som eg no ynskjer å diskutere vidare mot slutten. Omgrepet målformbyttekultur rommar det som ser ut til å vere det mest sentrale svaret på undersøkinga. I denne samanhengen skal vi nærmare på kva som ligg bak konklusjonen og omgrepet, og etter kvart også kome inn på moglegheiter for korleis ein kan snu denne kulturen.

### **7.1 Målformbyttekultur**

Det kan verke som at elevane i Hallingdal har opparbeida seg ein målformbyttekultur, kor val av målform nesten automatisk blir bokmål. I alle fall kan det tyde på at det finst nokre faktorar i dalen, som gjer at heile 90 % av informantane i undersøkinga vel bokmål. Om ein eksempelvis ser på Ål kor over 80 % av kommunens elevar har nynorsk i grunnskulen, så er det særsmange av desse bytter målform då dei byrjar på vidaregåande, i alle fall om ein tek utgangspunktet i fordelinga av informantar i denne undersøkinga. Dette trass i at dei har vakse opp med nynorsk som (nesten) einaste opplæringsmål, slik det kom fram i resultata frå undersøkinga, kor mange også meinte å ha ei nokså god kompetanse i nynorsk. Om ein ser på informantane frå Gol og Hemsedal, var det fokus på at opplæringa i nynorsk hadde vore nedprioritert eller mangelfull, slik at dei hadde gløymt han, noko ein ikkje kunne sjå blant informantane frå Ål.

Uansett kor god kompetanse informantane oppgjev at dei har i nynorsk, så forklarar 25 av dei 39 bokmålsinformantane at dei bytta målform fordi bokmål er enklare. Det er også 13 som svarar at talemålet har fleire likskapar med bokmål. Slik sett kan ein sjå at det er eit generelt samsvar i grunngjevingane frå alle bokmålsinformantane, trass i kor gode nynorskkunnskapar dei har, eller kva for talemål dei snakkar. Det er også 31 bokmålsinformantar som var sikre eller nokså sikre på valet. Ut ifrå desse resultata kan ein skimte ei form for automatikk i valet av bokmål ved overgangen til vidaregåande skule. Dette er ein tendens som i konklusjonen vert omtala som ein målformbyttekultur. Blant bokmålsinformantane var det også 35 som svarte at dei kjente til ein eller fleire som også hadde bytta målform, noko som er ei kjent orsak til at nokon vel å bytte til bokmål, då ein gjerne ynskjer å velje det same som dei rundt seg.

Nynorskinformantane på si side stilte seg meir tvilande til val av målform, og viste tidvis meir gjennomtenkte resonnement for korfor dei tok det valet som dei gjorde. Ein såg også at både informantgruppene ved fleire tilfelle hadde dei same tankane og haldningane til nynorsk, men at dei ende opp med å resonnere seg fram til ulike løysingar. Til dømes syntest alle at bokmål var enklare, likevel valte nynorskinformantane å halde på nynorsken, med den forklaringa at dei ynskja å bli meir eksponert for nynorsk, og forhåpentlegvis betre kompetansen. Derimot er det som nemnt eit stort fatal av informantane som valte nynorsk, og det kan slik sett gjere valet av bokmål enklare, dersom ein er oppteken av å følgje fleirtalets val.

## 7.2 Kva er målformbyttekultur, og kan han endrast?

I nynorskkommunane i Hallingdal og andre randsoneområder for nynorsk, ser ein ei jamn nedgang i talet på elevar som byrjar med nynorsk som opplæringsspråk, med nokre unntak, slik som i Ål kommune. Ein ser også ei kraftig endring og ein nedgang i talet på nynorskelevar når elevane byrjar på vidaregåande skule, og nokon allereie ved overgangen til ungdomsskulen. Det er tydeleg at bokmålet er særstakt populært blant informantane, trass i at dei har vakse opp med nynorsk som hovudmål. Målformskifte har vorte meir og meir vanleg, og gjer at ei mogleg utvikling av nynorsken stoppar opp, og at ein heller får ein jamn tilbakegang. Denne tilbakegangen har gått føre seg i randsoner over lang tid, og var også synleg ved siste oversikta over nynorskelevar og bokmålselevar for skuleåret 2021/2022 (Utdanningsdirektoratet, Grunnskolens informasjonssystem, 2022). For at nynorsken ikkje skal tape ytterlegare terrenget i samfunnet, må denne trenden snu. Men er det i det heile tatt mogleg?

Som nemnt i førre kapittel, såg ein nokre tvetydige grunngjevingar frå bokmålsinformantane, blant anna at dei bytta fordi bokmål var enklare, samstundes som dei svarte at kompetansen i nynorsk var ok eller nokså god. Det verka også som at bokmålsinformantane stort sett var nokså samde om fleire av årsakene bak målformbytte, og at valet slik sett nesten verkar som å gå på automatikk.

Sjølv om mange brukte grunngjevingar som er knytt til kompetanse og eksponering, så kan ein nesten skimte at det i bakgrunnen ligg ein felles oppfatning og forståing blant ungdommen om å bytte til bokmål ved overgangen til vidaregåande skule. Nokre informantar nemnte også

spesifikt at dei hadde ein forventing om at opplæringsspråket på den vidaregåande skulen hovudsakleg er bokmål. Omgrepet målformbyttekultur vart i slutten av førre kapittel brukt som ein forklaring på denne tendensen, og omhandlar blant anna ein felles oppfatning hos ungdommen om ein bokmålsdominans, som kva vere med å påverke valet av målform. Ein av informantane sa som følgjer: «Følte vi ikke hadde noe valg egentlg. Det er veldig fokus på bokmål hver norsktide, og vi har nesten aldri nynorsk». Ein anna informant får også fram oppfatninga av kva for språk dei rundt hen bruker, sjølv om det er uvisst om informanten viser til skriftspråk eller talemål: «Jeg valte bokmål fordi det er "lettere". Det er nærmere det språket de fleste ungdommer bruker i dag.»

Med utgangspunkt i resultatet frå denne undersøkinga, ser ein at undervisning og mengdetrening i nynorsk er viktig for at ungdommen skal innehå ein god nok kompetanse i språket, slik at dei også vel det som hovudmål ved overgangen til vidaregåande skule. Sjølv om nesten alle informantane frå Ål bytta trass i ein nynynorskdominert skulekvardag, så var det informantar frå både Gol og Hemsedal som skulle ynskje at dei hadde hatt meir og betre undervisning i nynorsk, og som bytta til bokmål fordi nynorskkompetansen var for därleg.

Fagfornyelsen i 2020 førte med seg store endringar i norskfaget, både på ungdomstrinnet og i vidaregående opplæring, og kan ha stor påverknad på kor mykje nynorsk som blir å sjå i norskundervisninga framover. Elevane skal etter den nye læreplanen berre få éi vurdering i norsk skriftlege dei to første åra på ungdomsskulen og det same på vidaregåande skule, som er tenkt som ein samla karakter i både hovudmål og sidemål. Denne løysinga er meint for å skape eit meir heilskapleg norskfag med både bokmål og nynorsk, men opnar også for ei større skeivfordeling av undervisning i dei to målformene. Noko som fleire ser på som ein stor svakheit med denne løysinga, er nettopp at ein kan få ein styrkt bokmålsdominans i undervisninga fram til elevane igjen vert vurdert i både hovudmål og sidemål (Utdanningsdirektoratet, 2020). Det er meint at norsklærarar skal ta i bruk nynorsk som ein integrert del av undervisninga, og variere bruken av nynorsk slik at han ikkje berre blir brukt i samrå med vurdering og grammatikkundervisning (Askeland m.fl. 2020: 45). For at elevane skal kunne tenkje og skrive nynorsk, bør dei lære nynorsk som eit bruksspråk.

For å snu målformbyttekulturen i Hallingdal, kan ein først og fremst spørje seg om nynorsken er nok til stades på skulene. Når ein ser eit samfunn som stadig vert meir prega av bokmålsdominans og språkskifte, blir ein avhengig av at skulene går inn for å bruke nynorsk.

Det krev vilje og innsats frå fleire hald for at eit nynorskvennleg miljø skal finne stad. Når ein ser på svara frå nokre av informantane, kan det verke som at det hos nokon ligg eit ynskje om å betre kunnskapen i nynorsk, og at nokon også hadde halde fram med nynorsken dersom dei kunne forvente seg å møte på nynorsk i undervisninga på vidaregåande. Det kan sjå ut som at skulene og lærarane følgjer bokmålstrenden, og i større grad bruker bokmål i undervisninga no enn tidlegare. Kor vidt dette er ei konsekvens av tilgangen på lærarar med god nynorskkompetanse, eller ei oppfatning blant lærarane om at elevane ynskjer bokmål, er uvisst. Derimot er det sannsynleg å tenkje at skulenes språkbruk bidrar til å styrke elevanes oppfatning om at bokmål er normalen i samfunnet.

Språkskifte er ei utfordring som har vore kjend lenge, og som Mållaget også har arbeida mykje med. I arbeidsprogrammet for 2018 til 2022, har dei lagt fram nokre tiltak for å endre bokmålstrenden (Mållaget, 2018). Det er spesielt to punkt frå vidaregåande opplæring som eg ser som interessante:

- Elevane skal framleis ha eigen karakter i sidemål, både standpunkt og eksamen.
- Det skal vere eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk som hovudmål.

Det første punktet er gjerne ein reaksjon på Fagfornyinga, i og med at ein sideverknad som kan førekome, er at lærarar vel å nedprioriterer sidemålsundervisning fram til det nærmar seg vurdering i sidemål. Med denne ordninga er ein dermed avhengig av å stole på at lærarane frivillig vel å integrere nynorsken som ein naturleg del av norskfaget.

Det andre punktet kan vere med å løfte talet på nynorskelevar i vidaregåande opplæring, som eit gode til dei som vel nynorsk som hovudmål. Som ein såg i resultatet frå undersøkinga, vert vurdering i sidemål og hovudmål trekt fram av fleire som ei orsak til at dei valde å ha bokmål som hovudmål. Eit ekstrapoeng kan slik sett bidra til at fleire tør å halde fram med nynorsk, dersom dei får kompensasjon for at det kan påverke karakterane i hovudmål og sidemål. Vidare kan dette også skape misnøye i og med at det er eit særskilt gode for nynorskelevar, og dermed også kan gjere at nynorsken utmerkar seg endå meir som noko «unormalt».

Sjølv om Mållaget kjem med fleire tiltak som kan vere nyttige for å styrke nynorsken, så vil nok kulturen for målformbytte, først og fremst avhenge av kva for innsats skulene og lærarane

gjer. Nynorskens posisjon blant skuleelevane vil naturlegvis bli styrkt om det er ein normalitet for bruk av nynorsk på skulen. Dersom skulene i randsoneområder heldt fram med å bruke bokmål slik som ein ser ved nokre av skulene i Hallingdal, så kan ein rekne med at ungdommens kompetanse naturlegvis bli därlegare, samstundes som at bokmålet vil bli endå meir normalisert.

### 7.3 Sluttord

I analysen av undersøkingas resultat kom det fram fleire orsakar som kunne ligge bak målformbyttet. Dei som vart mest tydelege var nok kompetansen i dei to målformene, vurdering og eksponering. Med denne avsluttande delen har eg forsøkt å sjå korleis resultatet kan vere nyttig i vidare arbeid med å snu tilbakegangen av nynorskelevar. Eit av dei viktigaste momenta kan nok vere å normalisere nynorsken gjennom å aktivt bruke det i skule og undervisning.

Det kan vere eit mål i seg sjølv å gjere nynorsk meir synleg og tilgjengeleg for elevane, slik at nynorskelevane har enklare for å halde fram med opplæringsmålet. Dersom ein er førebudd på bokmålsdominans, både i undervisning og blant medelevar, så kan ungdommen fort få ei kjensle av å stå aleine med å oppretthalde nynorskkompetansen. Til slutt er valet av målform elevanes eigne og subjektive val, og om dei skal velje nynorsk, er ein gjerne avhengig av at dei har ei interesse for språket og eit ynskje om å halde fram med det.

## LITTERATURLISTE

- Askeland, N., Ertzeid, I., Falck-Ytter, C., & Landslaget for norskundervisning. (2020). *Nynorsk på nytt* (2. utgåve. ed., LNUs skriftserie). Bergen: Fagbokforlaget Landslaget for norskundervisning.
- Bergum, BI (15.03.2018) Nynorsk er ein minoritet i skulen, Hallingdølen  
<https://www.hallingdolen.no/nyheiter/nynorsk-er-ein-minoritet-i-skulen/> (henta 10.09.21)
- Bull, Tove (26.09.2014) Aasen, språk og identitet, Språkrådet  
[https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_1996/Spraaknytt\\_1996\\_1/aasen-sprak-og-identitet/](https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_1996/Spraaknytt_1996_1/aasen-sprak-og-identitet/) (henta 06.01.2022)
- Eiksund, H., & Fretland, J. (2015). *Nye røyster i nynorskforskinga*. Oslo: Samlaget.
- Folgerø, Tor (14.09.2021) Skulemål i Hemsedal, Hallingdølen  
<https://www.hallingdolen.no/nyheiter/skulemal-i-hemsedal-dodt-lop-mellom-nynorsk-og-bokmal/> (henta 20.01.2022)
- Garrett, P. (2010). *Attitudes to Language (Key Topics in Sociolinguistics)*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Garthus, Karen Marie Kvåle; Todal, Jon & Øzerk, Kamil (2010). Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane. Henta fra  
[http://www.nm.no/\\_filer/rapport\\_om\\_spraakskefte\\_i\\_valdres\\_og\\_sogn\\_og\\_fjordane1.pdf](http://www.nm.no/_filer/rapport_om_spraakskefte_i_valdres_og_sogn_og_fjordane1.pdf)
- Gunhildgard, Torbjørn (07.05.2019) «Jeg kan ikke finne dialekten min», Hallingdølen  
<https://www.hallingdolen.no/nyheiter/jeg-kan-ikke-finne-dialekten-min/> (henta 01.11.2021)
- Hallingdal gymnas 1965-1990 [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2007090301039](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2007090301039)
- Hårstad, S., Mæhlum, B., & Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk: Sosiolikulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet* (1. utgave. ed.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Jansson, B., & Skjøng, S. (2011). *Norsk = nynorsk og bokmål: Ei grunnbok om nynorsk i skolen*. Oslo: Samlaget.

Kleggetveit, Ingunn (2013). Eg eller jeg? Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Agder). <https://ua.brage.unit.no/uia-xmlui/bitstream/handle/11250/139407/Ingunn%20Kleggetveit%20oppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (Henta 10.12.2021)

Kleiva, T., Donali, I., Nesset, T. og Øygarden, H. (1999). *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk, og språkhaldningane på indre Austlandet*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Mæhlum, B. (2020). *Konfrontasjoner: Når språk møtes* (Revidert utgave. ed.). Oslo: Novus forlag.

Mæhlum, B., Røyneland, U., Akselberg, G., Sandøy, H., & Sandøy, Haakon. (2008). *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistikk* (2. utg. ed.). Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Mållaget (2018). Arbeidsprogram 2018-2022.

[https://www.nm.no/app/uploads/2020/02/Arbeidsprogram\\_M%C3%A5llaget.pdf](https://www.nm.no/app/uploads/2020/02/Arbeidsprogram_M%C3%A5llaget.pdf) (Henta 02.05.2022)

Skjekkeland, Martin (01.12.2021) Dialekter i Hallingdal. [https://snl.no/dialekter\\_i\\_Hallingdal](https://snl.no/dialekter_i_Hallingdal) (Henta 19.01.2022)

Søyland, Aud (2002). Typar feil i nynorsk. <https://www.sprakradet.no/upload/nyno02aso.pdf> (Henta 05.01.2022)

Språkrådet (2021). Ål er årets nynorskkommune. <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2021/al-er-arets-nynorskkommune/> (Henta 11.01.2022)

Utdanningsdirektoratet (2022). Grunnskolens informasjonssystem.

<https://gsi.udir.no/app#!/view/units/collectionset/1/collection/83/unit/1/> (Henta 21.02.2022)

Utdanningsdirektoratet (2020). Læreplan i norsk (NOR01-06).

<https://www.udir.no/lk20/nor01-06> (Henta 30.04.2022)

Utdanningsdirektoratet (2020). Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen  
<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/?lang=nob>

Venås, K. (1997). *So sea me her. Ei lita bok om hallingmålet.* (2. utg.) Ål: Boksmia.

Ål kommune (2021). Årets nynorskkommune 2021!  
<https://www.aal.kommune.no/aktuelt/arets-nynorskkommune-2021/> (henta 11.01.2022)

## SAMANDRAG

I denne mastergradsavhandlinga har eg undersøkt moglege orsakar som gjer at ungdom i Hallingdal som har hatt nynorsk som hovudmål, bytter til bokmål. Problemstillinga som er utgangspunkt for avhandlinga er: *Korfor bytter ungdom i Hallingdal som har nynorsk som hovudmål, over til bokmål?* For å undersøkje dette vart det gjennomført ei kvantitativ digital undersøking ved Gol vidaregåande skule, kor til saman 44 informantar tok del i undersøkinga. Spørjeskjemaet inneholdt til saman 51 spørsmål, både opne og lukka, og hadde slik sett også nokre kvalitative resultat. Alle informantane har eller har hatt nynorsk som hovudmål, og delar av resultatet vert presentert med bokmålsinformantane og nynorskinformantane kvar for seg.

Resultatet frå undersøkinga vert sortert og gjennomgått etter følgjande tre tema: *forholdet til språk og samfunn, språkbruk og eksponering, og framtida som språkbrukar.* Analysen av informantanes svar og argumentasjon, viser at bokmålsinformantane har lagt mest vekt på at bokmål er mest brukt elles i samfunnet, og at dei har lettare for å skrive godt bokmål enn nynorsk. Nynorskinformantane på si side oppgjev at dei i likskap med bokmålsinformantane stort sett nyttar bokmål utanfor skulen, men at dei valde nynorsk som hovudmål for å forhåpentlegvis betre kompetansen i nynorsk.

Etter kvart som resultata frå dei ulike spørsmåla vart sett i samanheng, kunne ein sjå store likskapar i svara frå bokmålsinformantane, samstundes som ein også kunne legge merke ved nokre tvitydigheiter. Fleire av informantane oppgjev at dei har nokså gode nynorskkunnskapar, samstundes som at hovudmomentet i grunngjevingane for målformbyttet gjerne er at nynorsk er for vanskeleg, eller at bokmål er enklare. For mange kan det slik sett tyde på at målformvalet nesten sjølv sagt er bokmål, sjølv om fleire av dei har hatt nynorsk i 10 år. Dei fleste informantane viser også ei felles bevisstheit om at dei fleste klassekameratane også bytter målform. Ut ifrå fleire moment som viser i retning av ein automatikk for bytte av målform, har eg kome fram til at det kan ligge til grunn ein *målformbyttekultur* blant informantane som påverkar målformvalet.

## ABSTRACT

In this master's dissertation, I have researched possible causes that cause young people in Hallingdal who have had Nynorsk as their main language to switch to Bokmål. The analysis question is: Why does young people in Hallingdal, who have Nynorsk as their main language, switch to Bokmål? To explore this, a quantitative digital survey was conducted at Gol vidaregåande skule (Gol high school) where a total of 44 informants took part in the survey. The questionnaire contained a total of 51 questions, both open and closed, and thus also had some qualitative results. All the informants have or have had Nynorsk as their main language, and parts of the results have been presented with the Bokmål informants and the Nynorsk informants left separately.

The results from the survey were sorted and reviewed according to the following three topics: the relation to language and society, language use and exposure, and the future as a language user. The analysis of the informants' answers and arguments shows that the Bokmål informants have placed most emphasis on the fact that Bokmål is most used elsewhere in society, and that they find it easier to write Bokmål than Nynorsk. The Nynorsk informants, on the other hand, stated that, like the Bokmål informants, they mostly use Bokmål outside the school, but that they chose Nynorsk as their main language to hopefully improve their competence in Nynorsk.

As the results from the various questions were seen in context, one could see great similarities in the answers from the Bokmål informants, but at the same time one could also notice some ambiguities. Several of the informants stated that they have fairly good competence in Nynorsk, but at the same time the basic principles for the change of language is often that Nynorsk is too difficult, or that Bokmål is simpler. For many, this may indicate that the choice of language is Bokmål without doubt, even though several of them have had Nynorsk for 10 years. Most informants also show a common awareness that most classmates also change language. Based on several factors that point in the direction of an automatic change of language, I have come to the conclusion that there may be a basis for *a language change culture* among the informants which influence the choice of language.

# **VEDLEGG**

## **Vedlegg 1: Spørjeskjema**

### **Kjønn**

- Jente
- Gut

### **Trinn**

- 1.
- 2.
- 3.

### **Programområde**

- Studiespesialiserande
- Drama
- Idrett
- Restaurant og matfag

### **Kva for ungdomsskule gjekk du på?**

- Geilo barne- og ungdomsskole
- Hol ungdomsskole
- Gol skule
- Hemsedal barne- og ungdomsskule
- Ål ungdomsskule
- Nes ungdomsskole
- Flå skole
- anna

### **Kor lenge har du budd i heimbygda di?**

- Heile livet
- Meir enn 10 år
- Meir enn 5 år
- Under 5 år

### **Kjem foreldra dine frå Hallingdal?**

- Ein forelder kjem frå Hallingdal
- Begge foreldre kjem frå Hallingdal
- Ingen foreldre kjem frå Hallingdal

### **Kvar i kommunen bur du?**

- I sentrum
- Litt utafor bygdesentrum
- I utkanten

**Kva slags bustadsområde bur du i?**

- På gard
- I byggjefelt
- Utanfor byggjefelt

**Kva syns du om heimkommunen din?**

- Liker den veldig godt
- Liker den godt
- Liker den dårlig
- Liker den veldig dårlig

**Er du stolt av heimstaden din?**

- Ja
- Nei

**Trur du at du kjem til å flytte ut av Hallingdal etter vidaregåande?**

- Ja
- Nei
- Kanskje

**Kva utdanning har du planar om å ta når du er ferdig med vidaregåande skule?**

- Læretid/fagbrev
- Høgskule/universitet
- Fagskule
- Inga vidare utdanning

**Ser du for deg å bu i Hallingdal i framtida?**

- Ja
- Nei
- Usikker

**Kva syns du om den lokale dialekta? (hallingmålet)**

- Liker den veldig godt
- Liker den godt
- Liker den dårlig
- Liker den veldig dårlig

**Kva dialekt snakkar du sjølv?**

- Hallingdialekt
- Blandingsdialekt
- Austlandsks

- Anna: \_\_\_\_\_

**Er det viktig for deg å halde på dialekta?**

- Ja
- Nei
- Tenkjer ikkje på det

**Er du stolt av dialekta di?**

- Ja
- Nei
- Usikker

**Opplever du at nynorsk har mykje fellestrekk ved dialekta di?**

- Ja, i stor grad
- Nei, i liten grad
- Usikker

**Kor viktig er lokale tradisjonar for deg?**

- Veldig viktig
- Litt viktig
- Lite viktig
- Ikkje viktig

**Er du oppteken av lokal kultur?**

- Ja
- Litt
- Nei
- Veit ikkje

**Kor godt likar du norskfaget?**

- Liker det veldig godt
- Liker det godt
- Liker det dårlig
- Liker det veldig dårlig

**Opplev du at bokmål og nynorsk er to likestilte språk i norskundervisninga?**

- Ja
- Nei
- Mest bokmål
- Mest nynorsk

**Kva målform vart mest brukt på ungdomsskulen du gjekk på?**

- Mest nynorsk
- Mest bokmål
- Usikker

**Kva tankar har du rundt sidemål i skulen? (anten det er bokmål eller nynorsk)**

Tekst: \_\_\_\_\_

**Kva tenkjer du når du høyrer ordet "nynorsk"?**

Tekst: \_\_\_\_\_

**Kva målform har du valt på skulen i år?**

- Bokmål
- Nynorsk

**Korfor har du valt nynorsk/bokmål i år? Grunngjev svaret ditt.**

Tekst: \_\_\_\_\_

**Om du har skifta hovudmål, kva tid gjorde du det?**

- På barneskulen
- På ungdomsskulen
- På vidaregåande skule

**Kor sikker var du i dette valet?**

- Heilt sikker
- Nokså sikker
- Litt usikker
- Veldig usikker
- Tenkte ikkje noko særleg over det

**Veit du om nokon i klassen din som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål?**

- Ja, fleire enn fem
- Ja, mellom ein og fem
- Nei
- Veit ikkje

**Blant venene dine, har dei fleste bokmål eller nynorsk?**

- Dei fleste har bokmål
- Dei fleste har nynorsk
- Nokså likt

**Var det noko eller nokon som påverka deg til å bytte hovudmål?**

- Ja
- Nei

**(Om du svarte ja på førre spørsmål) Kven påverka deg?**

- Vener
- Foreldre
- Andre familiemedlemmar
- Andre: \_\_\_\_\_
- Ingen

**(Om du svarte "ja" til at du vert påverka til å bytte) Kva argument vert brukt for å bytte hovudmål?**

Tekst: \_\_\_\_\_

**(Om du varte "ja" på at du vert påverke til å bytte) Var det andre faktorar som påverke byttet?**

Tekst: \_\_\_\_\_

**Kva for ei målform bruker du mest når du skriv på skulen?**

- Mest nynorsk
- Mest bokmål
- Dialekt
- Anna

**Kor godt vil du seie at du skriv bokmål?**

- Veldig godt
- Godt
- Heilt ok
- Litt dårleg
- Dårleg

**Kor godt vil du seie at du skriv nynorsk?**

- Veldig godt
- Godt
- Heilt ok
- Litt dårleg
- Dårleg

**(Om du har nynorsk som hovudmål) Har du fått nokre negative kommentarar på at du skriv nynorsk? Eventuelt kva?**

Tekst: \_\_\_\_\_

**Kva språk vert mest brukta i norskundervisninga?**

- Mest nynorsk
- Mest bokmål

**Kva språk brukar lærarane dine i andre fag på skulen?**

- Mest nynorsk
- Mest bokmål

**Kva skriftspråk er lærebøkene dine på?**

- Mest bokmål
- Mest nynorsk

**Korleis har det vore å få tak i lærebøker på hovudmålet ditt?**

- Det har tatt noko tid/måtte bestille
- Fekk dei med ei gong

**Kor godt synleg er dei to målformene i lokalsamfunnet ditt?**

- Nynorsk dominerer
- Bokmål dominerer
- Nynorsk og bokmål er like synlege

**Kva skriftspråk bruker du mest utanfor skulen?**

- Mest nynorsk
- Mest bokmål
- Dialekt
- Anna: \_\_\_\_\_

**Kva skriftspråk likar du best å skrive?**

- Nynorsk
- Bokmål

**Kan du sjå nokre sider ved nynorsk som er viktig og/eller verdifullt? Kva?**

Teskst: \_\_\_\_\_

**Har du ei oppfatning av at nynorsk er likestilt med bokmål?**

- Ja
- Nei
- Usikker

**Fell det seg naturleg for deg å lese tekstar på nynorsk som på bokmål?**

- Ja
- Nei
- Usikker

**Ser du nokre negative sider ved å bruke nynorsk?**

Tekst: \_\_\_\_\_

**Er det sannsynleg at du bytter hovudmål ei gong i framtida?**

- Ja
- Nei
- Usikker